


Masteroppgåve i Historie

Høyanger i endring - ein industristad si utvikling sett gjennom fotografiet



Gaute Ljotebø

Høgskulen i Bergen - Universitetet i Bergen

Vår 2008

Førord

Utgangspunktet for denne oppgåva var at eg fekk i oppdrag å vere med på og samle inn opplysingar om Høyanger Verk si fotosamling i prosjektet ”Høyanger i endring”. Den gang var eg alt i gang med å førebu ei masteroppgåve i historie om utviklinga til kulturlandskapet i Sogn sett gjennom eldre fotografi. Det tok meg ein kveld i tenkeboksen før eg bestemte meg for å satse på fotosamlinga til Høyanger Verk.

Stor takk til min hovudrettleiar John Ragnar Myking som blei med på ferda vidare, og som har vore ei viktig og stor støtte under skriveprosessen. Takk til min birettleiar Ståle Dyrvik og dei andre i seminargruppa som har komme med fleire konstruktive tips og innspel til oppgåva. Elles vil eg takke mine medstudentar på mastergradstudiet i historie ved Høgskulen i Bergen for praktisk og moralsk støtte undervegs.

Takk til alle dei som har vore involvert i prosjektet ”Høyanger i endring”. Først og fremst Helena Kjepso, Jorun Systad og Kåre Lønne som eg har hatt eit godt og konstruktivt samarbeid med heile vegen. Særskilt takk til informantar og andre bidragsytarar som har kome med informasjon om enkeltfotografi og fotosamlinga.

Takk til Elin Østevik og Arild Reppen ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane for deira velvilje med tilrettelegging av fotografi og anna arkivmateriale. Takk også til tilsette ved administrasjonen til Høyanger Verk som gav meg tilgang til og hjelpte meg å finne fram i deira arkiv.

Til sist vil eg takke familie og vener som tålmodig har hjelpt til med korrektur og andre praktiske ting. Ikkje minst gitt meg tid og plass for å fullføre dette prosjektet.

Kyrkjebø 14.05.2008

Gaute Ljotebø

Versjon 2.

Etter at oppgåva vart levert våren 2008 har eg gjort nokre mindre endringar av teksten. Dette dreier seg i all hovudsak om rettskriving.

Kyrkjebø 09.01.2009

Gaute Ljotebø

Innhald

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing..... | 5 |
| 1.1 Tema | 5 |
| 1.2 Problemstilling..... | 6 |
| 1.3 Avgrensing og framgansmåte | 7 |
| 1.4 Kjelder | 8 |
| 2. Bakgrunn og metode..... | 10 |
| 2.1 Høyanger Verk si fotosamling..... | 10 |
| 2.1.1 Innhald | 10 |
| 2.1.2 Fotografane | 12 |
| 2.2 Fotografi | 15 |
| 2.2.1 Dokumentasjon | 15 |
| 2.2.2 Påverkande faktorar – fotografiet som eit kulturelt uttrykk | 15 |
| 2.2.3 Sjanger | 18 |
| 2.2.4 Fotografiet som kjelde | 20 |
| 2.3 Biletanalyse..... | 21 |
| 2.3.1 Tilnærming | 21 |
| 2.3.2 Oversyn over biletsamlinga | 21 |
| 2.3.3 Analyse av enkelt fotografi..... | 23 |
| 2.4 Presentasjon av Høyanger | 26 |
| 2.4.1 Litteratur om Høyanger | 26 |
| 2.4.2 Avkroken som vart industristad..... | 28 |
| 2.4.3 Frå kaos til kosmos | 29 |
| 2.4.4 NACo, aktivitet og omgrepsavklaring..... | 32 |
| 3. Høyanger i endring | 34 |
| 3.1 Kva vart fotografert?..... | 34 |
| 3.1.1 Oversikt | 34 |
| 3.1.2 Fabrikanlegg | 38 |
| 3.1.3 Byanlegg | 39 |
| 3.2 Kulturlandskap i endring | 48 |
| 3.2.1 Kulturlandskap..... | 48 |
| 3.2.2 Jordbruket sitt kulturlandskap | 49 |
| 3.2.3 Industrien og tettstaden sitt kulturlandskap | 55 |
| 3.3 Kraftanlegg | 58 |
| 3.3.1 Fotografi av kraftanlegg | 58 |
| 3.3.2 Bygging av Grimsosdammen | 59 |
| 3.3.2 Grimsosdammen, reoperasjon | 62 |
| 3.3.3 Kraftstasjon I, vedlikehald..... | 64 |
| 3.3.5 Fotografane si tilnærming..... | 66 |
| 3.4 Fabrikanlegg | 68 |
| 3.4.1 Fotografi frå fabrikk..... | 68 |
| 3.4.2 Dokumentasjon av eit fabrikanlegg, Oksydfabrikk | 68 |
| 3.4.3 Byggeaktivitet, AF Serie C..... | 72 |
| 3.4.4 Arbeidsforhold, drift og arbeidarar | 76 |
| 3.5 Tettstad | 84 |
| 3.5.1 Dokumentasjon av ein tettstad i framvekst..... | 84 |
| 3.5.2 Egne Hjem, ein bydel og gate..... | 86 |
| 3.5.3 Klasseskilje og bustadforhold..... | 89 |
| 4. Verdien av fotografiet som kjelde | 93 |

| | |
|---|-----|
| 4.1 Dokumentasjonsfotografiet..... | 93 |
| 4.1.1 Fotografiet som dokumentarisk kilde | 93 |
| 4.1.2 Kulturlandskap..... | 94 |
| 4.1.3 Kulturminne..... | 95 |
| 4.1.4 Arbeidsliv | 99 |
| 4.1.5 Bustadforhold | 104 |
| 4.1.6 Dokumentasjon av industristaden Høyanger..... | 107 |
| 4.2 Kulturelt uttrykk | 108 |
| 4.2.1 Fotografiet som kulturelt uttrykk..... | 108 |
| 4.2.2 Bilettradisjonar | 108 |
| 4.2.3 Fotografen si livsverd | 110 |
| 4.2.4 Framstilling av tettstaden..... | 111 |
| 4.2.5 Harmoni eller konflikt? | 112 |
| 4.2.6 Forteljinga om Høyanger..... | 116 |
| 5. Avslutting | 118 |
| 5.1 Oppsummering | 118 |
| 5.2 Konklusjon..... | 120 |
| 6. Litteraturliste og kjelder | 123 |
| 6.1 Litteratur | 123 |
| 6.2 Kjelder | 125 |

Vedlegg:

| | |
|--------------|-------|
| Kart | 1-9 |
| Biletanalyse | 10-35 |

1. Innleiing

1.1 Tema



SFFF-1993360.129999/Kornberg

Fig. 1.1.1: "2572 18/8-49". Oversiktsbilete over Høyanger.

Industristaden Høyanger i Sogn vaks fram i løpet av relativt få år frå ei avsides jordbruksbygd til ein industristad tufta på produksjon av aluminium. Byggestart var i februar 1916, og i april same året vart dei første kjende bileta tekne i samband med anleggsarbeidet. Desse vart starten på det som etterkvart utvikla seg til å bli eit rikhaldig fotosamling. Ei samling som strekker seg frå einskilde bilete teke før industrireisinga kom og fram til dagens aktivitet. Det er Høyanger Verk som har bygd opp samlinga.¹ Mykje av biletmaterialet er katalogisert og systematisert i eit eige fotoarkiv ved verksemda.

¹ Offisielt er det Norsk Hydro som i dag driv og eig Høyanger Verk, og som dermed står som eigar av fotosamlinga. I den perioden som oppgåva omhandlar var det i hovudsak NACo (A/S Norsk Aluminium Company) som stod som eigar. Sidan Hydro ikkje var involvert i oppstaren og utviklinga i perioden som her er omhandla, og NACo har opphøyrd å eksistere som selskap, blir nemninga Høyanger Verk nytta vidare i teksten om eigaren av fotosamlinga.

Ein del av negativane i denne samlinga er i dag arkivert hos Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, seinare berre omtalt som Fylkesarkivet. Det dreier seg om lag 7500 bilete. I 2006 starta fotobevaringsprosjektet ”Høyanger i endring”. Fylkesarkivet har digitalisert bileta, og er saman med ei lokal prosjektgruppe i Høyanger i ferd med å samle inn og registrere opplysningar om fleire av dei. Resultatet av dette arbeidet blir gjort tilgjengeleg via ein database på Internett.²

Fleire av fotografia i fotosamlinga er alt godt kjende i lokalsamfunnet. Dei har vore nytta i bøker, aviser og andre publikasjonar. På staden er det to museum, Høyanger Kraftverksmuseum og Høyanger Industristadsmuseum, som begge nyttar fotografi frå samlinga som sentrale element. I tillegg er fleire av fotografia nytta som utsmykking i offentleg og private samanhengar. Slik sett kan ein hevde at fotografia er med på å danne eit inntrykk av Høyanger si historie. Fotografia er kanskje lokalt den mest brukte innfallsporten til kunnskap om fortida og til framveksten av industristaden.

Fram til no har bileta i stor grad vore nytta som illustrasjonar til skriftlege og munnlege historiske framstillingar. I nokre enkelt tilfelle er det søkt å trekke historisk informasjon ut av dei. Sett på bakgrunn av tidlegare og framtidig bruk av fotografia kan det vere på sin plass å få ei grundig vurdering av fotografia og fotosamlinga sitt innhald og verdi. Det vidare arbeidet vil i hovudsak gå ut på å vise kva informasjon ein kan trekkje ut av bileta, og kva ein kan nytte denne kunnskapen til.

1.2 Problemstilling

Utgangspunktet for det vidare arbeidet blir i hovudsak å nytte deler av fotosamlinga for å finne svar på problemstillinga: Korleis har Høyanger Verk sine fotografi som omhandlar verksemda sin eigen aktivitet fanga opp utviklinga til industristaden i perioden 1916-1958?

Hovudvekta i undersøkinga blir lagt på bileta som er knytt opp mot arbeidslivet og verksemda sin aktivitet. Det var verket som bygde opp store deler av industristaden. Kva seier bileta oss om arbeidslivet ved verksemda og om utviklinga til Høyanger? I ein slik samanheng ser ein på fotografiet som ei dokumentarisk kjelde.

² Fylkesarkivet har ein eigen søkemotor for søk etter digitaliserte bilete i deira fotoarkiv. www.fylkesarkiv.no (Sett 08.05.2008). Bileta knytt opp mot denne databasen er av redusert kvalitet. Prosjektet ”Høyanger i endring” skal etter planen avsluttast 31.12.08.

Fotografia kan også oppfattast som eit kulturelt uttrykk. Dei seier oss noko om fotografane og det samfunnet dei var ein del av. Kva var det fotografane har søkt å få fram? Kva har dei fotografert? Kva perspektiv hadde dei? Kva har påverka dei? Rett og slett bakgrunn og formål med fotograferinga.

Bileta viser og dokumenterer ulike sider ved Høyangersamfunnet. Kva seier bileta oss om personane og samfunnet dei var ein del av? Industristaden Høyanger var i perioden undersøkinga dekkar eit klassesdelt samfunn. Finn ein element av dette klasseskiljet og konflikt avspegla i fotografia?

Det er ikkje tidlegare gjort grundige undersøkingar av fotosamlinga. Difor vil ein vesentleg del av arbeidet bestå i kartlegging av innhaldet. Vidare blir det viktig å finne ut kva fotografia fortel oss i dag. Kva er det vi kan hente ut av kunnskap sett i eit fagleg historisk perspektiv. Hovudpoenget blir å foreta ei kjeldekritisk vurdering av innhaldet i fotosamling. I ein slik samanheng er det også interessant å sjå på kva som ikkje vart fotografert. Er det viktige sider av arbeidslivet og tettstadsutviklinga som ikkje er dokumentert via denne fotosamlinga? Formålet med denne delen av undersøkinga blir gjennomgåande å vurdere verdien av fotografiet som kjelde til kunnskap om fortida.

1.3 Avgrensing og framgansmåte

Mitt vidare arbeid vil i stor grad omhandle dei negativane som Fylkesarkivet har digitaliserte. Kjernen i undersøkinga er knytt opp mot deler av ein protokollført og nummerert serie som strekker seg frå 1916 til 1958. Fotografia i denne serien er relatert til industrireisinga med framvekst av kraftanlegga, fabrikk og tettstaden som det sentrale. I tillegg er andre bilete frå andre delar av fotosamlinga som omhandlar arbeidsliv og Høyanger Verk sitt virke nytta. Nærmare presentasjon av innhaldet i og om sjølve fotosamlinga kjem i kapittel ”2.1 Høyanger Verk si fotosamling.”

Teori om fotografiet nytta som kjelde til kunnskap om fortida blir presentert i kapittel ”2.2 Fotografi.” Metoden i det vidare arbeidet blir i form av biletanalysen utført på to nivå. Først statistisk med å klassifisere innhaldet ved å skilje motiva frå ein anna. Dernest ved å ta for seg eit utval som vil bli grundigare gjennomgått. Det sentrale her blir å foreta biletanalyse av

enkeltbilete. Framgangsmåten for biletanalysen blir presentert nærmare i kapittel ”2.3 Biletanalyse”.

Høyanger si utvikling som industristad er tidlegare framstilt i fleire ulike samanhengar. I kapittel ”2.4 Presentasjon av Høyanger”, vil eg vise til noko av dette. Dette er eit viktig realhistorisk bakteppe for å kunne forstå og sette seg inn i og fotosamlinga. I kapittel ”3. Høyanger i endring” vil eg gi ei oversikt over funna som biletanalysane gjev. I kapittel ”4. Verdien av fotografiet som kjelde”, blir vurdering av fotografia som dokumentariske kjelder og som eit kulturelt uttrykk det sentrale.

1.4 Kjelder

Denne oppgåva går i hovudsak ut på å ta ei kjeldekritisk vurdering av Høyanger Verk si fotosamling og fotografiet som kjelde. I tillegg må andre kjelder trekkast inn for å klargjere innhaldet i fotosamlinga og dei enkelte fotografia. Ei viktig kjelde i så måte er ein fotoprotokoll som er relatert til deler av fotosamlinga. Denne vil bli nærmare presentert saman med fotosamlinga.

Andre kjelder er også nytta for å innhente informasjon om innhaldet i bileta. Ei sentral kjelde i så måte er informantar. Det dreier seg i hovudsak om munnlege kjelder som har vesentleg kjennskap til innhaldet i dei enkelte fotografia og fotosamlinga. Dei fleste av informantane er i stor grad pensjonistar og har lokal tilknytning til Høyanger. I eit enkelt tilfelle er det nytta ein informant med spesielle fagkunnskapar av teknisk karakter. Informasjonen er vekselvis innhenta ved direkte intervju, i samtalar saman med fotografia, eller via eigne skjema gjennom prosjektet ”Høyanger i endring”. På nokre av biletanalysane er det referert til informant, i dei tilfella er det gjort noko grundigare gjennomgang av dette enkelt biletet.

For å innhente informasjon om forhold som bileta viser er tidlegare intervjuar informantar nytta. I denne omgang ein transkribert intervjuserie ”Veteranopphald på Dragsvik Fjordhotell 1.-4.9.87”. Dette er ei samling informantar som var ei sentral kjelde til utgjevinga ”Bluss. Arbeidarar og fagforeiningar ved Høyanger Verk 1916-1986” av Martin Byrkjeland (1991). I tillegg blir også nedskrivne minner frå ein person om anleggsarbeid i Høyanger innhenta av Norsk Folkemuseum, Avdeling for Arbeiderminner.

I perioden 1949-1967 kom det ut ein publikasjon ”Høyang-Nytt” som NACo, eigarane av Høyanger Verk, stod bak. Dette var i hovudsak ei intern bedriftsavis som kom ut fast fleire gonger i året for aluminiumsverket i Høyanger og søsterverksemda Nordisk i Holmestrand. Nordisk dreiv med vidareforedling av aluminium, der dei mellom anna produserte kjøkenutstyr under merkevaren ”HØYANG”. I desse utgjevinga er fleire av bileta i Høyanger Verk si fotosamling nytta. Denne kjelda kan sei oss noko bruken av fotografia i fotosamlinga. Samtidig var ”Høyang-Nytt” leiinga sitt talerøyr utover, noko som kan fortelje oss korleis dei ynskte å framstå.

Det er også nytta ein del kart. Det dreier seg utskiftingskart frå to av gardbruka på staden, samt kart over Høyanger som Høyanger Verk har nytta. Fleire av karta frå Høyanger Verk er tydlege arbeidskart som er teikna på og farglagt for hand. Fleire av karta fungerte heilt eller også delvis som reguleringskart. Karta er ei supplerande og verifiserande kjelde til det som fleire av fotografia viser, og er i denne samanheng presentert som vedlegg. Karta er avfotograferte og digitalisert. Dei har opphavleg eit anna format enn slik dei er presentert i vedlegga. Nokre av karta er også skrive på i vedlegga for å få fram stadnamn som er nytta i teksten betre. Samtidig er eit kart nytta som grunnlag for å illustrere inndelinga av Høyanger i bydelar. Karta er også med på å gi eit godt oversyn over utviklinga til Høyanger over tid.

2. Bakgrunn og metode

2.1 Høyanger Verk si fotosamling

2.1.1 Innhald

Høyanger Verk si fotosamling er i hovudsak arkivert på to stader. Ved Høyanger Verk sitt fotoarkiv og ved Fylkesarkivet.

Høyanger Verk sitt fotoarkivet

Høyanger Verk si fotosamling har sitt utgangspunkt i Høyanger Verk sitt arkiv som består av ei stor mengde fotografi som i hovudsak går frå 1916 og fram til i dagens aktivitet. Deler av dette er sett i system, men langt frå alt. I frå den perioden som eg tar for meg, 1916-1958, finn ein to ulike arkivsystem med positivar eller papirkopiar. Det første, fotoarkiv 1, har bilete frå perioden 1916-1933.³ Bileta her er daterte og nummerert frå nr. 1 og oppover, og er direkte relatert til ein fotoprotokoll. Dette arkivet er ikkje komplett, då fleire bilete manglar.

Det andre arkivet, fotoarkiv 2, er meir omfattande, i dette ligg også fotografia relatert til fotoprotokollen, og går fram til midten av 1960-talet. Dette fotoarkivet er systematisert etter område og aktivitet. Innhaldet omfattar også ein stor del andre fotoseriar og enkeltbilete. Innhaldet er i stor grad relatert til Høyanger Verk sin aktivitet. Negativar etter 1958 er systematisert i eigne system. I tillegg er det også ein stor del negativar og papirkopiar som ikkje er systematisert. Noko som gjer det vanskeleg å få full oversikt over den totale fotosamlinga når det gjeld tal og innhald.

Fotografia som er ført i fotoprotokollen er nummerert frå ein og oppover og er i stor grad kronologisk ført frå 1916 til fram til 1970. Forutan nummer er det rubrikkar for fotograf, dato og biletets tittel, samt eit felt med merknader. Kronologien er nokre stader broten, det mest vanlege er mindre avvik på dato som er stokka om. Nokre stader er det større avvik der det dukkar opp bilete frå andre årstal. Den same bileteksten samt nummerering og dato er også påført dei fleste av bileta. I nokre tilfelle er protokollen mangelfullt utfylt, for deler av 1919 og fram til og med 1924 er protokollen tydeleg ført i etterkant. I denne delen manglar det informasjon om fotograf, og delvis også nøyaktig tidspunkt når bileta var tekne. For deler av 1958 er eit større tomrom som ikkje er ført.

³ Fotoarkiv 1 og 2 er nemningar som eg i denne samanheng nyttar for å skilje desse frå kvarandre. Nemningane er ikkje nytta av Høyanger Verk sjølv.

Fylkesarkivet, digitaliserte fotografi

Det som Fylkesarkivet i hovudsak sit på er i stor grad om lag 7500 negativar frå Høyanger Verk sitt fotoarkiv som og er digitalisert. Fotografia er inndelt i ulike seriar og har ulike samlingsnummer seinare referert til som serienummer. Bileta som har fått serienummer SFFF-1993360 viser i all hovudsak Høyanger Verk sin aktivitet i Høyanger, der motiva er henta frå kraftutbygging, fabrikk og tettstaden. Bileta er i stor grad nummerert og datert og er direkte relatert til fotoprotokollen til Høyanger Verk, og vil vidare i teksten vil bli nemnd som den protokollførte serien. Innhaldet strekker seg frå 1916 og fram til 1958. Men samlinga er ikkje komplett sett i forhold til fotoprotokollen og Høyanger Verk sitt fotoarkiv. Mellom anna er det eit store hol i perioden 1917-1926.

Dei resterande digitaliserte negativane har serienummera SFFF-1992050 og SFFF-1994100, og blir vidare i teksten omtalt som ikkje protokollførte seriar eller bilete.⁴ Desse seriane er meir sprikande, ein del av materialet er overskotsmateriell frå fotografering til den protokollførte serien, der dei same motiva ofte går igjen. Nokre av dei er datert og nummerert, da ofte med identisk nummer som i den protokollførte serien, som regel med H i tillegg til nummeret. I tillegg er det ein god del bilete med motiv som direkte omhandlar verksemda sin aktivitet, som ikkje er med i den protokollførte delen.

I dei ikkje protokollførte seriane er det også eit stort tal med fotografi med motiv som omhandlar privatliv og fritid. Mellom anna er det mange med portrett og gruppebilete av personar i ulike samanhengar. Det dreier seg om bilete både frå den private sfæren og frå lags og organisasjonsliv som til dømes idrett, speidar og musikkliv samt andre fritidsaktivitetar av ulike slag frå skiturar på fjellet til badeliv på fjorden. I denne samanhengen er det også bilete tekne på turar til andre stadar. Elles er det fotografi frå 17. mai og 1. mai feiring og andre offentlege tilstellingar. I tillegg er det også ein del landskapsbilete både frå Høyanger og andre stader.

Grovt sett kan ein dele dei digitaliserte bileta inn i to deler, ein som omhandlar verksemda sin eigen aktivitet, og er i stor grad relatert til arbeidslivet. Denne kan sjåast på som Høyanger Verk sin eigen del av fotosamlinga. Den andre delen omhandlar mest fritid og familieliv, og

⁴ I samband med presentasjon av bileta er desse serienummeret nytta. I tillegg har også kvart bilete eit eige nr. dette nummeret referer seg til det digitaliserte biletet i Fylesarkivet sin database.

er i hovudsak relatert til lags- foreinings- og privatliv. Og kan sjåast på som den private delen av Høyanger Verk si fotosamling. Den protokollførte serien omhandlar i all hovudsak motiv knytt opp mot verksemd og arbeidsliv, medan dei ikkje protokollførte seriane omhandlar både arbeidsliv og privatliv. Kvar skilje mellom motiv frå dei ulike sidene er ikkje alltid like klare. Spesielt gjeld det bilete tekne i det offentlege rommet i samband med ulike offentlege og offisielle tilstellingar. Er bileta frå desse tilstellingane noko som vart fotografert etter privat initiativ, eller er det verksemda som initiert fotograferinga? Bilete tekne av kronprinsbesøk med bedriftsomvising i 1933 er ikkje protokollført, og er å finne i ein av dei ikkje protokollførte seriane. Medan kongebesøket i 1949 ligg i den protokollførte serien. Samtidig ser det ut til at nokre av bileta med motiv frå arbeidslivet i dei ikkje protokollførte seriane verkar å vere tekne med tanke på privat bruk.

I mitt vidare arbeid blir fotografia som omhandlar verksemd og arbeidsliv det sentrale, der den protokollførte serien er sjølve kjernen. Det er denne delen som er redigert og sett i system, og som kan sjåast på som den offisielle fotosamlinga til Høyanger Verk. Sjølv om undersøkinga har sin kjerne i den protokollførte serien, så vil også fleire fotografi frå dei ikkje protokollførte seriane bli nytta. I enkelttilfelle vil også bilete som ikkje er digitalisert av Fylkesarkivet bli trekt fram.

2.1.2 Fotografane

Fotografane sin posisjon og funksjon er viktig når ein skal sjå på opphavet til fotografia. I fotoprotokollen er det nemnd ein tjuetals fotografar. Nokre av desse er vanskeleg å ta ut fulle namn på, då det ofte står noko uklare initialar og delvis utydeleg skrift. I enkelte høve er også firma nemnd som fotograf. Fleire stader manglar også namn på fotografen.

Den første som står oppført som fotograf er Schjerven. Dette er høgst truleg den same ”ingeniør Scherven” som avisa Sogningen omtalar 7. mars 1916.⁵ Hans oppgåve var i følgje avisa ”å inntil vidare” leie ein arbeidsgjeng på om lag 20 arbeidarar. Fram til 1919 er det nemnd seks andre fotografar. Dei fleste av dei har truleg hatt liknande posisjonar som Schjerven, enten som ingeniørar eller som funksjonærar knytt opp til Høyanger Verk sin aktivitet.

⁵ Engesæter (1979) s, 19. Engesæter siterer her avisa Sogningen.

Men det er eit viktig unntak, i protokollen står Helgesen oppført som fotograf på alle bileta tekne i 1917. Dette er truleg fotograf Einar Helgesen, som etablerte seg med eigen fotoforretning i Bergen 1918.⁶ Han er den fotografen som har teke desidert flest registrert bilete i fotoprotokollen frå det første anlegget i Høyanger. Diverre er det berre digitalisert eit fåtal av hans bilete frå Fylkesarkivet si side i denne omgang. Likevel er hans fotografi offentleg tilgjengelege. I Høyanger Verk sitt fotoarkiv er det papirkopiar av bileta. Ved biblioteket til Høgskulen i Sogn og Fjordane har to fotoalbum med fotografi frå utbygginga i Høyanger tekne av Helgesen. Dei aller fleste av desse er nummerert og kan direkte relaterast til fotoprotokollen. Helgesen fotograferte også under utbygginga i Ålvik i Hardanger.⁷ Han kan på det tidspunktet fotografia vart tekne karakteriserast som ein profesjonell fotograf. Ein fotograf som verksemda truleg leigde inn for å dokumentere framveksten til den nye industristaden.



SFFF-1994100.136677

Fig. 2.3.1: Eugen Nordahl-Olsen senior nr. 2 frå venstre.

Den som har stått for dei aller fleste bileta i følge fotoprotokollen er Eugen Nordahl-Olsen senior. Han kom til Høyanger i 1919, der han jobba som teknisk teiknar ved teiknekontoret til Høyanger Verk fram til han døyde i 1956.⁸ Han busette seg på staden med familien. Dei første fotografia frå hans hand som er ført i fotoprotokollen er frå juni 1919. I åra 1920 til 1924 er det ikkje nemnd fotograf i fotoprotokollen, men mykje kan tyde på at Nordahl-Olsen senior står bak dei fleste fotografia også i denne perioden også. I frå 1925 og fram til slutten på 1940-talet er det han som er oppført som fotograf på den store mengda av bileta. Difor kan ein langt på veg hevde at Nordahl-Olsen senior var hovudfotograf ved NACo i perioden 1919-1949. Nordahl-

⁶ <http://www.nb.no/nmff/fotograf.php> (Lest 08.05.2008)

⁷ Helgesen (1917) Fotoalbum.

⁸ Høyang-Nytt (1956) nr. 29 s, 89

Olsen senior står høgst truleg også bak dei aller fleste bileta frå den private delen av fotosamlinga.

Frå 1950 var det sonen Eugen Nordahl-Olsen junior som overtok rolla som hovudfotograf. Han var tilsett som teikningsarkivar ved same kontoret som faren. Dei hadde mørkerom med utstyr for framkalling på arbeidsplassen. Det var også desse to som i hovudsak også hadde ansvaret for føring av fotoprotokollen og nummerering av bileta.⁹ Far og son Nordahl-Olsen var i perioden 1919-1958 hovudfotografar i kvar sine epokar for den protokollførte serien, fotograferinga var ein slags familiegeskjeft innafor verksemda sine rammer.

Andre fotografar har også medverka som fotografar til fotosamlinga. Spesielt kan nemnast at det i samband med kraftutbyggingane i stor grad er oppført andre fotografar i fotoprotokollen. Under anleggsarbeidet på fjellet på 1950-talet og i enkelte andre samanhengar vart mellom anna Anders Fimreite nytta som fotograf. Fimreite var tilsett som funksjonær ved Høyanger Verk, og var ein ivrig hobbyfotograf som var med i fotokonkurransar som var arrangert av bedriftsavisa Høyang-Nytt.¹⁰ I enkelte tilfelle var det også leigd inn fotografar eksternt. Mellom anna er det ein eigen fotograf under kongebesøket i 1949, Egil Martinsen. Ein serie med oversiktbilete frå Høyanger same året er tekne av den lokale fotografen Lars Kornberg.

⁹ Intervju med Sverre Aven 23.08.07. I Høyang-Nytt (1955) nr. 26 er det ein reportasje frå far og son Nordahl-Olsen sin arbeidsplass ved teiknekontoret.

¹⁰ Høyang-Nytt (1953) nr. 18 s, 225

2.2 Fotografi

2.2.1 Dokumentasjon

Fotografiet er eit direkte medium som kjemisk avbildar ein kopi av ein situasjon eller ei hending – som eit slags kikhol inn i fortida.¹¹ Bilete frå fortida blir ofte nytta som illustrasjonar til litteratur, eller for å underbygge andre kjelder. Eit argument i bruken av bilete er at dei levandegjer stoffet. Ved å nytte fotografiet som innfallsport kan vi danne oss eit inntrykk av korleis tilhøva var på eit gitt tidspunkt.

Tradisjonelt har fotografiet sin status som kjelde vore verifiserande, utfyllande eller av kontrollerande karakter – som ei dokumentarisk kjelde. Der ein gjerne spør etter er innhaldet i biletet, der detaljar ein finn blir nytta. Fotografiet står fram som ei tilsynelatande spontan og autentisk kjelde, da gjerne sett i forhold til skriftlege og munnlege kjelder som er filtrert eller omarbeid av minne og formuleringsevne.¹² I ein slik samanhengen blir fotografiet ofte sett på som eit mekanisk avtrykk av røyndomen.

2.2.2 Påverkande faktorar – fotografiet som eit kulturelt uttrykk

Fotografiet er ein teknisk framstilt biletype som ein skulle tru gav oss eit sannferdig inntrykk, der naturen sjølv avbildar. Biletet lagar seg ikkje sjølv, det er nokon som trykker på utløysaren, det er nokon som skapar det. Kva rolle spelar fotografen og kva påverkar han? Er dette representativt for samtida? Skal fotografiet nyttast som kjelde må ein også sjå kritisk på desse tilhøva. Bruken og motiva bak fotograferinga blir sentrale punkt. Fotografiet er ikkje berre ei dokumentarisk kjelde, det er også eit kulturelt uttrykk, eit menneskeskapt uttrykk som blir til med føringar frå den tid og samfunn det blei laga i.

Tek ein utgangspunkt i opphavet til fotografiet så blir det påverka av ulike faktorar som er avgjerande for resultatet. Fotohistorikaren Roger Erlandsen trekker fram nokre slike; teknikk, fotograf, motiv, biletradisjonar og funksjon i samfunn.¹³ Med teknikk snakkar ein først og fremst om fotografisk teknologi og utviklinga av den. Frå oppfinninga vart patentert i 1839 av franskmannen Louis-Jacques Mandé Daguerre og fram til våre dagar har fotografiet vore gjennom ei rivande teknisk utvikling som har gått stegvis.

¹¹ Reiakvam (1997) Reiakvam nyttar metaforen kikhol om fotografiet nytta som dokumentarisk kjelde.

¹² Reiakvam (1997) s, 24-25

¹³ Erlandsen (2000) s, 298.

Fram mot midten av 1900-talet har teknologien i stor grad vore bestemmande for fotografiet si utvikling, der teknologien har sett grenser for kva ein kunne fotografere.¹⁴ Eit døme på dette er at ein i den første tida med fotografering hadde behov for lang eksponeringstid, noko som var til hinder om ein skulle ta bilete av ting i rørsle. Personar som vart avbilda måtte halde seg heilt i ro, noko som var medverkande til dei noko stivna utrykka ein ofte finn på eldre bilete. Den første tida var fotograferinga i stor grad utført av profesjonelle fotografar og andre med spesielle interesser for dette. Å fotografere kravde mykje og til dels kostbart utstyr, som sette klare avgrensingar for aktiviteten.

Når ein kjem fram til mellomkrigstida har teknologien blitt såpass utvikla og alminneleggjort at det ikkje lenger er snakk om ein aktivitet for spesielle grupper. No kjem også amatør fotografane for fult som viktige aktørar. I denne tida kom det på marknaden kamera med ein pris tilsvarende ei dagløn for ein industriarbeidar. Det vart billegare å ta bilete, kvaliteten vart betra. Grensa mellom dei seriøse amatør fotografar og dei profesjonelle fotografane vart viska ut, rundt 1950 nytta dei stort sett det same utstyret.¹⁵

Problema med lang eksponeringstid var løyst, moglegheitene for å ta augeblikksbilete eller ”*snap shots*” er større. Likevel er det framleis tekniske utfordringar. Fotografering i dårleg lys krev framleis lang eksponeringstid. I slike høve kan ein nytte blitz eller andre former for kunstige lyskjelder. Eller ein må konstruere motivet eller vente på til det blir tilstrekkeleg med lys. Sjølv om teknologien har betra seg må fotografen framleis ta omsyn til dei moglegheitene og avgrensingane som omgivnadane gir.

Fotografen er den viktigaste faktoren og aktøren i skapinga av eit bilete. Det er han som bestemmer kva det skal takast bilete av, og som til sjuande og sist trykker på utløysaren. Fotografen er ikkje berre styrt av teknologien. Ein anna viktig faktor er biletradisjonar. Fotografen er styrt i sine val av motiv og framstilling av korleis andre fotografar hadde gjort det før han, der han utføre sitt virke i tråd med dei gjeldane biletradisjonane for samtida.

¹⁴ Erlandsen (2000) s, 298-299

¹⁵ Erlandsen (1993) s, 72-73

Konvensjonar er eit vanleg uttrykk som blir nytta i samband med fotografering, og har mykje med biletradisjonar å gjere.¹⁶ Biletikonvensjonane set rammer for korleis ein skal komponere eit bilete, for kva ein kan avbilde og korleis personar som blir avbilda skal oppføre seg. Ein må vise nødvendig respekt for motivet. Dermed kjem ein inn på det eller dei som blir avbilda, t.d vil personar som blir motiv følgjer skikk og bruk ved fotografering. Dei som blir avfotografert har i utgangspunktet eit ynskje om å stå fram på ein mest mogeleg presentabel måte, vise verdigheit og status. Tanken på at ein blir foreviga via eit bilete framprovoserar i særleg grad tanken *"kva inntrykk gjer eg no"*. Det som skjer er at folk endrar åtferd i det dei blir observert, i denne samanheng via eit kamera.¹⁷ Tidlegare er teknologien nemnt som ein viktig årsak til stive og standardiserte uttrykka ein finn i ansikta på eldre fotografi, dette har også med biletradisjonar og konvensjonar å gjere.

Ein profesjonell fotograf har kundar som har sine førestillingar om korleis resultatet vil bli, ein forventar gjerne at bileta skal sjå ut som andre fotografi.¹⁸ Fotografen blir i sine val styrt av forventningar utanfrå, frå indre førestillingar om korleis eit godt bilete skal sjå ut, ein tek bilete slik ein er opplært til. Samtidig som han må ta omsyn til å framheve motiva på ein fordelaktig måte. Dei fleste amatørfotografane følgjer langt på veg også dei vanlege konvensjonane ved fotografering.¹⁹ Der det er bilete som dei har sett og tradisjonar frå dei profesjonelle fotografane som er førebilete for dei i deira gjerning. Ved fotografering søker ein å følgje gjeldande samfunnsnormene for slik aktivitet.

Fotografia har også eit bruksområde i samfunnet, det må vere eit formål med fotograferinga. Behovet for biletet, funksjonen det skal fylle, vil påverke både val av motiv og fotografen sitt syn på dette.²⁰ Ser ein først på ein profesjonell fotograf så produserer han til kundar for sal eller på bestilling frå desse. Kunden har forventningar til korleis eit bilete skal sjå ut fordi han skal nytte det til noko konkret, det skal fylle eit behov. Lenge var det ei klar arbeidsfordeling mellom dei profesjonelle fotografane og amatørane. Dei profesjonelle tok seg av dei offisielle og høgtidelege høve, medan amatørane tok seg av det meir daglegdagse, som ferieturar og

¹⁶ Konvensjonar kan forklarast som vedtekne og alminnelige godkjente retningslinjer som ein lærer å kjenne etter kvart som ein blir sosialisert inn i samfunnet. (Tobiassen (1995) s. 84) Kort forklart dreiar biletikonvensjonar seg om skikk og bruk ved fotografering.

¹⁷ Erlandsen (1988) s, 65.

¹⁸ Tobiassen (1995) s, 89

¹⁹ Tobiassen (1995) s, 30

²⁰ Erlandsen (2000) s, 298

ved uformelle høve.²¹ Dei fleste amatørane tok bilete for å sikre personlege minner tekne i familie og venesamanhengar. Der bruken i ettertid får eit nostalgisk preg der ein minnst dei gode gamle dagane.²² Fotografiet brukt i slike samanhengar kan gjerne karakteriserast som eit erindringsverktøy om fortida.

Fotografen sitt virke blir styrt av livsverda han er ein del av. Hans eller hennar posisjon og plass i samfunnet påverkar kva bilete som blir tekne og nytta. Fotografens sin livsverd er dermed ein viktig føresetnad for resultatet av fotograferinga. I ei verd der han skal tilfredstille bestemte ynskjer og behov.²³ Eit bilete blir ikkje til i eit vakuum, verda rundt, tradisjonar og fotografen sin bakgrunn spelar inn og gir klare føringar for resultatet.

Etnologen Oddlaug Reiakvam hevdar at det er fotografen sin synsmåte og kulturbetinga val mellom alternativ på eine sida og ”oppdragsgivaren” på andre sida, er det som til slutt bestemmer kva motiv og korleis biletet til slutt blir.²⁴ Difor kan ein ikkje direkte kalle dette for eit kikhol inn i fortida. Det er fotografen som bestemmer kva han skal fotografere, og dermed innhaldet. Det blir eit manipulert inntrykk av røyndomen. Dette gjeld spesielt om det er personar som blir avfotografert. Dei ynskjer å framstå på ein best mogleg måte. Ofte er det fotografen som stiller dei opp etter eit visst mønster, fotografen regisserer biletet. Når det gjeld bygningar, landskap og tekniske innretningar, så er moglegheitene til slik manipulering mindre tilstades. Det er problematisk å flytte på maskiner og hus. Men fotografen bestemmer kva han vil ha med, kva utsnitt som skal fotograferast. Med dette utgangspunktet vel han også bort noko. I tillegg til å dokumentere eit utsnitt blir fotografiet også eit kulturelt uttrykk som avspeglar fotografen og hans oppdragsgivarar sin livsverden.

2.2.3 Sjanger

Fotografering har over tid teke mange retningar og har stadig fått fleire funksjonar eller bruksområde om ein vil. Desse ulike retningane blir gjerne omtalt som sjangrar. Nemningar på sjangrar som ofte blir nytta er portrett-, landskaps-, dokumentarisk-, reportasje-, familie- og kunstfotografi. Dette kan ein sjå på som hovudsjangrar, som igjen ofte blir oppdelt i undergrupper alt etter funksjonsområde.

²¹ Tobiassen (1995) s, 39

²² Tobiassen (1995) s, 107

²³ Erlandsen (2000) s, 301

²⁴ Reiakvam (1997) s, 28

Ser ein på den totale fotosamlinga ved Høyanger Verk er der bilete innafor alle dei nemnde hovudsjangrane. Går ein til den digitaliserte delen av samlinga som undersøkinga omhandlar, er den dokumentariske sjangeren dominerande. Å bruke fotografiet for å dokumentere ulike tilhøve vart tidleg teke i bruk i fotografiet si historie. Men det var ikkje før i siste del av 1800-talet, når fototeknikken vart meir brukarvenleg, at det fekk eit større omfang. Kameraet var rekna som eit nøyaktig og påliteleg hjelpemiddel i mellom anna vitenskaplege samanhengar når funna skulle dokumenterast og katalogiserast. Fotografiet vart nytta som eit forskingsreiskap og pedagogisk hjelpemiddel.²⁵

Ikkje berre innafor vitenskapen var fotografiet aktivt nytta til dokumentasjon, det tok også for seg andre sider ved samfunnsutviklinga. Frå omlag 1880 og fram mot første verdskrigen tok det moderne industrisamfunnet form, med industrialisering og urbanisering som sentrale stikkord. Denne epoken vart dokumentert av fotografane i ulike dokumentariske sjangrar.²⁶ Ei retning var at statlege og kommunale instansar tok til å nytte fotografiet til å dokumentere utviklinga i samband med anleggsarbeid mot slutten av 1800-talet. Også private føretak nytta fotografiet til å dokumentere sin eigen aktivitet. Blant anna så vart kraftutbygginga i Tyssedal i åra 1906-1918 grundig dokumentert av ein av ingeniørane på anlegget. Det hadde i tiåra rundt 1900 både i private og offentlege regi utvikla seg ein praktisk fotografisk kultur, spesielt i samband med anleggsverksdemd.²⁷ Desse fotografia gir oss eit innblikk i korleis moderniseringsprosessen skreid fram sett frå ein teknologisk ståstad.

Sjølv om bileta frå Høyanger Verk i hovudsak strekker seg frå 1916 og frametter, så er det denne praktisk fotografiske kulturen grunnlaget for mykje av fotograferinga på staden. Eit vesentleg poeng er at det var først no det moderne industrisamfunnet kom til Høyanger og tok form. Denne forminga kan ein følge gjennom fotografia. Dette er ein dokumentarisk fotosjanger som kan karakteriseras som teknisk dokumentasjon, der bileta var ein del av den faglege dokumentasjonen for verksemda. For Høyanger sin del omfattar den både anleggs- og driftsrelaterte aktivitet. Dette er bilete som venteleg dokumenterer viktige sider frå arbeidslivet. Samtidig som dei også gir eit viktige bidrag til dokumentasjon utviklinga av tettstaden og lokalsamfunnet.

²⁵ Larsen (2007) s, 161-162

²⁶ Larsen (2007) s, 162

²⁷ Larsen (2007) s, 163-165

I den delen som denne undersøkinga dekker finn ein også bilete som kan relaterast til andre sjangrar som portrett, landskap og reportasje. Kvar grensene mellom dei ulike sjangrane går er ikkje alltid like enkelt å fastslå. Eit enkelt bilete kan ved fleire høve relaterast til fleire område. Utgangspunktet for å fastslå sjanger blir å sjå på det opphavlege bruksområdet, kva som var motivet bak å ta biletet.

2.2.4 Fotografiet som kjelde

I arbeidet med å kartlegge, analyser og tolke Høyanger Verk si fotosamling må ein ta i bruk både det dokumentariske og kulturelle perspektivet. Fotografia er eit dokumentert avtrykk frå fortida, men samtidig også eit kulturelt uttrykk regissert av fotografar. I ein slik samanheng kan ein sjå på fotografiet som både ein levning som fortel noko om fotografane og deira livsverd, og som ei beretning som gir oss viktig dokumentasjonar om den tids forhold. Fotografiet fungerer som medelande beretningar som vi kan nytte som direkte kjelde, ei direkte kjelde som er påverka av det kulturelle uttrykket.

Innhaldet i fotosamlinga til Høyanger Verk har blitt påverka av bilettradisjonar og konvensjonar frå dei ulike sjangrane. Funksjonen til bileta og fototeknologi har også endra seg i perioden som samlinga har blitt til. Dette er moment ein må ta omsyn til når ein nyttar fotografiet som kjelde. Eit anna vesentleg poeng ein må vere observant på er at bileta kan vere retusjert eller teknisk manipulert på anna vis. Spesielt med omsyn til dei moglegheitene dette gir ved digitalisering og moderne biletmanipulering ved bruk av data.

2.3 Biletanalyse

2.3.1 Tilnærming

Målet med oppgåva er å finne ut korleis ein del av ei større fotosamling har fanga opp utviklinga til ein industritettstad og verksemda på staden. Då må ein sjå på fotografia som både dokumentariske kjelder og som kulturelle uttrykk. I det vidare arbeidet vil det bli nytta to tilnæringsmåtar. Først vil eg analyserer ein utvald del av samlinga statistisk, for på den måten kunne danne ei oversikt over kva som vart fotografert og kvar. Derneft analysere og vurdere eit utval av enkeltbilete, for å finne ut kva dei kan fortelje oss.

Ved biletanalyse ser ein på innhaldet og i eit eller fleire fotografi for så å vurdere dette kritisk. Det finnest ingen standardisert framgangsmåte for biletanalyse. Dei tradisjonelle biletanalysemodellane har blitt kritisert for eintydig å sjå på kva bileta tyder, ikkje korleis dei fungerer i ein samfunnsmessig samanheng.²⁸ Ved val av vidare framgangsmåte er det viktig å få med seg begge desse perspektiva. Ein må både sjå på og analysere det enkelte bilete, samtidig som ein må søke å sette det inn i ein større samanheng. Ein må ta utgangspunkt i fotografen sin ståstad og spørje kvifor han tok dette biletet og kva det skulle brukast til. Derneft må ein spørje seg kva informasjon fotografia på dette grunnlaget kan gje oss om fortida.

2.3.2 Oversyn over biletsamlinga

Eit delmål er å finne svar på kvifor, sjølve meininga bak fotograferinga. Eit verkemiddel for å få dette til er å søkje å systematisere bileta statistisk. Det som blir det vesentleg blir å sjå på om det er eit mønster i fotograferinga. Kva år vart det fotografert mykje og kva år lite? Er nokre områder og motiv meir framtrødande enn andre? Kva aktivitet vart prioritert ved fotografering? Dette kan vere eit viktig utgangspunkt, der ein deretter kan spørje seg kvifor er det slik. Noko som vonleg vil vere med på å gi oss svar på formålet med fotograferinga og fotosamlinga.

Viktige stikkord og hjelpemiddel i denne samanheng er å finne ut når og kvar bileta var tekne samt kva motivet viser. Datering fortel oss når. Identifikasjon av geografisk område fortel oss kvar. For å finne kva må ein sjå på innhaldet, kva motiva viser. På denne måten finn ein kva

²⁸ Reiakvam (1997) s, 43

områder, hendinger og aktivitet som vart prioritert ved fotografering og redigering i deler av fotosamlinga.

Ein viktig indikasjon på kva som er motivet for fotograferinga, på kva er det fotografen har tenk å dokumentere eller fortelje, er kva ein finn på biletet. På bileta ser ein landskap, gjenstandar, personar og aktivitet av ulik slag. Ofte kan bileta innehalde mykje informasjon og ulike sider. Det kan tidvis vere vanskeleg å finne det konkrete hovudmotivet. I ein slik samanheng må ein søke å definere ulike typar innhald eller motiv. Ved å søke å klassifisere ulike motivtypar kan ein finne ut kva motiv som verksemda og fotografane la mest vekt på.

Tobiassen deler uttrykket som fotografiet gir inn i to ytterpunkt. I eine ytterpunktet finn ein bilete som er berekna å dokumentere eller vise korleis t.d personar, bustader og eit landskap såg ut på eit gitt tidspunkt. Dette er noko ho definerer som presenterande bilete. Dei har til oppgåve å presentere eller dokumentere noko eller nokon. I andre enden finn ein det som ho kallar for eit forteljande (berettende) bilete. Dette er fotografi som søker å fange opp ein situasjon, ei stemning eller eit minne. Det som skjer er hovudsaka.²⁹ Eit fotografi kan ha begge desse elementa i seg, men den eine delen er ofte dominerande.

I den protokollførte serien dominerer den presenterande sida klart. Den dokumentariske sjangeren har i utgangspunktet dette som formål. Fleire av bileta sin funksjon ser i utgangspunktet ut til presentere verksemda og tettstaden. Det vere seg både til aktivitetar og meir statiske bilete som utsnitt av eit område eller hus, bygningar og tekniske gjenstandar. Mykje av aktiviteten i denne samanheng er knytt opp mot arbeidslivet der skilje mellom bygge- og anleggsrelatert verksemd på eine sida og driftsrelatert på andre sida står sentralt. Kva som blir søkt presentert kan difor hjelpe oss når ein skal kategorisere motiva.

Eit bilete vil ofte vise fleire sider, og kan ha relevans til fleire sjangrar. Men eg vel å legge vekt på det som er mest framtrødande, det som er ser ut til å vere fotografen sitt hovudformål. Utgangspunktet er då det dominerande motivet ein ser i biletet, i tillegg kan biletteksten som står på biletet eller i fotoprotokollen vere til god hjelp. Inndelingar i kategoriar og underkategoriar blir gjort ut frå kva som er hovudmotivet i det einskilde biletet, noko som det

²⁹ Tobiassen (195) s, 18

ikkje alltid er like lett å avgjere. Nærmare kriterium for inndelingar vil bli gitt i samband med presentasjon av tabellar seinare i teksten.

Utgangspunktet for denne statistiske delen av undersøkinga er den digitalisert og protokollføre serien. I første omgang vil det bli gjort ein grov oversikt med utgangspunkt i serien over kvar og når bileta var tekne. Det vil bli gjort egne statistiske overslag over fabrikkianlegget og tettstaden. Vidare vil lokaliseringa innafor dei ulike områda bli gjort ved å nytte namn på områder i tettstaden, samt avdelingar og områder på fabrikkianlegget. Det vil ikkje bli gjennomført noko statistisk oversikt særskilt for kraftanlegga, da bileta frå den protokollførte serien i all hovudsak med få unnatak dreiar seg om bygge og anleggsverksemd innafor eit avgrensa område og tidsrom.

2.3.3 Analyse av enkelt fotografi

Ved analyse av fotografi er det nødvendig å gå systematisk til verks. Historikaren Knut Kjeldstadli trekker fram fem stadium eller tommelfingerreglar for biletanalyse.³⁰ Desse reglane er gjeldane for analyse av alle typar bilete, ikkje berre fotografi. Utgangspunktet for biletanalyse er ofte eit kunsthistorisk perspektiv. I fotografa som denne oppgåva omfattar er det kunstnariske lite framtreddande. Fotografa i den vidare undersøkte delen av Høyanger Verk si fotosamlinga har eit meir bruksverdi perspektiv. Likevel er dei generelle retningslinjene ei god rettesnor også i analysen av desse fotografa.

A. Opphavsbeskriving

Opphavet til fotografiet er viktig. I første omgang handlar det om kven som har teke det. Ikkje uvesentleg i denne samanheng kan også oppdragsgivaren vere. Kva rolle og funksjon fotografen hadde verkar inn på motiv og innhald i biletet. Tidspunktet når biletet var teke er også viktig informasjon. Fleire av bileta i vår fotosamling er nøyaktig daterte, noko som gir fotografa stor tilleggsverdi som dokumentarisk kjelde.

B. Teknisk analyse

Den tekniske kvaliteten har innverknad på kva vi kan få ut av eit fotografi. Ved fotografering har tekniske avgrensingar til utstyret saman med t.d. lystilhøve konsekvens for resultatet. Eit vesentleg poeng er også kva som har skjedd med fotografiet fysisk i etterkant. Det kan vere skada eller det kan også vere retusjert eller manipulert på anna vis.

³⁰ Kjeldstadli (1999) s, 201

C. Formal beskriving

Korleis innhaldet i fotografiet er oppbygd, korleis fotografen har arrangert motivet og redigert biletet, gir oss både viktig informasjon om formålet med fotograferinga og påverkar korleis vi oppfattar fotografiet. Tildømes kan måten som personar er oppstilte på og står i forhold til kvarandre gi oss vesentleg informasjon som kan hjelpe oss med å tolka biletet.

D. Motivanalyse (emneanalyse)

Innhaldet i og inntrykket vi får av fotografiet må vurderast. Det ein finn av informasjon må sjåast på og vurderast ut frå si samtid. Den tids normer og konvensjonar har innverknad på korleis vi i dag skal tolke og analysere dei. Kva sjanger og biletradisjonar dei er relatert til har innverknad for utforminga av biletet.

E. Meiniga bak biletet

Å finne meiniga bak biletet, kvifor det vart teke, er eit vesentleg poeng under biletanalysen. Fotografen har som regel hatt ein meir eller mindre bevisst tanke med å ta akkurat dette biletet. Med dette perspektivet ser ein biletet som eit kulturelt uttrykk. Kva forteljing er det fotografen ynskjer å formidle?

Desse retningslinjene som Kjeldstadli kjem med har ei teoretisk tilnærming. Korleis ein meir praktisk tilnærmar seg biletanalysen har etnologen Anna Helene Tobiassen nokre råd om. Ein går systematisk til verks, til dømes ved at ein deler fotografiet opp i rutenett og ser på felte bit for bit.³¹ Er biletet digitalisert og det har god oppløysing kan ein forstørre opp enkelte områder og studere detaljar. Nyare fotoredigeringsprogram gir rikelege moglegheiter til dette. Akkurat denne delen er særskilt viktig når ein ser etter detaljar.

Vidare kan ein dele opp biletet etter tema og ta det del for del. Når det gjeld personar er kjønn, alder, yrke, stilling og posisjon i samfunnet viktige element. Kva kle har dei? Kva kroppsholdning viser dei? Korleis er dei oppstilte i forhold til kvarande? Bilete tekne utandørs viser natur eller kulturlandskap der bygningar og infrastruktur er vesentlege element. Kva type landskap og bygningar er dette? Kva var deira funksjon? Ein kan vidare sjå på kva dei enkelte detaljane seier oss. Er det teke innandørs i hus kan møblar og anna interiør vere viktige detaljar.³² Andre viktige element kan vere maskiner og utstyr. Kva ein finn ein i

³¹ Tobiassen (1995) s, 51

³² Tobiassen (1995) s, 51ff. Tobiassen presenterer her ein modell og framgangsmåten ved biletanalyse, som eg søker å tilpasse til dei lokale forholda.

fabrikklokale av teknisk utstyr? Poenget er å stille ulike spørsmål undervegs, og søke finne svar på desse.

For å komme til botn i dei spørsmåla ein har kan fotografia framstillast for informantar som har betre kunnskapar om innhaldet. Ved bruk av informantar, må ein vere observant på at oppfatninga om innhaldet frå dei er subjektivt. Legg ein fram bilete for to personar vil dei truleg legge vekt på ulike element i bileta.³³ Ulike personar ser ulike ting, og har ulike erfaringar. Det skil seg på kva grunnlag og bakgrunn informanten har. Tek ein til dømes for seg ein konkret arbeidsplass, vil ein arbeidar som har jobba på plassen gjerne sjå andre ting og legge vekt på andre forhold enn ein ingeniør eller funksjonær. Begge partar vil kunne gi verdifull informasjon ut frå sin ståstad. I enkelte samanhengar må ein ty til informantar som ikkje har direkte arbeidserfaring frå plassen, men som har viktig fagkunnskap om emnet.

For å lette analysearbeidet med enkeltbilete har eg utarbeid eit eige registreringsskjema. I dette skjemaet finst informasjon om datering og fotograf i eigne rubrikkar. I bruken som dokumentarisk kjelde er det eit eige felt: *Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut*. Vidare er det også eit eige felt for *vurdering av fotografiet*. I dette feltet vil sjølve analysen og eventuell tolking bli gjort. I dei tilfelle det har vore nytta informantar, vil namna på desse bli nemnd. Det dei har komme med av informasjon er i hovudsak av dokumentarisk verdi på kva ein ser i biletet. Funna i analysen vil eg nytta i teksten der enkeltbileta blir sett inn i ein større samanheng. Ikkje alle bileta som er presenterte i teksten vil bli analysert på denne måten, men i eit utval. Analysane av desse enkeltbileta er lagt ved som vedlegg til oppgåva.

³³ Tobiassen (1995) s, 51

2.4 Presentasjon av Høyanger

2.4.1 Litteratur om Høyanger

Utviklinga og framveksten til industristaden Høyanger er beskrevet i fleire utgjevingar både i vitenskaplege og i meir populærhistoriske framstillingar. Startar ein med den forskingsbaserte litteraturen, så slutførde Leif Ervik i 1974 ei hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen "Framveksten av industristaden Høyanger". Oppgåva tek for seg utviklinga i åra før og etter etableringa i 1916, og omhandlar i grove trekk perioden 1900-1930. Perspektivet er utviklinga til tettstaden, verksemda og kva konsekvensar dette fekk for lokalsamfunnet. Eit sentralt tema er demografisk utvikling, der det mellom anna blir søkt gjort greie for kvar dei som kom til staden kom frå. Med denne oppgåva er den sosiale og økonomiske utviklinga for Høyanger i åra 1916-1930 godt dekkja.

Mykje av dei same problemstillingane som Ervik tek opp har også Kjell Jarle Høyheim arbeid med i "Fagrørsla i Høyanger, 1916-1930", som kom ut i 1981. Han har eit anna perspektiv på utviklinga, han søker å sjå på utviklinga sett frå fagrørsla si side. Med denne oppgåva blir arbeidarrørsla si rolle og dei politiske motseningane omhandla. I 1991 kom Martin Byrkjeland ut med "Bluss – Arbeidarar og fagforeining ved Høyanger Verk 1916-1986". Boka si kjerne er den faglege verksemda, fagforeiningsarbeidet, ved Høyanger Verk. Arbeidet ved verket – konflikten mellom arbeidarar og bedriftsleiing om kontrollen med arbeidet – er ein raud tråd i framstillinga.³⁴ I boka er viktige sosiale tilhøve i arbeidsliv og samfunnsliv skildra.

Ein vesentleg del av Mona Nielsen si hovudfagsoppgåve i kunsthistorie frå 1984, "Med hjem skal landet bygges. Egne hjem og hagebevegelsen i Norge, utdrag fra boligsakens historie", omhandlar bustadreisinga i Høyanger. I denne avhandlinga blir staden nytta som ein illustrasjon på praktisk gjennomføring av ideen om ein hageby. Nielsen har i sitt arbeid nytta fotografi frå Høyanger Verk si fotosamling som kjelde.

Dei fire utgjevingane som er nemnd over er dei mest sentrale verka som har komme ut på historisk vitenskapleg grunnlag om utviklinga til Høyanger. I tillegg kjem og nokre andre utgjevingar. Historikaren Aage Engesæter gav i 1979 ut eit hefte. "Høyanger. Utviklinga av industristaden fram til omlag 1945." Dette er ei framstilling berekna på bruk i skulen. Engesæter står også bak ein artikkel som er utgjeve av historielaget for Sogn i 2004, "Då

³⁴ Byrkjeland (1991) s, 1

framtida kom til Sogn. Industristadane Høyanger og Årdal”, der beskrive han og samanliknar utviklinga til dei to industristadane.

Går ein over til meir populære og lokallistoriske utgjevingar, så har det også der komme ut bøker og skrifter med ulikt perspektiv. I 1966 gav HKIF ut ei femtiårsjubileumbok, der eine bolken om dei første 30 åra er forfatta av journalisten Th. Riise. Eit anna viktig bidrag til industrihistoria om tettstaden er den offisielle bedriftshistoria som forfattaren Kåre Fasting forfatta til NACo sitt femtiårsjubileum i 1965, ”Norsk aluminium gjennom 50 år”. Boka omhandlar selskapet si historie, der Høyanger Verk er utgangspunktet og den mest sentrale delen i framstillinga. Perspektivet er sett frå leiinga si side, der den sentrale forteljinga er korleis dei overvann alle problem undervegs for å bygge ei suksessfull bedrift og ein harmonisk industristad.

Ein av dei som såg, opplevde og erfarte heile prosessen med omveltinga og utbygginga i Høyanger var skulestyraren Sjur Dale, som vaks opp i bygda på garden Dale. I Høyanger Samvirkeleg si 30 års beretning står det to artiklar som han står bak. ”Høyanger. Høyangsfjorden i gamal og ny tid” og ”Høyangsfjorden vert Høyanger”. Han er kjent for det mykje nytta og siterte metaforen ”frå kaos til kosmos”, der han skildrar den brutale overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn.

”Eventyret byrja med kaos. Menneskemylder kvar ein vende seg, frå fjøra til fjell. Skot og skrell, dunder og drøn small mellom berg og brun. Folk kom og folk for. Nye andlet til dagen. Folk her og folk der. Det vart opp ned på alt som dei fekk under hand. Dei skipla snudde, velta og vende kvar dei kom, utan meining og mål, til ei meiningslaus myrja, såg det ut for. Fyll og fanteferd, drykk og dragsmål, skrik og skjenn og slagsmål. Det var ikkje folkevis å fara so her i grenda. Men opp or kaos steig kosmos. Gjennom skodde tok me til å skimte dei første konturar av eventyret.”³⁵

Ein anna som har søkt å beskrive sin eigen oppvekststad er Einar Førde. I boka ”Smeltedigelen Høyanger” (1990) gir i ein blanding av alvor og skjemt si personlege oppfatning om utviklinga til Høyanger. Som han sjølv kommenterer er ikkje dette noko

³⁵ Dale (1951b) s, 12

historiebok. Likevel så gir han oss godt innblikk i ulike hendingar og kvardagsliv, der han gjerne går bak fasaden og tek opp ting med friske og uvanlege vinklingar.

I tillegg kjem også anna lokalhistorisk litteratur, der bygdebøkene for Kyrkjebø bind II og III kan fortelje oss litt om utviklinga før og etter 1916. Desse bøkene tek i hovudsak for seg utviklinga til det gamle bondesamfunnet. Dette er dei publikasjonane som i hovudsak er nytta som grunnlag for historia om Høyanger, og som dermed er med på å gi informasjon til fleire av bileta som blir nytta i oppgåva. Fleire av utgjevingane er rikt illustrerte med fotografi, med mellom fotografi frå Høyanger Verk si fotosamling. Spesielt kan nemnast bøkene til Byrkjeland og Førde, der dei mange bileta er ein bevisst og sentral del i formidlinga av forteljinga om Høyanger si utvikling.

2.4.2 Avkroken som vart industristad

Før industrireisinga starta opp i 1916 vart staden kalla for Høyangsfjorden og var ei lita bygd med fem gardar. Øren og Sæbø langs strandlinja, Hjetland litt lenger framme, Håland på eit platå over bygda og Dale om lag tre kilometer framme i dalen. Tidleg på 1900-talet var her 13 gardsbruk og husmannsplassar innklemte mellom fjella inst i fjordarmen. Folketeljinga i 1910 viser at det var 124 innbyggjarar på staden. Bygda vart då rekna for ein avkrok i Kyrkjebø kommune, som i 1910 hadde 1681 innbyggjarar.³⁶ Som elles i Sogn var jordbruket hovudnæringa.

Det var fossekrafta som trekte industrien til bygda. På slutten av 1800-talet byrja ei kommersiell interessere for fossekrafta å merke seg. Fleire oppkjøp og vidaresal av fosserettane vart gjort fram mot 1911, da alle rettane til slutt vart samla på ei hand. Forholda låg no til rette for kraftutbygging og industrireising i Høyangsfjorden. Dei første planane gjekk ut på å byggje eit elektrostålverk.³⁷ Etter handsaming i Storting og departement vart det gjeve endeleg konsesjon i 1915. I konsesjonen vart det mellom anna stilt krav om reguleringsplan på staden, verksemda skulle og skaffe arbeidarane bustad og legetilsyn.³⁸

³⁶ Høyheim (1981) s, 13

³⁷ Fasting (1965) s, 45

³⁸ Ervik (1974) s, 20

Den 13.11.1915 vart "A/S Høyangfaldene, Norsk Aluminium Co" stifta.³⁹ Nødvendig kapital var reist. Som det går fram av namnet var planane no endra. På staden skulle det produserast aluminium. Utbygginga kunne ta til. I følgje Dale starta anleggsarbeidet den 28.02.16.⁴⁰ Om lag ein måned seinare den 21.03.16 vart det halde eit møte mellom amtmannen i Nordre Bergenhus amt, leiinga i det nyetablerte selskapet, ordføraren i Kyrkjebø og eit heradstyremedlem frå bygda. På møtet vart det mellom anna diskutert framtidig arealbruk på staden. Det blei for ettertid også semje om å nytte Høyanger som namn på den nye industristaden.⁴¹ Det var no lagt viktige føringar som skulle få konsekvensar for vidare utvikling av tettstaden.

Samfunnet vart etablert rundt ei storbedrift, noko som kjenneteiknar ein einseitig industristad.⁴² Høyanger var ikkje den einaste staden som blei industrialisert på denne måten i tida før og rundt 1. verdskrig. På Vestlandet har Odda og Sauda om lag same forhistorie og utvikling. Ein slik måte å industrialisere på blir omtalt som den engelske modellen, der initiativet og kapitalen kom utanfrå lokalsamfunnet.⁴³ Med urbanisering og klassemotsetningar som vesentlege ingrediensar i samfunnsutviklinga. Desse einseitige industristadane låg som øyar i eit vestlandsk bondesamfunnet.

Før verksemda slo seg til i Høyanger var det som fanst av offentleg infrastruktur ein veg som gjekk frå fjorden på garden Øren via Hjetland til Dale. Sjølv om det her var ei levande jordbruksbygd med den interne infrastrukturen som jordbruket trengde, så kan ein langt på veg hevde at planleggarane, med arkitektane og ingeniørane i spissen starta med blanke ark. Konesjonen kravde at verksemda måtte stå for mykje av strukturane og utviklinga av det nye lokalsamfunnet.

2.4.3 Frå kaos til kosmos

Industristaden som vaks fram var ei planlagt og styrt utvikling i regi av verksemda. Staden vaks fram etter ei bevisst organisering med ein klar bymessig utforming av sentrum.⁴⁴ Eit døme på dette er reguleringsplanen frå 1917.⁴⁵ Retningslinjene frå denne vart i stor grad følgt

³⁹ Fastingt s, 34

⁴⁰ Dale (1951b) s, 12

⁴¹ Protokoll 21. mars 1916. Nordre Bergenhus amt er etter 1919 nemnd som Sogn og Fjordane fylke.

⁴² Høyheim (1981) s, 2

⁴³ Wicken (1997) s, 104. Motsatsen er den franske modellen, der utviklinga blir initiert frå sjølve lokalsamfunnet. Eit døme på slik utvikling er industrireisinga som kom på Sunnmøre.

⁴⁴ Egner (2003) s, 92

⁴⁵ Sjå vedlegg 3 reguleringskart for Høyanger.

opp ved seinare utbygging og utvikling av tettstaden. Sjølv om verksemda hadde ein plan og strategi for utviklinga av Høyanger, så har metaforen som Dale nyttar ”frå kaos til kosmos” blitt ståande.

Utviklinga til industristaden Høyanger i perioden 1916-1958 kan grovt delast inn i fleire fasar. Den første fasen kan gå under nemninga kaostida og strekker seg frå 1916 til 1923.⁴⁶ Åra 1916 og 1917 var prega av eit omfattande anleggsarbeid som snudde opp ned på sentrale delar av bygda. I denne perioden var det på det på det meste, sommaren 1917, 1350 arbeidarar i sving på dei ulike anlegga.⁴⁷ Bygda vart demontert fysisk og sosialt, i alt kaoset som anleggsarbeidet medførde kunne ein etterkvart sjå konjunkturane av ein industristad i emning.

Hausten 1917 stod fabrikkklar til bruk, men no dukka eit problem opp som skulle vedvare eit par år. Dei fekk ikkje tak i aluminiumsoksyd,⁴⁸ hovudråstoffet i aluminiumsproduksjonen. Fabrikkløkala stod ikkje tomme, dei vart nytta til produksjon av karbid og rujarn. Ein del av produksjonen i elektrodefabrikken kom i gang med leveransar til andre aluminiumsfabrikkar.⁴⁹ I 1918 fekk verksemda tak i eit mindre parti oksyd slik at dei fekk til ein prøveproduksjon av aluminium. Sommaren 1919 vart det sett i verk ein streik som varte til oktober same året. Endeleg i november og desember 1919 kom produksjonen av aluminium for alvor i gang. Men nye problem dukka opp i starten på 1920-talet. Den internasjonale lågkonjunktoren slo inn og fekk konsekvensar for den nyetablerte verksemda. Eit kjenneteikn for siste delen av denne perioden var stor grad av uvisse, og det var truleg også tvil om det i det heile ville bli noko industriell framtid. I denne perioden var det mange som reiste, men etterkvart som produksjonen kom i gang kom nye til. Ved folketeljinga i 1920 var det registrert 953 innbyggjarar på staden.⁵⁰

Det vart klart at ny kapital måtte inn for å berge verksemda. I januar 1923 blei selskapet refinansiert med utanlandsk kapital. Reorganiseringa vart godkjent av styresmaktene som gav

⁴⁶ I Dale si framstilling er det først og fremst anleggstida som blir karakterisert som kaos, men eg vel her og å omfatte dei økonomisk usikre tidene frå fram til 1923 til også å omfatte kaostida, eit økonomisk og sosialt kaos.

⁴⁷ Fasting (1965)

⁴⁸ Hovudråstoffet som aluminium blir produsert utifrå er aluminiumsoksyd. Den kan også vere omtalt som -oksid eller alumina (AL₂O₃). Vidare i teksten blir kortforma oksyd brukt, det er denne nemninga som er mest nytta i Høyanger.

⁴⁹ Elektrodefabrikken produserte elektrodar av kol som er eit viktig element i produksjonen av Aluminium.

⁵⁰ Ervik (1974) s, 51

konsesjon. Det gamle selskapet vart delt i to, der produksjonsdelen fekk namnet A/S Norsk Aluminium Company (NACo), kraftdelen bar namnet A/S Høyangfaldene.⁵¹

Ny kapital gav ein ny giv i vidare utbygging av industristaden, no kunne reguleringsplanen for alvor settast i verk. Samtidig med ein viss betring i marknaden starta ein ny fase, draumen om ein harmonisk industristad kunne ta form, ein gjekk mot eit kosmos. Fabrikken og tettstaden vart gradvis vidare utbygd, Høyanger fekk eit bypreg. Kosmosfasen kan ein kalle denne andre fasen som i grove trekk strekker seg frå 1924 til 1940.

Store delar av mellomkrigstida er i norsk og internasjonal samanheng ofte rekna som ei konflikt og krisetid, med svingande konjunkturar som resulterte i arbeidsløyse, politisk- og sosial uro. Dette fekk også ringverknader for Høyangersamfunnet. Ord som klassekamp og klasseskilje kan nyttast for å omtale forholda i lokalsamfunnet. Folketalsutviklinga på staden var på det sterkaste i åra 1920 til 1930 då talet på innbyggjarar auka med 1265 personar til 2218 registrert ved folketeljinga i 1930. Det vart ikkje gjort nokon folketeljing i 1940, men tala for 1946 viser at talet på innbyggjarar på staden no var 2690.⁵² På trass av den raske befolkningsauka og sosial og politisk uro, var åra 1924-1940 rekna for relativt stabile i Høyanger. Industristaden vart av mange nasjonalt rekna som tidas idealsamfunn.⁵³ Siste halvdel av 1930-talet kan på mange måtar karakteriserast som høgdepunktet for Høyanger sett i ein historisk samanheng.

Perioden 1940-1955 kan sjåast på som ein stabiliseringsfase, Høyanger var trygt etablert som industristad i norsk samanheng. Den første tida med krigen 1940-1945 var på mange måtar både dramatiske og hendingsrike. Men krigsåra var ikkje det store brotet med tida før som krigshistoria ofte vil ha det til. Dagleglivet gjekk sin gang i Høyanger, gjerne i litt andre former.⁵⁴ Det vart ikkje sett i verk nye større utbyggingar på fabrikkens 1940-talet. Når det gjeld industrireisning tok Årdal, innerst i Sognefjorden, over rolla som den største og viktigaste industristaden i Sogn. Folketalsveksten hadde jamna seg ut, folketalet i 1950 var på 2853 innbyggjarar.⁵⁵ Etter krigen fortsette Høyanger Verk med bustadbygging for sine tilsette, men

⁵¹ Høyheim (1981) s, 19-20.

⁵² Ervik (1974) s, 51-52.

⁵³ Engesæter (2004) s, 54

⁵⁴ Byrkjeland (1991) s, 279

⁵⁵ Førde (1990) s, 29

deira dominerande rolle som utviklar av tettstaden var svekka. No tok kommunen og private meir over initiativet med bygging og utviklinga av tettstaden.

På midten av 1950-talet skjedde det ei revitalisering av industriutviklinga. Ny kraftutbygging og bygging av ny aluminiumsfabrikk kom i gang. Med denne kom det også nye tider innafor drifta på fabrikk. Ein ny fase med modernisering av aluminiumsindustrien på staden var i emning.

2.4.4 NACo, aktivitet og omgrepsavklaring

NACo er forkortinga til A/S Norsk Aluminium Company, som var namnet produksjonsselskapet frå 1923 til Høyanger Verk vart overteke av ÅSV (Årdal og Sunndal Verk) i 1969. Vidare i teksten vil forkortinga bli nytta om hovudverksemda sin aktivitet i heile perioden frå 1916-1958. NACo delte sin aktivitet på staden i tre retningar nemnd som kraftanlegg, fabrikkianlegg og byanlegg.

For å produsere aluminium måtte det store mengder elektrisk kraft til. Kraftanlegga sørge for energi i form av vasskraft til fabrikkianlegget og byanlegget. Kraftanlegga bestod av demningar, rørgater og kraftstasjonar. I tillegg kom også infrastruktur som t.d trallebane, taubane, veg og kraftleidningar. Kraftanlegga i Høyanger vart bygd ut trinnvis. Det første steget i utbygging var Øyrevassdraget, Kråkosvassdraget og Hjetlandsvassdraget. Eit sentralt utgangspunkt for Øyrevassdraget var Grimsosdammen. Hjetlandsvassdraget og anlegga der blir ofte nemnd som Hjetlandsbassenget som også inkluderer Hålandsvassdraget der Breidalen er ein sentral del. Ei samla nemning på desse utbyggingane var Kraftanlegg I.⁵⁶ Kraftstasjonen I var knytt til mot Kraftanlegg I. I 1937 vart ei ny kraftutbygging påbyrja i Eriksdalen og blei nemnd som Kraftanlegg II. Vatnet frå dette anlegget endar opp i Kraftstasjon II. Dette anlegget vart utvida og påbygd utover 1950-talet.

Hovudaktiviteten ved fabrikkianlegget var i utgangspunktet produksjonen av aluminium framstilt ved hjelp av ein elektrokjemisk prosess, nærmare presisert som ein elektrolyse prosess. Sjølve produksjonen føregjekk i eigne fabrikkhallar seinare nemnd som aluminiumsfabrikkar, på folkemunne ofte nemnd som ”omnshus”. I utgangspunktet var det berre ein aluminiumsfabrikk i Høyanger, men etterkvart som verksemda utvikla seg vart det

⁵⁶ Sjå vedlegg 9 oversiktskart over Kråkos-, Øyre- og Hjetlandsvassdraget.

bygde nye. For å skilje desse frå kvarandre fekk dei ulike nemningar. Den første som kom opp i 1916-1917 bar offisielt berre namnet Aluminiumsfabrikk.

I 1938-1939 vart det bygd ein ny aluminiumsfabrikk som i først omgang vart nemnd som ”ny aluminiumsfabrikk”, seinare vart dei to aluminiumsfabrikkane skild frå kvarandre som omslagsvis Aluminiumsfabrikk I og II. Når ein tredje aluminiumsfabrikk kom opp i 1956-1958, vart denne nemnd som Aluminiumsfabrikk Serie C, ofte i kortforma Serie C. Den eldste, Aluminiumsfabrikk I, vart no nemnd som Serie A og Aluminiumsfabrikk II som Serie B. I den vidare teksten vil det for å skilje desse bli nytta omslagsvis kortforma AF Serie A, B og C. Seinare når ÅSV overtok Høyanger Verk vart nemninga Serie C endra til Hall C. I tillegg til aluminiumsfabrikkar trongst det fleire andre funksjonar som kravde ein god del bygningsmasse og anna infrastruktur. Nemningar og funksjon kjem i samband med seinare presentasjon av dei ulike einingane.

Byanlegget er nemninga som NACo nyttar om utbygginga av sjølv tettstaden med forretningar, offentlege tenestebygg, infrastruktur og bustadhus. Høyanger har i fleire samanhengar blitt framstilt som ein småby, ein definisjon som NACo i stor grad sjølv har nytta. Gjerne også til dømes omtalt som ”aluminiumsbyen” i Sogn. Sjølv om Høyanger i sin velregulerte form har ein framtoning som by, har Høyanger aldri hatt ein offisiell by status. Difor vil omgrepet tettstad i hovudsak bli nytta om denne delen av industristaden Høyanger. Men nemningane som byanlegg, småby, hageby og bydelar blir vidare nytta der dette fell meir naturleg.

3. Høyanger i endring

3.1 Kva vart fotografert?

3.1.1 Oversikt

Den totale undersøkinga omfattar bilete i åra 1916 til 1958, eit tidsspenn på 42 år. I denne perioden er det protokollførte om lag 3000 bilete i fotosamlinga. I denne statistiske delen av undersøkinga er berre fotografi direkte relatert til den protokollførte serien nytta. Årsaka til det er at desse bileta langt på veg er å rekne som kjernen i Høyanger Verk si offisielle fotosamling, samt at dei er daterte og direkte knytt opp mot spesifikke områder. Ei anna avgrensing er at berre perioden 1927-1949 vil bli undersøkt statistisk. Årsaka er at den protokollførte serien er mangelfullt digitalisert i perioden 1917-1926. For åra etter 1950 manglar dei digitaliserte fotografia nummer, datering samt informasjon skrive direkte på bileta. Nokre einskilde bilete i perioden 1927-1949 i den protokollførte serien er også tekne ut, årsaka til dette er at dei ikkje direkte kan dokumenterast i fotoprotokollen.

Skal ein finne svar på korleis denne delen av samlinga har fanga opp utviklinga til industristaden kan ein først spørje seg når vart det fotografert og kva område vart prioritert. Tabell 3.1.1 neste side viser oversikt over innhaldet i åra frå 1927 til og med 1949. Fotosamlinga blir i denne samanheng sortert inn i tre områder. Dette skiljet er også i stor grad gjennomført i forhold til biletekst på bileta og i fotoprotokoll.

Kraftanlegg:

Bilete frå dette området dreiar seg i hovudsak om fotografi som viser aktivitet og tekniske installasjonar som kan knytast til kraftutbygging og kraftproduksjon. Bileta her er i hovudsak frå anlegg i fjellet og i lier rundt Høyanger. Eit unntaket er frå Kraftstasjon I og Taubanestasjonen som i realiteten låg på fabrikktomta. Elles vil også bilete frå fabrikk og tettstaden som viser aktivitet knytt direkte opp mot kraftanlegga komme med her.

Fabrikkanlegg:

Fotografi frå dette området dreier seg i all hovudsak om bilete som er tekne på eller av fabrikktomta, og som viser aktivitet relatert til fabrikkdrifta. Dette inkluderer også administrasjonsbygget som i realiteten ligg rett utanfor sjølve fabrikkområdet.

Byanlegg:

Byanlegg er nemninga som blir nytta om bustadområde, forretningar og offentlege bygningar inkluder gater og anna infrastruktur. I det som ein i dag vil omtale som tettstad.

Det er ikkje alle fotografia i perioden 1927-1949 som er digitalisert. Difor er det her teke med ein eigen rubrikk som er relatert til fotoprotokollen, og som viser kva som er registret for kvart år i denne. Totalt er det eit avvik på 99 bilete.

I perioden er det store forskjellar på mengda bilete. År med over 60 bilete er 1927, 1928, 1933, 1937, 1938, 1939 og 1949. Toppen er heilt klart 1928 med 536 bilete registrert i fotoprotokollen, av desse er 495 er digitaliserte, 336 er tekne på fabrikanlegget og 159 på byanlegget. Dette er det høgste talet for baa desse områda. I 1938 er det registrert 198 bilete i

Tabell: 3.1.1 Oversikt fotografi 1927-1949

| År | Digitaliserte fotografi | | | | Foto-protokoll |
|--------------|-------------------------|------------|------------|-------------|----------------|
| | Kraft. | Fabr. | Byanl. | Total | |
| 1927 | 2 | 1 | 75 | 78 | 81 |
| 1928 | 0 | 336 | 159 | 495 | 536 |
| 1929 | 0 | 8 | 4 | 12 | 12 |
| 1930 | 0 | 2 | 33 | 35 | 35 |
| 1931 | 0 | 6 | 2 | 8 | 10 |
| 1932 | 0 | 2 | 15 | 17 | 19 |
| 1933 | 0 | 35 | 47 | 82 | 89 |
| 1934 | 0 | 0 | 36 | 36 | 38 |
| 1935 | 0 | 0 | 22 | 22 | 23 |
| 1936 | 4 | 3 | 13 | 20 | 20 |
| 1937 | 96 | 27 | 26 | 149 | 149 |
| 1938 | 119 | 66 | 13 | 198 | 198 |
| 1939 | 14 | 41 | 40 | 95 | 95 |
| 1940 | 7 | 34 | 0 | 41 | 41 |
| 1941 | 0 | 23 | 4 | 27 | 27 |
| 1942 | 7 | 0 | 0 | 7 | 26 |
| 1943 | 0 | 19 | 0 | 19 | 19 |
| 1944 | 0 | 3 | 0 | 3 | 3 |
| 1945 | 0 | 2 | 0 | 2 | 12 |
| 1946 | 0 | 4 | 2 | 6 | 10 |
| 1947 | 0 | 0 | 2 | 2 | 5 |
| 1948 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 |
| 1949 | 0 | 27 | 34 | 61 | 64 |
| Total | 249 | 639 | 527 | 1415 | 1514 |

Kjelde: Fylkesarkivet og fotoprotokoll HV.

protokollen, der 119 er frå kraftanlegget, som er det høgste talet for dette området. Fabrikanlegget har også dette året eit relativt høgt tal med 66, medan det for tettstaden er registrert berre 13.

Forklaringa på kvifor det nettopp desse åra var tekne mange bilete ligg klart i dagen. I 1928 var det stor utbygging på fabriken, med etablering av ein oksydfabrikk som det store enkeltprosjektet. På byanlegget føregjekk det eit storstilt utbygging i åra 1924-1928, og heile nye kvartal med gater og anna infrastruktur vaks fram. I 1933 og 1934 vart sjukehuset i Høyanger bygd. I 1937 starta arbeidet med eit nytt kraftanlegg som gav grunnlaget for bygging av ein ny aluminiumsfabrikk, som vart ferdigstilt i 1939. I heile perioden 1937-1941

føregjekk det også ein del anna byggeaktivitet, Oksydfabrikken vart utvida og ombygd i fleire omgangar, den eldste aluminiumsfabrikken, AF Serie A, vart modernisert. For året 1949 er det ikkje stor byggeaktivitet som er den store utløysande faktoren, men eit kongebesøk.

Ser ein til bilete registrert i fotoprotokollen før 1927 og etter 1949. Er det under den første byggeperioden 1916-1917 til saman registret 492 bilete i fotoprotokollen fordelt på 109 i 1916 og 383 i 1917. Under utbygginga i åra 1956 til 1958, som involverte både kraftutbygging og bygging av ny tredje aluminiumsfabrikk, vart det i følge fotoprotokollen teke om lag 300 bilete.⁵⁷ Dette viser at det er utbygging og anleggsverksemd som er den klare enkeltfaktoren som utløyse fotografering som blir protokollført i denne delen av samlinga.

Ser ein vidare på dei åra det er registrert lite bilete, i denne samanheng år med under 20 bilete, peikar 1929, 1931, 1932, 1943, 1944, 1945, 1946, 1947 og 1948 seg ut. Spesielt kan ein merke seg at det for perioden 1945 til 1948 er lite fotografi. Diverre er også få bilete digitaliserte for denne perioden. Ser ein på dei bileta som er digitaliserte og på teksten i protokollen så dreiar dette seg i stor grad om byggearbeid, ein type aktivitet som i mellomkrigstida truleg ville ha utløyst ei større mengde fotografi. For åra 1929, 1931, 1932 er det derimot liten byggeaktivitet å spore i bileta. Desse åra finn ein i stor grad drifts relaterte bilete frå fabrikk og landskapsbilete frå tettstaden.

Krigsåra 1940-1945 er interessante i seg sjølv. Dei digitaliserte bileta frå denne perioden viser i all hovudsak bygge- og driftsrelatert aktivitet på fabrikk anlegget, samt anleggsarbeid på kraftanlegget. Dei fire bileta registrert frå byanlegget er prospektbilete for eit nytt heradshus, som forøvreg ikkje vart bygd. Elles er det ikkje bilete frå tettstaden. Mengda med bilete minkar utover krigen. Alle bileta frå 1945 er tekne etter freden i mai. Men det er ikkje ei radikal endring sett i forhold til dei første etterkrigsåra.

Hovudforklaringa på lite fotografering dei enkelte åra har sin årsak i liten byggeaktivitet. Men det kan tyde på at andre faktorar har spelt inn. Under krigen kan restriksjonar på fotografering ha spelt inn. Ei anna forklaring kan vere at mot slutten av 1940-talet var eit generasjonsskifte på gang. Dette var på slutten av Nordahl-Olsen senior si karriere som hovudfotograf. Frå 1947 og utover står sonen Nordahl-Olsen junior som fotograf på enkelte av bileta. Rolla som

⁵⁷ Det nøyaktige talet er vanskeleg å fastsette nøyaktig, sidan fotoprotokollen i året 1958 er mangelfullt utfylt.

hovudfotograf overtok han etter faren frå 1950, etter dette står senior som fotograf berre ved eit par unntak. I denne samanheng kan det presiserast at dei fleste bileta i 1949 var tekne av eksterne fotografar.

Fordelinga mellom dei ulike områda kan fortelje oss noko. Frå fabrikkområdet er det registrert flest, i alt 639 bilete som er 45,2 % av dei protokollførte og digitaliserte bileta. For tettstaden er det registrert 527 som tilsvarer 37,2 %. Kraftanlegga er representert med 249 bilete som gir 17,6 %. Frå kraftanlegg er det i åra 1928 til 1935 og frå 1943 til 1949 ikkje registrert eit einaste digitalisert bilete frå den protokollførte serien. Dei to bileta frå 1927 viser resultat av ein brann på Taubanestasjonen som låg inne på fabrikktomta. Går ein utanfor den protokollførte serien og ser på dei ikkje protokollførte seriane finst det der mange fotografi frå 1920-, 1930- og 1940-talet som viser både drift og byggearbeid på kraftanlegga. Desse er i stor grad udaterte og usorterte bilete, og kan difor ikkje samanliknast direkte med den redigerte og protokollførte delen av fotosamlinga. Men dei viser at denne sida av arbeidslivet likevel er godt dokumentert gjennom fotografia.

Årsaka til at ein finn få bilete i den protokollførte serien i perioden 1927-1936 frå kraftanlegga, kan vere at kraft og produksjonsselskapet vart skilt i samband med refinansiering av verksemda i 1923. Frå da av dreiv produksjonsselskapet NACo fabrikk og utbygginga av tettstaden, medan A/S Høyangfaldene dreiv kraftanlegga. Fotosamlinga følgde Høyanger Verk og produksjonsselskapet NACo. I samband med den nye utbygginga som starta i 1937 vart desse to selskapa slegne saman igjen. Dermed vart bileta frå dette kraftanlegget også interessante for verksleinga og dei som redigerte den offisielle fotosamlinga.

Hovudfotograf i perioden Nordahl-Olsen senior var tilsett som teknisk teiknar ved Høyanger Verk og dermed NACo sitt teiknekontor. Mykje kan tyde på at hans hovudansvarsområde var fabrikk og byanlegga. Kraftanlegga var truleg noko han normalt ikkje hadde omgang med i sitt daglege arbeid. Ser ein til kraftutbyggingane 1937-1942, så står han som fotograf på berre eit fåtal av desse. Dei fotografia han står oppført som fotograf på er tekne av utbygginga i nærleiken av tettstaden. Det vil sei bygging av veg og master og transport fram til kraftstasjonen. Bileta frå hovudanlegget med kraftstasjon, trallebane, røyrgate og dammar i fjellet, var tekne av andre. Generelt sett er bileta frå kraftanlegga temmeleg ein-sidede i den protokollførte serien i og med at dei i stor grad berre viser anleggs- og byggeaktivitet.

Nordahl-Olsen senior har som ansvarleg for den protokollførte fotosamlinga konsentrert seg om sine fagområde fabrikk og tettstaden. Frå desse områda finn ein ikkje berre byggeaktivitet i anleggsfasen, men også andre sider. Det er som igjen er viktig for den dominerande rolla fabrikkplanlegging og byplanlegging har i den protokollførte serien.

3.1.2 Fabrikkplanlegg

For å produsere aluminium ved Høyanger Verk i perioden 1927-1949 trengtest det fleire ulike einingar og funksjonar. Sjølv aluminiumen vart framstilt ved hjelp av ein elektrokjemisk elektrolyse prosess i aluminiumsfabrikkar. I denne prosessen var elektrodar av kol viktig, desse vart produsert i ein eigen elektrodefabrikk. Legering og vidareforedling av råaluminium vart gjort i eit eige støyper. Hovudråstoffet for aluminiumsproduksjon var oksyd, dette vart i frå 1928 produsert i ein eigen oksydfabrikk. I tillegg kom andre teneste og støttefunksjonar som vedlikehaldsavdelingar med mellom anna snikker-, elektrisk- og mekanisk verkstad. For å overvake ulike sider av produksjonen trengtest eit laboratorium. Leiinga og administrasjonen hadde eit eige kontorbygg. I tillegg kom anna infrastruktur som lagringsplassar og ulike transportsystem der mellom anna kaianlegget var viktig for forsyning. I grove trekk var det dette som trengtest av byggingsmasse og infrastruktur på fabrikkplanlegging for å kunne produsere aluminium samla på fabrikkplanlegging.⁵⁸ Ulike sider ved aktivitetane på fabrikkplanlegging er dokumenterte gjennom fotografiet. Kvar vart desse bileta tekne og kva aktivitet viser dei? Tabell 3.1.2 neste side gir ei oversikt over dette.

Aktiviteten som blir presentert er knytt opp mot arbeidslivet, der bygge- og driftsrelaterte aktivitetar er det mest framtrêdande. Byggeaktiviteten dreiar seg i hovudsak om anleggsarbeid og utbygging på fabrikkplanlegging inkludert modernisering og ombygging av eksisterande anlegg. Transport og forsyning som relaterer seg til anleggsarbeid kjem også inn under rubrikken som omhandlar byggeaktivitet. Ein rubrikk som er nemnt som *bygg*. Den andre rubrikken som viser til aktivitet er nemnt som *drift*.⁵⁹ Under denne ligg utføring av normal prosessdrift i fabrikk, samt utføring av vedlikehalds- og transportarbeid som er relatert til drift. Underrubrikken *anna* ligg bilete som vanskeleg let seg fange opp av dei andre rubrikkane. Det dreie seg om bilete frå kongebesøk i 1949 som syner omvising på

⁵⁸ Kart i vedlegg 6 gir oversikt over fabrikkplanlegging på starten av 1930-talet.

⁵⁹ Sjå døme fig. 3.4.1 s. 69. Bilete A, B og D er karakterisert som bygg. Medan bilete C, E og F er karakterisert som drift.

fabrikkanlegget, altså ei konkret hending. I tillegg er det nokre bilete som truleg har relevans til reklamasjonar eller liknande.

Tabell: 3.1.2 Aktivitet fabrikk, digitaliserte bilete 1927-1949

| Avdeling | Aktivitet/motiv | | | |
|------------------------|-----------------|------------|-----------|------------|
| | Bygg | Drift | Anna | Total |
| Aluminiumsfabrikk | 52 | 15 | 0 | 67 |
| Elektrodefabrikk | 8 | 3 | 0 | 11 |
| Støyperi | 27 | 7 | 0 | 34 |
| Oksydfabrikk | 364 | 67 | 0 | 431 |
| Teneste og støttefunk. | 55 | 11 | 30 | 95 |
| Total | 506 | 103 | 30 | 639 |

Kjelde: Fylkesarkivet.

Byggeaktivitet er det mest framtrødande fotomotivet med totalt 79,2 % av dei digitaliserte bileta. Oksydfabrikken er den eininga som er mest avfotografert med totalt 431 bilete. Sjølve etableringa i 1928 er her det sentrale temaet med 290 registrerte bilete relatert til byggearbeid.

Driftsrelaterte bilete har fått ein mykje mindre framtrødande plass i fotosamling med 14,9 % av den digitaliserte biletmengda. Oksydfabrikken er også her den eininga som er best dokumentert med 67 bilete. Ei viktig side aluminiumsfabrikkane, som ein i utgangspunktet skulle tru var sjølve kjerneverksemda, har berre 15 bilete relatert til drift. Enda verre stilt er det med Elektrodefabrikken som berre har tre bilete registrert. I denne samanheng er det viktig å legge til at i den delen av den protokollførte serien i frå perioden mellom 1917-1927 finn ein fleire bilete med motiv frå ulike sider ved drift frå fabrikkanlegget. Også andre delar av Høyanger Verk si samlinga, som ikkje er behandla i denne omgang, har fleire driftsrelaterte bilete frå fabrikkane.

Mykje tyder på at den skeive fordinga på byggrelaterte bilete sett i forhold til dei driftsrelaterte har sin hovudforklaring i at den protokollførte serien i den aktuelle perioden var knytt opp mot Høyanger Verk sitt teiknekontor. Her var den bygningsrelatert aktivitet som var kjerneområdet. Nokre av dei driftsrelaterte bileta verkar også å vere tekne som ein naturleg forlenging av byggeprosessen. Dei andre er truleg tekne på oppdrag frå produksjonsavdelingane eller andre for å dokumentere ulike sider ved aktiviteten på fabrikkanlegget.

3.1.3 Byanlegg

Tettstaden, eller byanlegget som var nemninga verksemda nytta, vaks gradvis fram frå starten av i 1916. Planlegginga og utbygginga resulterte i små bydelar med hus, gater som forma kvartal med bustadområde, forretningar og offentlege verksemd. Store delar av denne

framveksten er dokumentert gjennom fotografi i Høyanger Verk si fotosamlinga. I ein slik samanheng kan det vere interessant å sjå på kvar og kvifor det vart fotografert? Tabell 3.1.3 gir ei oversikt over dette.⁶⁰

Tabell: 3.1.3 Tettstad bydelar, digitaliserte bilete 1927-1949

| | Landskap | | | | Total |
|-----------------------------|----------|----------|-----|------|-------|
| | Bygg | Oversikt | Nær | Anna | |
| Høyanger panorama | 0 | 45 | 0 | 0 | 45 |
| Sæbøtangen | 80 | 0 | 1 | 1 | 82 |
| Sæbø | 11 | 0 | 0 | 0 | 11 |
| Villabyen | 1 | 0 | 6 | 0 | 7 |
| Parken | 53 | 0 | 22 | 7 | 82 |
| Sentrum - bustad | 127 | 0 | 12 | 0 | 139 |
| Sentrum - teneste | 62 | 0 | 7 | 19 | 88 |
| Sentrum - forretning | 41 | 0 | 3 | 0 | 44 |
| Hjetland | 4 | 0 | 1 | 0 | 5 |
| Dale | 3 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Andre | 18 | 0 | 1 | 2 | 21 |
| Total | 400 | 45 | 53 | 29 | 527 |

Kjelde: Fylkesarkivet.

Fotografia frå tettstaden i den undersøkte perioden har ei klar hovudtyngd med bilete relatert til byggeverksemd. Under rubrikken *bygg* finn ein 400 bilete som viser slik aktivitet, som igjen er 76,0 % av det totale talet på bilete i den protokollførte serien i perioden 1927-1949. Her finn ein alt frå prospektfotografi av aktuelle byggetomter via

bygging av hus og infrastruktur til ferdigbygde hus, gater og kvartal. Dette er bilete som i stor grad kan definerast som teknisk dokumentasjon i tråd med ein dokumentarisk fotosjangertradisjon.

I den digitaliserte delen av den protokollførte serien finn ein også fleire fotografi som har ei noko anna tilnærming. Også i desse bileta er hus, gater og kvartal det sentrale. Men dei verkar å vere meir forseggjorte, og har ei anna estetisk tilnærming. Det er som regel fint vêr, det blir lagt vekt på det vakre og det presentable. Dette er bilete som presenterer Høyanger frå si beste side. Denne typen fotografia kan relaterast til ein landskapsfotografisk sjanger, der ein ikkje berre dokumenterer ein tilstand, men gjerne også søker å få fram ei stemning. Dette er bilete som også har eit anna bruksområde enn dei reint dokumentariske bileta.

⁶⁰ Sjå vedlegg 6 og 7 for kart som viser dei ulike bydelane.



A: SFFF-1993360.129306/Nordahl-Olsen senior



B: SFFF-1993360.129803/Nordahl-Olsen senior

Fig: 3.1.1 Sjukehuset. A: "1846 3/4-34" Sjukehuset under bygging. Bygg. **B:** " 2335. Aug. 1939". Sjukehuset i drift. Nærlandskap.

Skiljet mellom kva som er byggrelatert og kva som er landskapsbilete er ikkje alltid like lett å trekkje. Eit fotografi teke av eit flott nybygd hus eller område kan ofte også sjåast på som eit landskapsbilete. Men jamfører ein med biletteksten og fotoprotokollen kjem det fram at dette er først og fremst teke for å dokumentere ein slutføring av eit hus eller område, biletet er ein del av dokumentasjonen av byanlegget. Landskapsbileta vart som regel tekne nokre år etter at hus og område var ferdigstilt, plantene har vakse til, ein kan sjå at ting har sett seg. Landskapsfotografia kan meir karakteriserast som praktbilete, medan dokumentasjonsfotografia er meir praktisk relatert.

Ein kan skilje mellom to tilnærmingar når det gjeld landskapsfotografi. Først panoramabilete som viser store deler av Høyanger. Dette er bilete som i denne samanheng blir nemnd som *oversikt*.⁶¹ Derneft nærlandskapsbilete som i denne samanheng dreier seg om enkeltdelar av tettstaden, det vere seg alt frå einskilde hus, gater, plassar, kvartal, enkelte bydelar til idrettsanlegg og gardsbruk. I denne samanheng blir dette nemnd som *nær* i tabell 3.1.3 og i teksten nemnd som nærlandskap, som til dømes bilete B fig. 3.1.1. Totalt er det registrert 98 digitaliserte landskapsfotografi, med høvesvis 45 oversiktsbilete og 53 bileta av nærlandskap. Samla sett er berre 18,6 % av bileta landskapsbilete, men dei er i denne samanheng sær

⁶¹ Sjå døme fig. 1.1.1 s. 5.

interessante. Det er stor grad desse bileta som blir og har vorte nytta for å vise fram Høyanger. Dei er dermed viktige, spesielt om ein ser på dei som eit kulturelt uttrykk, på korleis verksemda har ynskt å framstå.

I perioden 1927 til 1949 er det totalt registrert 45 landskapsbilete som viser oversikt over Høyanger. Fleire av bileta er tekne rett i etterkant av større utbyggingar. Bileta viser ei utvikling av tettstaden og fabrikkene. I frå 1927 er det seks bilete som viser enkeltdejar av Høyanger slik det sto fram på dette tidspunktet. Året etter er det fem bilete som er tekne med større avstand og som viser staden sett frå ulike kantar, som viser at sentrumskvartala har vakse fram og at Oksydfabrikkene er på plass. Frå året 1934 er det registrert fem bilete frå ulike kantar.⁶² Dei viser vidare utvikling av sentrumsområda, samt at sjukehuset er på plass. I 1939 er det berre registrert eit bilete, det store nye dette året var den nye aluminiumsfabrikkene, AF Serie B.⁶³ Bileta viser ein status for utviklinga til Høyanger på eit gitt tidspunkt. Difor fungerer dei også som teknisk dokumentasjon over utviklinga. Men dei er i denne samanheng sett under rubrikken landskap, fordi dei i hovudsak ser ut til å ha som formål å presentere industristaden Høyanger og at fotografia i sin komposisjon og uttrykk plasserer dei i den landskapsfotografiske tradisjonen. Bileta som viser oversikt har difor ein dobbelfunksjon både som teknisk dokumentasjon og som landskapsbilete.

I året 1949 er det registrert heile 16 oversiktsbilete. Dette er flotte bilete som presenterer tettstaden bokstavleg tala i eit godt lys i flott sommarvêr frå alle kantar. Truleg er det kongebesøket same året som har utløyst også denne omfattande fotograferinga. Dette er bilete som profilerer Høyanger og hovudverksemda NACo på ein framifrå måte, der dei viser eit tilsynelatande velfungerande industrisamfunn.⁶⁴

Ser ein til fordelinga mellom dei ulike bydelane i tabell 3.1.3, er det store forskjellar. Den bydelen som har registrert flest bilete frå er sentrumsområdet, med totalt 271 bilete. Området som i denne omgang blir karakteriserast som *sentrum* vart gradvis oppbygd frå 1916 og framover. Her vart det bygd både bustader og forretningar. I tillegg kom det også opp andre offentlege bygg med funksjonar som kan karakteriserast som *teneste*. Post, telegraf, skule og sjukehus fell naturleg inn i denne kategorien. Under tenesterubrikken høyrer også

⁶² Fig. 3.2.1 s. 48 bilete B viser eit av desse.

⁶³ Fig. 3.2.5 s. 56 bilete A er dette.

⁶⁴ Sjå bilete fig. 1.1.1 s. 5 og bilete B fig. 3.2.5 s. 56.

forsamlingslokale som Folkets Hus og Valhall⁶⁵ samt infrastruktur som t.d gater, plassar som er avbilda der det ikkje er klart definert om det frå eit forretnings- eller bustadområde. I tabell 3.1.3 blir desse skilt frå kvarandre med kategoriane *sentrum-bustad*, *sentrum-foretning*, og *sentrum-teneste*.

Det meste av dette sentrumsområdet vart i hovudsak utvikla i løpet av 1920- og 1930-talet. Då stod bustadbygging sentralt. Bustadbygginga i dette området var enten direkte eller indirekte initiert av NACo. Det vart bygd både arbeidarbustader og funksjonærbustader. Totalt er det 127 bilete med motiv frå denne aktiviteten.⁶⁶ NACo var ikkje direkte involvert i forretningsdrift. Likevel er det 41 bilete som dokumenterer forretningar under bygging eller som ferdige bygg. Årsaka til denne dokumentasjonen ligg truleg i at fleire av forretningane var bygde etter teikningar frå NACo. Forretningsbygget til Johan Øren er det som er best dokumentert under byggefasen.⁶⁷ I det heile stod NACo bak regulering og utvikling av det meste i heile sentrumsområdet.⁶⁸

Det bygget som er desidert best dokumentert i tenesteområdet er sjukehuset, dette bygget var reist som eit samarbeidsprosjekt mellom Kyrkjebø kommune og NACo. Det stod ferdig til bruk i 1934. Totalt 49 av i alt 62 bileta som er registrerte under *bygg* for område *sentrum-teneste* er knytt opp mot det totale byggeprosjektet frå byrjing til det stod heilt ferdig med opparbeiding av hageanlegg i 1935. Dette var tydeleg eit sentralt bygg som var viktig å forevige. Også ni bilete frå 1934, som i denne samanheng er registrert under *anna*, har motiv frå drift av sjukehuset.

For området Parken er det registrert 82 bilete. Dei fleste husa i husrekka langs fjorden, som i dag ber namnet Kloumanns Allé, kom opp i 1916-1917. Det var her den øvste leiinga ved NACo med direktøren i spissen budde. I 1924-1925 vart Parken vidare utbygd med både funksjonær- og arbeidarbustader. Begge desse byggeprosessane er dokumenterte i Høyanger Verk si fotosamlinga. Heile dette området var fult ut eigd av NACo. I denne samanheng er dei fleste bileta som omhandlar *bygg* relaterte til oppsetting av ny administrasjonsbygning og

⁶⁵ Folkets Hus var arbeidarane sitt forsamlingslokale medan Valhall var Høyanger Ungdomslag sitt lokale.

⁶⁶ Bileta på fig. 3.5.2 s. 87 er frå dette området.

⁶⁷ Bilete C fig. 3.5.1 s. 84 er Johan Øren sitt forretningsbygg.

⁶⁸ Karta i vedlegg 3, 4, 5, 6, 7 og 8 viser utviklinga av dette området i regi av Høyanger Verk og NACo. Spesielt interessant er kartet i vedlegg 8 som viser NACo sin eigendomar og interesseområde i delar av sentrumsområdet.

ingeniørbustader, eit bygg som i seinare blir omtalt som Messa, og beplantning av dette området.⁶⁹

Ein interessant moment i denne samanheng er å sjå på talet for nærlandskapsbilete. I Parken er det registrert 18 slike bilete i perioden 1927-1949. Området er i dag freda og er rekna som sjølvve indrefiletten i det velregulerte byanlegget som NACo bygde opp i Høyanger. På 1930-talet vart Høyanger i enkelte samanhengar trekt fram som "Norges idealby", med nettopp Parken som eit sentralt element. Det er gjerne det arkitektoniske og planmessige som blir framheva. Parken, med ei blanding av direktør-, funksjonær- og arbeidarbustadar er sjølvve utsillingsvindaug, eit praktanlegg som vart dokumentert og marknadsført via fotografa.



A: SFFF-1993360.129185/Nordahl-Olsen senior



B: SFFF-1993360.129796/Nordahl-Olsen senior

Fig: 3.1.2 Nærlandskapsbilete. A: "1714 21/8-30" Villabyen. B: "2338. Aug. 1939". Parken.

Frå bydelen Sæbøtangen er i denne samanheng registrert 82 digitaliserte bilete i frå åra 1927-1949. Dette var det første området som var påbegynt utbygd på austsida av Daleelva nede ved fjorden i 1916. Der hadde verksemda ein parsell på denne opphavlege Sæbøtangen. På denne eigedommen sette dei i hovudsak opp bustader for arbeidrarar. I dag blir eit større område omtalt som Sæbøtangen. I dette utvida området inngår det også ein del private hus og forretningar. Dette var tomter utgått frå garden Sæbø.

⁶⁹ Bilete A fig. 3.5.1 s. 84 og bileta C og E fig. 3.5.3 s. 90 viser Messa.

Arbeidarbustadane på Sæbøtangen vart utbygd i fleire steg der første delen, Murgården, kom opp i 1916. Året etter kom Folkekjøkkenet opp. Utover 1920-talet vart Murgården påbygd og utvida, mellom anna vart det bygd matbuer. Vidare vart Slottet bygd i 1926 og Pententen i 1928. Samla sett blir desse vidare nemnd som Sæbøtangenkomplekset.⁷⁰ I tabell 3.1.3 er berre siste byggesteget med Pententen med. Men det kom også opp andre bustader der i 1928. Det siste bygget som kom opp i regi av NACo var Ungkarsboligen som stod ferdig i 1937.

Alle dei digitaliserte bileta frå Sæbøtangen som viser byggeaktivitet, og som er registrerte i denne undersøkinga, er tekne før 1937. Også før 1927 er byggeaktiviteten på NACo sitt område godt dokumentert via fotografi. Av nærlandskapsbilete er det berre registrert eit. Dette er av det siste bygget, Unkarsboligen, og er teke i 1939. Kvifor er det ikkje fleire nærlandskaps bilete i den protokollførte serien frå dette området?

Nemninga og bydelen Sæbø er i denne samanheng i tabell 3.1.3 resten av busetnaden på Sæbøside. Dette området består i hovudsak av private bustadhus utgått av tomter frå garden Sæbø. Det meste av denne busetnaden blei i hovudsak reist frå midten av 1920-talet og framover. I biletsamlinga er det svært få bilete frå denne bydelen. Totalt er det registrert 11 bilete. Ni av dei som er registrerte viser i hovudsak aktivitet som NACo var involvert i, med mellom ann planering av kyrkjetomta.⁷¹ Dei to siste har litt uklart opphav, men viser truleg privat byggeaktivitet og privat forretningsaktivitet.

I frå Villabyen, som låg på vestsida av Høyangerfjorden, er det registrert sju digitaliserte bilete. Villabyen vart utbygd i 1916-1917 og er dokumentert i Høynger Verk si fotosamlinga. Husa var eigd av NACo og var busett av funksjonærar. Biletet som viser bygging er frå 1928 og viser ein ny veg opp mot den nye Nordeidevegen som var under bygging. Elles kan ein merke seg at det er seks bilete som viser nærlandskap. Dette er mange med tanke på at det berre var 10 hus der, ein relativt liten bydel. Men denne var rekna som ein vakker stad, og det var her familien til fotograf Nordahl-Olsen senior heldt hus. I dette området kom det opp to andre små bydelar. Dei første husa i Sandvika var bygd 1916-1917, og området vart vidare utbygd på 1950-talet. Kvernhaugen lenger oppe i lia vart utbygd på 1950-talet. I begge desse siste

⁷⁰ Bilete A og C fig. 3.5.3 s. 90 viser Sæbøtangen.

⁷¹ Desse bileta er frå 1939 og viser grunnmuren til kyrkja som var planlagt bygd, eit arbeid som NACo var involvert i. Dette arbeidet vart stoppa pga krigen. Kyrkja kom først opp i 1960 på same plassen, men no etter nye teikningar. Kyrkjetomta var eigd av NACo, sjå kart vedlegg 7.

utbyggingane var NACo involvert, ei utbygging som er dokumentert i den protokollførte serien.

Området Hjetland er i denne omgang nemninga på arealet til den opphavlege garden Hjetland på nordsida av Hålandselva. Store delar av dette området var nytta til jordbruksformål. Etter kvart som Høyanger vaks, vart gradvis større deler av denne garden også nytta til andre formål. I 1921 kom det på deler av dette området ein idrettsplass. Det er dette anlegget som er motiv for dei fire bileta frå dette området. Nokre av dei tidlege bileta frå 1916-1917 viser sjølve garden og området før det vart utbygd. Høgereina er eit privat initiert bustadområde over sentrum og Hjetland. I den protokollførte serien er det nokre få bilete tekne på 1950-talet frå Høgereina og Hjetland.

Rett etter krigen kjøpte NACo eine bruket på Dale som vart nytta til bustadformål. I tabell 3.1.3 er berre tre bilete her frå. Men på 1950-talet då bustadbygginga kom skikkeleg i gang etter krigen, er dette området det mest avfotograferte bustadområdet i den protokollførte serien.

Ikkje alle bileta let seg like enkelt registrer geografisk innfor dei ulike bydelane. Mellom anna bygging av den før nemnde Nordeidevegen, bygging av ei tennisbane som seinare vart fjerna og som låg inne på dagens fabrikkomt, ei bru over Daleelva som batt to bydelar saman, eit landskapsbilete frå garden Håland og to bilete av Kongeskipet på fjorden i 1949. I tabell 3.1.3 er desse plassert under *andre*.

Som oversikta i tabell 3.1.3 viser at det er byggeaktivitet som har utløyst flest bilete. Deretter er det landskapsbilete det sentrale, begge desse kategoriane omhandlar i stor grad den ytre utviklinga av tettstaden. Eit unntak er ni bilete frå Parken som viser interiør frå Messa. Seinare på 1950-talet vart det også tekke nokre bilete av interiør frå eine huset på Dale.⁷² Under rubrikken *anna* ligg det i hovudsak bilete som viser drift i sjukehuset i tillegg er det to bilete som viser massetransport i gatene. Dei resterande bileta under *anna* er tekne i samband med kongebesøket i 1949 og dokumenterer ei spesiell hending.

⁷² Sjå bilete E og F fig. 3.5.3 s. 90.

Det er den ytre utviklinga av byanlegget og Høyanger som har vore viktig å få fram. Men det er ikkje alle delar av tettstaden som er like godt dokumentert. Naturleg nok er det sentrumsområdet som best dokumentert. Det var jo dette området som i hovudsak vart utbygd i perioden 1927-1949. Bustadbygginga der NACo var involvert i er det sentrale temaet. Verksemda var også involvert i bygginga av sjukehuset, ein byggeprosess som er godt dokumentert. Andre forretnings- og teneste bygg er også dokumenterte, fleire av desse vart bygde i tråd med reguleringsplanar og teikningar frå NACo.

Sæbø som bydel, sjølv om dette området også er regulert av NACo sine reguleringsplanar, er dårleg dokumentert via fotografi i Høyanger Verk si fotosamling. Dette var eit bustadområde der utbygginga var initiert av huseigarane sjølve, noko som NACo nemnde som ”privat bebyggelse”. Denne bydelen vaks på mange måtar opp parallelt med sentrumsbusetnaden på andre sida av elva, og hadde like stor innverknad på utviklinga av Høyanger til tettstad som sentrumsområda.

Den samla protokollførte serien fortel ikkje om tettstaden Høyanger si utvikling, men deler av den. Det var dei delane som NACo var konkret var med på å utvikle.⁷³ Slik sett gjev samlinga eit skeivt bilete av utviklinga til Høyanger. Viktige deler er uteletne. Eit anna moment er at i samband med fotografering av det som ein kan karakterisere som prydbilete, er også enkelte viktige deler av Høyanger uteletne. NACo, via fotografen, har her teke ei indirekte verdivurdering av kva som er reperentabelt og vakkert i Høyanger. Mykje tyder på at verksemda og fotografane har lagt vekt på og prioritert sin eigen aktivitet ved fotografering av og i tettstaden. Det er i hovudsak deira innsats som er dokumentert.

⁷³ Sjå vedlegg 7 og 8, på desse karta er NACo sine eigendomar og status markert med fargekodar. I vedlegg 7 er alle eigedommane markert. I vedlegg 8 berre sentrum og Villabyen.

3.2 Kulturlandskap i endring

3.2.1 Kulturlandskap



A: HV – 0573-arkiv1/Eugen Nordahl-Olsen senior



B: SFFF-1993360.129314/Eugen Nordahl-Olsen senior

Fig. 3.2.1 Høyanger sett frå Håland 1919 og 1934: **A:** "573 14-9-1919" (Vedlegg: 10). **B:** "1854. 2/8-34" (Vedlegg: 11).

Ein viktig del av utviklinga til Høyanger er utnyttinga av naturressursane. Før 1916 gjeld dette jordbruk, seinare gav fossekrafta grunnlag for industrireiseing. Både jordbruket og industrien sin aktivitet har konsekvensar for landskapet, og har saman forma eit særlege kulturlandskap.

Med kulturlandskap meiner vi eit landskap som har blitt heilt eller delvis omforma av menneskeleg aktivitet. Korleis har fotografia fanga opp endringane i kulturlandskapet i Høyanger? Korleis kan dei nyttast som kjelde om utviklinga til staden?

Bilete A fig. 3.2.1 var eit av dei første bileta Eugen Nordahl-Olsen senior tok av Høyanger.

Biletet er teke i september 1919 og gir oss statusen for utviklinga til staden på dette tidspunktet. Seinare har han teke fleire andre oversiktsbilete, mellom anna bilete B fig. 3.2.2 i august 1934. Fleire andre fotografar har teke oversiktsbilete av staden både før industrireiseinga starta opp, undervegs i utviklinga, og heilt fram til dagens status. Bileta er tekne frå ulike kantar og vinklar, der ein ser ned på staden i eit panorama perspektiv.


I mellom bilete A og B fig. 3.2.1 kan ein sjå ein stor omforming av kulturlandsskapet, som har endra seg frå eit tilnærma einsidig jordbrukskulturlandskap, fram til eit blanda kulturlandskap. Utviklinga har gått mot eit meir urbant prega kulturlandskap, som kan karakteriserast som småbyens kulturlandskap. Dei store linjene i forminga av kulturlandskapet er fanga opp av fotografa, der endringar over tid er det vesentlege. Korleis kan ein nytte desse og andre fotografi som kjelde til kunnskap om kulturlandskapet?

3.2.2 Jordbruket sitt kulturlandskap

Landskapet som møtte anleggsarbeidarane som kom til Høyangsfjorden i 1916 vart forma av bøndene og deira aktivitet over fleire hundre år. Dale fortel oss i sine beretningar om eit tradisjonelt bondesamfunn som dreiv jordbruk slik vi kjenner det frå andre liknande bygder på vestlandet. På fire av gardane, Sæbø, Hjetland, Håland og Dale låg innmark og utmark i teigblanding. Den siste garden Øren var einbølt. På gardane var det fram mot 1900-talet i hovudsak snakk om eit jordbruk i form av reitebruk etter vestlandsk mønster, der husdyrhaldet var kombinert med åkerbruk. Dei årvisse faste åkrane vart nytta til korn eller poteter, gjødsla av husdyrgjødsel eller tang. Husdyra fekk vinterfôret sitt frå natureng på innmark og utslåttar i utmark. Skogen bestod i hovudsak av lauvtre som mellom anna gav ved til husbruk og sal, der Bergen var ein viktig avtakar. I tillegg vart lauvskogen til dels også nytta som fôr til dyra. Utmarka var kanskje den viktigaste ressursen for bøndene i bygda, spesielt dei store beiteområda i fjellet som var nytta som stølsområde i sommarhalvåret.

Frå tida før industrireisninga finst det fleire bilete som er publiserte i ulike samanhengar som dokumenterer det før industrielle kulturlandskapet. I Høyanger Verk si fotosamling finn ein nokre av desse. Det dreier seg truleg om kopierte og avfotograferte bilete. Det går tydeleg fram av bilete A i fig. 3.2.2 på neste side. Biletet er i fleire samanhengar nytta som illustrasjon av korleis Høyanger, eller Høyangsfjorden, såg ut før industrireisninga kom. Biletet her er slik det er digitalisert i Fylkesarkivet si samling.

Bilete B er teke i 1953, og er truleg teke med bilete A som mal. I eit nummer av ”Høyang-Nytt” er begge desse bileta nytta for å illustrere utviklinga til industristaden.⁷⁴ På bilete A ser ein det før industrielle kulturlandskapet, jordbruket sitt kulturlandskap, som i stor grad er forma av tradisjonelle driftsformer, der åkerbruk med vekt på poteter og korn stod sentralt, kombinert med husdyrhald. Innmarka var ofte i ei blanding mellom eng- og åkerteigar. Den same innmarka på bilete B er nærmast totalt omforma, tilpassa eit meir mekanisert jordbruk, ofte symbolisert med innføring av hestslåmaskina. Bilete B viser oss resultatet av denne prosessen. Bileta sin største kjeldeverdi, sett i forhold til jordbruket sitt kulturlandskap, er opp mot innmarka på flata nærmast som tilhøyrrer garden Hjetland.



A: SFFF-1992050.168126/ukjent



B: SFFF-1993360.130097/Eugen Nordahl-Olsen junior

Fig: 3.2.2 Høyanger oversikt før 1916 og 1953: A: Høyangsfjorden før utbygginga datert til ca. 1908-1909. B: "2672. Juli 1953. Sett fra Hjetlands platoet."

Bilete A fig. 3.2.1 frå 1919 og viser ein industristad i forsiktig vekst.⁷⁵ Det har det gått tre år sidan industrireisinga kom i gang. Det meste av jordbruksarealet er framleis intakt på Hjetland. På garden Sæbø på venstre sida av elva ligg ein ny busetnad som lita klynge på Sæbøtangen nede ved fjorden, resten av arealet med nokre få unntak ser framleis ut til å vere nytta til jordbruksformål. På den gamle innmarka til garden Øren ligg no fabrikkens samt noko

⁷⁴ Høyang-Nytt - nr. 40 (1959) s. 20

⁷⁵ Sjå bilete A fig. 3.2.1 s. 48 og vedlegg 10 for biletanalyse.

busetnad. I utmarka ser ein nokre hus er komne opp. Ser ein vekk i frå Øren garden, så er det meste av det opphavlege jordbruksarealet i Høyanger framleis i drift og intakt på dette fotografiet frå 1919.

Bilete A fig. 3.2.1 viser meir den gamle jordbruksgrenda Høyangsfjorden, enn den nye industristaden Høyanger. Og er difor eit av dei beste oversiktbileta som er tekne av staden med omsyn til dokumentasjon av jordbrukskulturlandskap. Ein ser korleis arealet var organisert. Innmarka var skilt inn i ulike teigar i blanding mellom åker og eng. Gardstun, vegar og steingardar infrastruktur frå jordbruksdrift er godt synlege. Eit viktig element i biletet er alle elvane som har reve opp landskapet. Til høgre i biletet ser ein også klare strukturar i utmarka med hamnehagar. Fleire stader ser ein kornstaurar, noko som fortel at korndyrking framleis er ein framtrudande aktivitet.

Garden Hjetland hadde utskifting av innmarka i 1905. Kartet frå denne utskiftinga viser ein gard med teigblanding og felles tun etter tradisjonelt mønster.⁷⁶ Nydyrkinga byrja på bruk 2 rundt 1890⁷⁷, før utskiftinga kom i gang. Dale kan fortelje om at ein med stålpløgen og stålhorv lett kunde bryte opp gamal voll og myr til åker. Vassjuk jord vart grøfta eller grunngraven. Mineborstål og dynamitt vart teke i bruk.⁷⁸ Jordbruket vart tilpassa hesten og hesteståmaskina. Med utgangspunkt i utskiftingskartet og bileta som viser garden Hjetland tideleg på 1900-talet, kan ein få eit visst inntrykk av korleis jordbruksarealet var organisert før utskiftinga, det vi ser eir eit kulturlandskap som i stor grad er forma av tradisjonelle driftsformer. Etter utskiftingane byrja endringsprosessane for alvor, noko som nyare fotografi har fanga opp. Gamle naturengteigar og åkrar har gradvis blitt omforma til fulldyrka eng og åkrar og elvane kanaliserte. Dette kan ein sjå klare resultat av i bileta frå 1934 og 1953.

I dokumentasjon av denne utviklinga er fotografiet eit godt verktøy. Mellom bilete A og B fig. 3.2.2 har det har det i stor grad gått føre seg ei total endring i driftsformer i jordbruket. I bileta på fig. 3.2.1 ser ein nokre av stega i denne utviklinga dokumentert. Gjennom bileta kan ein følge konsekvensane av endra driftsformer i jordbruket der resultatet blir eit endra kulturlandskap. Men dei fortel lite om utviklinga og arbeidet forut for endringane.

⁷⁶ Sjå vedlegg 1, utskiftingskart for Hjetland.


⁷⁷ Førund (1963) s, 525

⁷⁸ Dale (1951b) s, 11

Kva som ligg bak utsjånaden til jordbruksarealet, og dermed jordbruket sitt kulturlandskapet på Hjetland på 1950-talet, kan ein få eit visst innblikk i ved å ta for seg på tal frå jordbruket for året 1960, da begge bruka var i drift. Tal for bruk 1 dette året fortel at jordvidda på innmarka er 10 dekar åker, 2 dekar hage og 62 dekar eng. På garden var det no 14 kyr og 6 ungdyr. Det er slutt med hest og sauer. Men det er komme til 40 griser. For bruk 2 er tala 4 dekar åker, 0,5 dekar hage og 36 dekar eng. På bruket er det 9 kyr og 3 ungdyr 1 hest og 10 griser.⁷⁹ Det har føregått ei spesialisering mot husdyrhald. Tettstaden og spesielt idrettsbana har gjort sine innhogg. Bøndene på Hjetland har tilpassa seg den nye tid og industristaden sine behov.



A: SFFF-1993360.111906/Schjerven



B: HV-0005/ Schjerven



C: SFFF-1993360.111924/Hall



D: SFFF-1993360.111927/Hall

Fig: 3.2.3 Gardane Øren og Sæbø 1916:: A: "13. 15-4-16. Øren seet fra 150 m cote i rørtrace." B: "5. 12-4-16. Tomter for 2 32 mands barakker." C: "33. Fotografi for perspektivtegning av reguleringsplan 30-4-16" (Datert i fotoprotokoll 06.05.1916). (Vedlegg: 12). D: "36. Fotografi for perspektivtegning av reguleringsplan 30-4-16"(Datert i fotoprotokoll 06.05.1916). (Vedlegg: 13).

I den protokollførte serien finn ein fleire fotografi frå april og mai 1916 tekne av gardane Øren og Sæbø. Bileta er frå før anleggsarbeidet var komme skikkeleg i gang nede ved fjorden, og jordbruket sitt kulturlandskap er stor grad intakt slik dei var i normal drift. Bilete A fig.

⁷⁹ Førstund (1963) s, 523 og 525. Tala er innhenta via ein frivillig jordbruksteljing teke opp som bidrag til "Bygdebok for Kyrkjebø band II, gardsoga."

3.2.3 er eit oversiktsbilete som i hovudsak viser Øren nærmast, men i bakkant på andre sida av elva ser ein også Sæbø. Dette oversiktsbilete viser linjene og strukturen i landskapet. Søkjer ein informasjon om detaljane i kulturlandskapet, gir andre bilete oss eit betre innblikk. Det dreier seg om fotografi som kjem nærmare innpå detaljane i landskapet, noko som kan sjåast på som det nærleste kulturlandskapet. Frå Øren finst slike bilete både frå innmark og utmark som er tekne i samband med bygging av fabrikkannlegget og bustader. Frå Sæbø er tilfanget dårlegare, men desse er sers interessante fordi det året før i 1915 vart føreteke utskifting av innmarka på garden.⁸⁰

Bilete D fig. 3.2.3 viser gardstunet på garden Sæbø samt innmark med eng slåttemark, der hesjar av tradisjonell type framleis var i bruk, desse stod ute heile året.⁸¹ Liknande bilete frå innmark finnest det mange av frå ulike gardar frå Vestlandet. Då er bilete B og C sett i ein større samanheng meir interessante. Hovudmotivet på bilete B er bygging av brakker som bustad for arbeidarane. Desse brakkene kan ein også sjå på bilete A som den kvite flekken til venstre i biletet. Ser ein det i eit jordbrukskulturlandskaps perspektiv er det ein ser i landskapet bakanfor mykje meir interessant. Staden som brakkene blir bygd på ser ut til vere i grensa ut mot utmark, ein ser restar av ein steingard. I utmarka ser ein klare indikasjonar på at trea er styva, trea er beskåre, dette er høgst truleg styvingstre som truleg vart nytta til førsanking av lauv.⁸²

Bilete C fig. 3.2.3 er særst interessant då dette viser korleis strandsona var utnytta, til høgre i biletet ser ein konjekturar av ein åker, her er også ei lita hes.⁸³ Biletet er eit vitnesbyrd på korleis ein nytta det ein i dag ville kalle for marginale jordbruksområde i strandsona. I tillegg ser vi eit vedlad som er plassert i sjøkanten. I bilete er det også to robåtar. Ved sida av den ein ligg det noko som ser ut som tang eller ris frå lauvtre. Biletet dokumenterer eit område og ein aktivitet som truleg både i regional og nasjonal samanheng er dårleg dokumentert gjennom fotografi.

⁸⁰ Sjå vedlegg 2, utskiftingskart for Sæbø.


⁸¹ Sjå vedlegg 12 for biletanalyse.

⁸² Styving tyder hogge toppen av. Eit styvingtre relatert til tradisjonell jordbruksdrift har som regel si form som resultat av mange års lauving. Treet vart lauva kvart 5-7 år, der greiner vart kutta ned og samla i kjerv, tørka og nytta som fôr til husdyra i vinterhalvåret.

⁸³ Sjå vedlegg 13 for biletanalyse.



A: SFFF-1994100.131317/Nordahl-Olsen sen?



B: SFFF-1993360.128941/Nordahl-Olsen sen

Fig: 3.2.4 Kulturlandskap 1920-talet fabrikktomta: A: "15/8-25" Fabrikktomta. B: "1469 8/6.28 oparb. av tennisbane."

Drifta på garden Øren var slutt i 1916. Likevel ser ein spor etter jordbruksaktivitet fleire år etter. På bilete A fig. 3.2.4 frå 1925 ser ein på området bak fabrikkken at strukturane frå det opphavlege jordbruk sitt kulturlandskapet framleis er rimeleg godt intakt. I 1928 vart deler av dette området bak fabrikkken bygd ei tennisbane. Bilete B er teke i samband med arbeidet. På bilete B visast det tydeleg spor av styving på bjørkene som omkransar tennisbana. Pilene peikar mot nokre av trea som har spor slik aktivitet. I andre bilete tekne i på eller i nærleiken av fabrikktomta finn ein også innslag av styvingstre.

Fotografia dokumenterer korleis kulturlandskapet såg ut på eit gitt tidspunkt. Dei fortel oss at det har vore ei utvikling over tid. Det dei ikkje fortel oss er korleis og kvifor dette landskapet har vorte til. For skaffe oss kunnskap om dette må ein søkje i andre kjelder. Beskrivingar frå anna litteratur og utskiftingar er alt nemnd. I tillegg kan heredsbeskrivingane frå 1867, som var ei matrikkelførebuing, gi oss detaljert informasjon om arealbruk, husdyrhald og utmarksbruk. Denne dokumenterer på mange måtar det tradisjonelle jordbruket, som på mange områder langt på veg heldt stand til 1916 i Høyanger. Industriereisinga i 1916 fekk store konsekvensar for jordbruket. Hamskiftet i bondesamfunnet var for alvor komme til Høyangsfjorden. Sjølv om dette hamskiftet hadde vore i utvikling før 1916, så nærmast eksploderte det når industrien kom. Ulike jordbruksteljingar etter 1900 kan gi oss nyttig informasjon om situasjonen til jordbruket i Høyanger. Dette er teljingar som kan følgjast parallelt med fotografi av kulturlandskap.

Det er relativt god tilgang med fotografi som fangar opp dei store linjene i jordbruket sitt kulturlandskapet regionalt. Det dreier seg i hovudsak om landskapsbilete som dei såkalla turistfotografane tok opp. Der mellom anna fotografen Knud Knudsen, som var ein grunnlegar av denne sjangeren, har teke fleire bilete i Sogn og andre stader på Vestlandet. Andre viktige bidragsytarar var Axel Lindahl og Anders Beer Wilse. Formålet med fotograferinga var ofte den storslåtte naturen. Det ein finn av jordbruket sitt kulturlandskap i desse bileta er som regel innmark med tun og hus. I slike motiv blir utmark og ingrediensane der svake konjunkturar. I ein slik samanheng kan dei nærlæste kulturlandskaps bileta frå Høyanger vere med på å gi viktige bidrag til korleis dette visuelt såg ut. Der dei langt på veg også kan representerer eit såkalla tradisjonelt jordbrukskulturlandskap.

I forhold til Høyanger Verk sitt fotoarkiv må ein også ta med at det er ikkje var jordbruket sitt kulturlandskap og ingrediensane der som var hovudmotivet og utgangspunktet for fotograferinga. Det var industrireisinga og moderniseringa som skulle forevigast via fotografiet. Eller fotografiet vart nytta som eit reiskap for planlegging av vidare arbeid. På bilete C og D fig. 3.2.3 står det klart at dei skal nyttast til perspektivteikning for reguleringsplan. Bilete A er eit oversiktsbilete som i hovudsak viser startpunktet for utbygginga av fabrikk. Bilete B dokumenterer framdrifta med bygging av brakker. Fotografia kan i hovudsak karakteriserast som teknisk dokumentasjon, og er del av ein dokumentarisk fotosjanger.

3.2.3 Industrien og tettstaden sitt kulturlandskap

Høyanger vart bygd med utgangspunkti i aluminiumsfabrikk. Der var NACo som grunna, planla og utvikla sjølv tettstaden. På bilete fig. 3.2.1 A frå 1934 ser vi at industristaden har teke form.⁸⁴ No har den fått alle ingrediensane som ein moderne småby og industristad skal ha. Med velregulerte bustadområde, forretningar, skule, idrettsplass og ikkje minst eit sjukehus og veg ut fjorden. Nettopp vegen og sjukehuset var det siste som kom til dette året.

⁸⁴ Sjå vedlegg 11 for biletanalyse.

Fotografiet dokumenterer statusen for det moderne Høyanger. Utviklinga har vore rivande for tettstaden sin del mellom bilete A i fig. 3.2.1 frå 1919 og bilete B frå 1934.⁸⁵ Bileta sett bakfrå med utsikt frå Håland gir kanskje den beste dokumentasjonen på veksten av sjølve tettstaden, og dermed også omforminga av kulturlandskapet frå eit jordbrukskulturlandskap til småbyens kulturlandskap.

I bilete A fig. 3.2.5 ser ein Høyanger sett frå fjordsida. I dette biletet er det fabrikk som er i framgrunnen. Denne tilnærminga, med Høyanger sett frå fjordsida, er den mest vanlege. Det var dette som var ansiktet til Høyanger.



A: SFFF-1993360.129783/Nordahl-Olsen sen



B: SFFF-1993360.129965/Kornberg

Fig: 3.2.5 Høyanger oversikt 1939 og 1949: A: "2315. 12/5-39". **B:** "2338. 26/6-49."

Bilete B fig. 3.2.5 er teke frå ein noko uvanleg vinkel, og er eit av fleire i ein mindre serie med oversiktsbilete som viser Høyanger sett frå ulike sider tekne i 1949. På akkurat dette biletet kjem dei velregulerte industristaden med gater og hus plassert utover etter eit fastlagt mønster godt fram. Det har eit perspektiv tilnærma slik det såg ut på kart og i reguleringsplanen utforma på teiknebrettet.⁸⁶

I lia over fabrikk ser ein utgangen til ein røyktunnelen som kom i drift året før. Røyken frå fabrikk inneheld blant anna fluorgassar frå aluminiumsproduksjonen. Desse gassane hadde

⁸⁵ Sjå fig. 3.2.1 s. 48.

⁸⁶ Sjå vedlegg 3-8, kart over Høyanger.

ein negativ innverknad på vegetasjonen. Utover 1960- og 1970-talet vart skogen i store deler av lia rundt røyktunnelen svidd vekk av forureininga frå fabrikk. Dette er eit moment som ikkje kjem fram i dette biletet, men som tydleg er å sjå i fargebilete frå 1960- og 1970-talet. I 1981 vart fabrikkrøyken reinsa og røyktunnelen sett ut av drift, etter dette har skogen gradvis vakse attende. Slik sett vil bilete B, samt andre bilete som viser området rundt røyktunnelen, vere referansebilete i forhold til seinare fotografi som viser øydelegging av skogen. Fotografi teke ein sommardag per i dag viser ei skogkledd og tilsynelatande frisk li.

Fotografia er tekne på ulike tidspunkt og viser statusen på framsteget i moderniseringsprosessen av Høyanger. Sett i eit fagleg historisk perspektiv er det nettopp denne funksjonen, som kjelde for utviklinga til industristaden, som er det vesentlege bruksområde. Oversiktsbileta frå Høyanger kan i stor grad sjåast på som landskapsbilete og praktbilete som viser industristaden og den idylliske småbyen i sin beste prakt. Dette var bilete som gjerne vart viste andre kor flott det var i Høyanger – som igjen var med på å gi staden eit godt omdømme. I så måte så kan dei sjåast på som eit kulturelt uttrykk. Omforminga av kulturlandskapet er dokumentert – vi ser eit planlagt kulturlandskap som har blitt forma i tråd med arkitektar, ingeniørar og bygningsarbeidarar sin innsats. Vi ser eit levande kulturlandskap i utvikling, forma av Høyangersamfunnet i fellesskap.

3.3 Kraftanlegg

3.3.1 Fotografi av kraftanlegg

I Høyanger Verk si fotosamling er dei store kraftutbyggingane dokumenterte i den protokollførte serien. Bileta frå dette feltet viser i all hovudsak anleggsverksemd. I dei ikkje protokollførte seriane er det fleire bilete frå 1920-talet og fram til 1940-talet som også viser driftsrelatert aktivitet. Desse seriane gir oss dermed eit breiare spekter å spele på i søket etter å nytte fotografiet som kjelde.

Ein sentral konstruksjon i kraftutbygginga er dammen som var sett opp for å regulere bassenget med vatn for å få til ein jamn tilgang på vatn i kraftproduksjonen. I samband med anleggsverksemd og seinare drift vart brakker, andre bygg og infrastruktur sett opp. Øyrevassdraget vart utbygd i 1916-1917. Ein sentral del av dette kraftanlegget var Grimsosdammen som vart sett opp ved utgangen av Nedre-Bergskvievatn. Denne delen av anlegget symboliserer på mange måtar pionerfasen i vasskraftutbygginga og vidare drift av kraftanlegga i fjellet. På Grimsosen var det mellom anna damvaktarbustad og endestasjon for ei taubane.

I samband med ei ny kraftutbygging i 1978-1980 som og omfatta ei ytterlegare oppdemming og heving av vasstanden i bassenget, som no blir nemnd som Bergsvatn, forsvann heile dette lokale opphavlege kulturmiljøet beståande av eit komplett damanlegg med tilhøyrande bygningsmasse. Det einaste som er igjen i dag er sjølve dammen, som ein kan skimte under vatn ved låg vasstand. Bileta frå dette anlegget blir dermed også ei visuelle primærkjelde for dei no tapte kulturminna. I fotosamlinga finn ein fleire fotografi som både viser bygging og drifting av dette anlegget. I tillegg er det nokre interessante bilete frå Kraftstasjon I som viser pågåande vedlikehaldsarbeid.

Skal fotografi nyttast som kjelde må det stillast spørsmål til dei. To sentrale spørsmål i denne samanhengen er: Kva var formålet med fotografere anleggsverksemda? Korleis har fotografia fanga opp aktiviteten og utviklinga på og ved Grimsosdammen? Bygginga av sjølve dammen er godt dokumentert i den protokollførte serien. I tillegg er det i den eine ikkje protokollførte serien fleire bilete frå ettersyn og reperasjon av dammen på 1920-talet. Spesielt interessant er bileta frå ein hovudreperasjon av dammen i 1929. Vidare kan det vere interessant å sjå på korleis vi kan nytte bileta som kjelde sett i eit fagleg historisk perspektiv.

3.3.2 Bygging av Grimsosdammen

Tabell: 3.3.1 Oversikt
fotografi i fotoprotokoll

| Dato | Tal |
|------------|-----|
| 10.08.1916 | 8 |
| 19.02.1916 | 10 |
| 02.03.1917 | 1 |
| 03.04.1917 | 2 |
| 28.04.1917 | 2 |
| 09.05.1917 | 8 |
| 13.05.1917 | 2 |
| 30.06.1917 | 7 |
| 18.07.1917 | 3 |
| 16.10.1917 | 11 |
| Total | 54 |

Kjelde: Fotoprotokoll
Høyanger Verk

fotografi som også var nytta i planleggingsfasen, og er ikkje ein del Høyanger Verk si fotoamling.

Tabell 3.3.1 gir ei oversikt over når og kor mange fotografi og på kva tidspunktet dei vart tekne under anleggsarbeidet på og ved Grimsosdammen. Dei første bileta frå anleggsverksemda vart tekne ein fin sommardag 10.08.1916, sjå fig. 3.3.1 A, B og C på neste side. Denne dagen har fotografen teke både oversiktsbilete og meir detaljerte bilete, som viser ulike sider ved anleggsverksemda. På oversiktsbileta får ein eit inntrykk av korleis det opphavlege landskapet rundt såg ut før utbygginga, eit kulturlandskap som vart nytta som beite for husdyra til bøndene i området. I samband med konsesjonsbehandlingane blir det vist til fotografi som viser til slike områder, nemnd som ubetydelege beiteområde.⁸⁷ Dette var truleg

I bileta A, B og C i fig. 3.3.1 får ein eit inntrykk av kor langt dei var komne i anleggsarbeidet. Framdrifta i anleggsarbeidet blir vidare oppfølgt og dokumentert via fotografiet framover til det stod ferdig hausten 1917. Bilete D og E er to av ti av bilete som viser ulike sider av anleggsdrifta tekne den 19.02.1917. Desse bileta saman med F er kanskje dei mest interessante frå anleggsarbeidet på Grimsosdammen. Det er vinter og dei har bygd eit overbygg, som kan karakteriserast som eit telt, over dammen. Bilete F, teke to veker seinare, viser innsida av dette teltet.

Den første Grimsosdammen var av typen gravitasjonsdam bygd av betongkjerne med steinkledning mot luft- og vassida.⁸⁸ Som bileta dokumenterer var teltet ein viktig del av anleggsverksemda om vinteren. Dette heldt snø og is vekk frå arbeidsstaden. Like viktig var det at det gav moglegheit for å fyre og halde varmen oppe under bygginga, som igjen var ein føresetnad for å kunne jobbe med betong når det var kuldegrader.

⁸⁷ St. prp nr 141. (1914) s, 4


⁸⁸ Solem (1954) s, 310



A: SFFF-1993360.111951/Hall



B: SFFF-1993360.128309/Hall



C: SFFF-1993360.128307/Hall



D: SFFF-1993360.128410/Helgesen



E: SFFF-1993360.128412/Helgesen



F: SFFF-1993360.128445/Helgesen

Fig: 3.3.1: Bygging av Grimsosdammen. A: "No 62. Barakken ved Grimsos 10-8-16". **B:** "No 67. Stenbruddet. 10-8-16. Bergstenskvienvand". **C:** "No 65. Damfot. Bergstenskvienvand. 10-8-16". **D:** "No 176. Dam ved Grimsos 19/2.17". (Vedlegg: 14). **E:** "No 178. Dam ved Grimsos 19/2.17". (Vedlegg: 15). **F:** "No 211. Form no. 3, Grimsos 2/3.17". (Vedlegg: 16).

Sett på avstand viser bilete D og E ein tilsynelatande ryddig og ordna arbeidsplass.⁸⁹ På bilete F er inntrykket noko anna, der det er tilsynelatande meir kaotisk.⁹⁰ Dette er eit nærbilete frå ein konkret arbeidsstad. Detaljar som t.d lamper samt anna utstyr og verktøy som blei nytta i arbeidet, kjem godt fram. På biletet skimtar vi tre personar, han til høgre er tydeleg observant

⁸⁹ Sjå vedlegg 14 og 15 for biletanalyse.

⁹⁰ Sjå vedlegg 16 for biletanalyse.

på fotografen og har stilt seg opp i positur for fotografering. I bakgrunnane kan ein skimte ein skugge av ein person i rørsle frå venstre mot høgre. I bak kant står det ein tredje person med ryggen til. Personane i biletet har truleg vore lite sentrale, dei kom tilfeldigvis med. Fototeknologien har ikkje klart å fange opp raske rørsler under dei rådande lystilhøva. Mogeleg at det vart gjort tiltak for å betre dette for å få best mogeleg bilete. Kanskje er det opna opp i teltet for å slepp inn meir lys, eller har det vore nytta kunstig lys?

Fotografen har truleg teke eit utsnitt av denne arbeidsplassen slik den sto fram akkurat i den augeblinken, det ser ikkje ut som om det er rydda eller gjort andre tiltak for betre inntrykket. Det kan tyde på at det i liten grad er arrangert. Ei samla vurdering av dette enkeltbiletet frå arbeidet i teltet er at det er langt på veg eit autentisk bilete som dokumenterer ein konkret arbeidsplass.

Det er sjølve bygginga av dammen som blir dokumentert på bilete F. Ein ser steinmuren i utkanten til høgre. I midten, i sjølve kjernen, ser ein betongen som blir blanda med brotstein. I fylgje skisse kan kjernen bestå av $\frac{1}{4}$ brotstein i mørtel.⁹¹ Det er truleg denne typen stein som blir transportert på sledane på bilete E, og som er lagra i framkant av bilete D. Fotografia tekne frå dette anlegget gir samla sett oss informasjon om, og eit innblikk i korleis arbeidet var organisert. Mellom anna går det fram at dammen vart bygd i seksjonar. Bileta frå arbeidet på og ved Grimsosdammen under bygginga kan i hovudsak karakteriserast som teknisk dokumentasjon. Formålet med fotograferinga var å vise framdrift av anlegget av teknisk karakter. Eit arbeidet som var følgt og dokumentert via fotografa fram til hausten 1917, da anlegget stod klar til bruk.

Fleire av bileta er tekne same dagen, der dei blir presentert nærast i ei reportasjeform som viser anlegget sett frå ulike sider med fleire aktivitetar. Parallelt med bygging av Grimsosdammen vart også Kråkosendammen bygd. Bileta frå dette anlegget har same karakter og innhald som dei frå Grimsosdammen. Denne måten å dokumentere eller rapportere frå kraftanlegga på var og gjennomført på dei andre delane av kraftutbygginga den første anleggsperioden i 1916-1917. Dei seinare store kraftutbyggingane i 1937-1938, og på 1950-talet følgjer langt på veg den same malen, der ein følgjer anlegget frå start til det er ferdigstilt.

⁹¹ Solem (1954) s, 301

3.3.2 Grimsosdammen, reoperasjon

Fleire bilete tekne utover 1920-talet indikerer at det er problem med Grimsosdammen. Nær bileta viser at betongen i fugene nokre stader er i ferd med å forsvinne. Bilete 3.3.2 A frå 1927 viser inspeksjon av sprekkene.⁹² Bilete B viser midlartidig retting av problemet ved å slå inn trekilar i dei.




A: SFFF-1994100.140154




B: SFFF-1994100.140156



C: SFFF-1994100.139914



D: SFFF-1994100.140120



E: SFFF-1994100.139323



F: SFFF-1994100.140121

Fig. 3.3.2 Inspeksjon og reoperasjon av Grimsosendammen. (Vedlegg: 17). **A:** "Grimsosen 1927". Inspeksjon av fuger. **B:** "Grimsosen 1927". Førebels reoperasjon av fuger. **C:** "2/6-28". Inspeksjon av dam. **D:** "20/8-29". Reoperasjon av Grimsosdammen. **E:** Arbeidslag i arbeid på dammen. (Vedlegg: 18). **F:** "Okt. Nov. 1929". Utvasking av betongkjerne på dam. (Vedlegg: 19).

Lekkasjar på dammar av tilsvarende type bygd på om lag på same tid er kjent og beskrive. Ein av desse var Tunnhovddammen i Numedalslågen. Problemet var såpass stort at Den Norske Ingeniørforeining sette ned ein eigen undersøkingsskomité for å finne ut av tilhøva. Ut frå dette

⁹² Sjå vedlegg 17 for biletanalyse.

arbeidet kom det ein rapport i 1930. Denne peika mellom anna på at det vart nytta for lite sement i betongblandinga.⁹³ Andre årsaker har vore nemnt, som dårleg arbeid kombinert med dårleg kvalitet på sanden som var nytta, og bruk av for mykje brotstein. Om Grimsosdammen er det nemnd at årsaka var syre i vatnet som tærte på sementen som var nytta.⁹⁴ Bilete fig. 3.3.1 F frå bygginga av Grimsosdammen vinterstid, kan kanskje vere med på å gi svar på nokre av problema som oppstod seinare.⁹⁵ Årsaksforholda vil det ikkje bli teke stilling til i denne omgang. Men bileta nytta opp mot andre kjelder kan truleg vere med på å klargjere årsakene til lekkasjar og dårleg betong.

I mai 1929 vart det sett i verk hovudreperasjon av Grimsosdammen for å rette på problemet med lekkasjar og forvitring av betongen. Ei munnleg kjelde som var med på dette arbeidet har beskrive at dei bora hol inn i muren og så spyla dei ut all massen og jorda. Deretter forskala dei igjen fugene for deretter å sprøyte inn fin sand og sement. Arbeidet heldt på heilt fram til julaftan, då var det både snø, slaps og styggevær.⁹⁶

Bileta fig. 3.3.2 D, E og F viser deler av reparaasjonsarbeidet, ein får eit inntrykk av korleis dei gjekk fram. Det vart nytta flåte og dei bygde opp stilas for å kunne jobbe på vassida. Verktøy og utstyr som vart nytta er vist i bileta. På bilete E ser ein tydeleg fem av arbeidarane som utførde arbeidet. Dette er berre tre av bileta tekne i samband med reparaasjonsarbeidet. Andre bilete viser andre deler av prosessen. Fleire av dei er tekne såpass nær og har relativt mange detaljar. Samla vurdert gir desse bileta eit relativt godt innblikk i korleis dei gjekk fram for å utføre reparaasjonsarbeidet på dammen.

På bilete E og F ser ein at det er snø på bileta, elles går det klart fram at det var ein fuktig og delvis skitten jobb.⁹⁷ Sjølv om det er oppsett stilas så føregår det klatring og usikra arbeid, det vi dag ville karakterisere som farleg arbeid. Slik sett er deler av det fysiske arbeidsmiljøet dokumentert. Det vi ikkje får indikasjonar om er støy. Eit anna forhold som ikkje kjem fram er om arbeidsklea er gode nok for å halde kulden og fuktigheita ute. Sett med dagens auge kan desse bileta vere med på å sjå på mellomkrigstida verne- og tryggleiksarbeid - eller gjerne mangel på slikt. Ein får eit lite kort innblikk i datidas arbeidskultur.

⁹³ Thue (2006) s, 179 ff

⁹⁴ Veteranopphald Dragsvik Fjordhotell (1987) s, 26. I dette intervjuet er ikkje arbeidet på Grimsosen noko sentralt tema, men kjem opp som ein del av ein informant si arbeidskarriere.

⁹⁵ Sjå vedlegg 16 for biletanalyse.

⁹⁶ Veteranopphald Dragsvik Fjordhotell (1988) s, 26.

⁹⁷ Sjå vedlegg 18 og 19 for nærmare detaljar om arbeidstilhøve.

Informasjonen frå informanten som var med på hovudreperasjonen i 1929 blir stadfesta av bileta. Dei utfyller kvarandre, informanten fortel kva arbeidet gjekk utpå. Fotografia fortel delvis korleis arbeidet vart organisert. Eventuelle skriftlege rapportar og anna skriftleg grunnlagsmateriale frå dette arbeidet samt teikningar kan vere med å gi ytterlegare innsikt i arbeidet. Liknande hovudreperasjonar er utført seinare, beskrivingar og bilete frå desse arbeida kan også delvis vere med på gi informasjon og betre forståing av den jobben som vart gjennomført i 1929.

3.3.3 Kraftstasjon I, vedlikehald

Kraftstasjonen som tok i mot vatnet frå Grimsosdammen var bygd på fabrikkområdet vegg i vegg med den første aluminiumsfabrikken. Bygginga av denne og seinare ombyggingar er dokumentert i fotosamlinga, og har relativt lik tilnærming som dei ein finn frå Grimsosen, der pågåande arbeid blir dokumentert. Men frå denne eldste permanente kraftstasjonen, som seinare fekk nemninga Kraftstasjon I, finn ein nokre særst interessante bilete teke på 1920- og 1930-talet som har ei litt anna tilnærming. Dette er bilete viser vedlikehald av kraftaggregata, som i hovudsak bestod av ein vassdriven turbin og generator, som stod for produksjonen av straum til fabrikk og tettstaden. Under drift blei turbinane og generatorane og andre deler slitne, eller det oppstod havari. Korleis har fotografia fanga opp vedlikehaldet av kraftaggregata på kraftstasjonen?

Bilete A fig. 3.3.3 på neste side viser eit pågåande vedlikehaldsarbeid med reperasjon av viklingane på eine generatoren. Det som føregår er bandagering, eller pålegging av ståltråd på ankerviklingane. Formålet med bandageringa var å halde viklingane på plass slik at dei ikkje vart slynga ut av sentrifugalkreftene når generatoren var i drift. Fotografiet er tydelege arrangert. Meininga er nettopp å vise denne arbeidsoperasjonen.⁹⁸ Sett i eit fagleg historisk perspektiv er dette interessant. Gjennom biletet får vi eit innblikk i korleis arbeidet vart utført. Det viktigaste ein får innsyn i er korleis arbeidsoperasjonen var organisert. Vi ser omtrentleg kor mange som måtte til for å utføre arbeidsoperasjonen. Kva dei konkret gjer får vi ikkje noko direkte inntrykk av. Berre passar dei på, eller må dei gjere noko fysisk i samband med arbeidet? For å få dette til må ein rotere generatoren. Korleis vart dette gjort? Dette er tilhøve ein må finne svar på gjennom andre kjelder.


⁹⁸ Sjå vedlegg 20 for biletanalyse.

Årsaka til at denne reparaasjonen måtte til finn ein svar på i bilete B og C fig. 3.3.3. I desse to bileta viser klare spor etter slitasje på generatoren, i følgje biletteksten dreiar det seg om defekt isolasjon. Bileta er datert to dagar før bilete A er teke. I samlinga finn ein også eit bilete til av same generatoren teke dagen i mellom desse. Dette viser reparaasjon av defekte ankerleiarar. Alle desse bileta er viktige kjelder om ein søker informasjon om vedlikehald av generatorar. Men dei kan ikkje stå åleine, dei må supplerast av andre kjelder.

Arbeidarane på biletet A er ulikt kledd og har tydeleg ulike posisjonar i arbeidsoperasjonen. Personen som er nr. to frå høgre han er oppdressa og har slips. På hovudet har han maskinluve, han var tilsett på kraftstasjonen som maskinmeister. På bilete D er personen som er nr. to frå høgre med slips identifisert, han hadde stilling som maskinist på kraftstasjonen.




A: SFFF-1994100.131402



B/C: SFFF-1994100.131347/SFFF-1994100.131346



D: SFFF-1994100.131978



E: SFFF-1994100.131337

Fig: 3.3.3 Vedlikehald av aggregat i Kraftstasjon I: **A:** "Banding av Gen. I. 29/7-32". (Vedlegg: 20). **B:** "Defekt leder isolasjon. Fabrikkside Gen. I. 27/7-32". **C:** "Defekt isolasjon inner bandage, fabrikkside Gen. I. 27/7-32". **D:** "6/9-35". Vedlikehald av vekselstrømsgenerator. **E:** Vedlikehald av turbin.

Det var vanleg praksis at maskinistane på kraftesjone gjekk med slips, smørarane gjekk i vanleg lomp.⁹⁹ Både maskinmeisteren og maskinistane var å rekne for tekniske funksjonærar og overordna dei andre på kraftstasjonen. Dei gjekk standsmessig kledd etter sin posisjon, medan smørarane som var rekna for vanlege arbeidarar gjekk i vanlege arbeidskle. I fotografia kan ein få dokumentert ulike kleskodar mellom tildømes funksjonærar og arbeidarar.

Bilete A og D fig. 3.3.3 kan kategoriserast som både teknisk dokumentasjon og portrett, dei har i seg viktige element frå begge sjangrane. Der det har vore viktig å dokumentere dei tekniske sidene, samtidig som personane på bileta er arrangert og portrettert etter samtida sine konvensjonar. Ein kan samanfatte det med at fotografen har portrettert personar i samband med ein pågåande arbeidsoperasjonar. Desse to bileta er ikkje den typiske tilnærminga for bileta frå Kraftstasjon I. Utanom desse to er berre eit fåtal som kombinerer sjangrane portrett og teknisk dokumentasjon, likevel er dei interessante fordi dei så bevisst søker å formidle noko. Dei fleste fotografia frå kraftstasjonen har ei tilnærming som rein teknisk dokumentasjon med bilete av maskindelar, som på bilete B og C, eller det er bilete som portretterar personar på deira arbeidsplass. Ei anna tilnærming er noko som minner om augeblikksbilete frå pågåande arbeid, noko som bilete E er eit døme på.

3.3.5 Fotografane si tilnærming

I den protokollførte serien av Høyanger Verk si fotosamlinga som omhandlar kraftanlegget, er meininga bak den fotografiske aktiviteten relativt klar – dokumentasjon av pågåande arbeid. I dei ikkje protokollførte serien er den teknisk dokumentariske tilnærminga også godt tilstades, men gjerne ikkje gjennomført så strengt og formelt som i den protokollførte serien. Fleire av bileta har ein meir uformell i tilnærminga. Dei stive utsnitt og arrangementa av bileta er mindre framtrødande.

Identiteten til fotografen eller fotografane bak bileta frå kraftanlegga i dei ikkje protokollførte seriane er førebels ukjend. NACo og Høyanger Verk sin faste fotograf Nordahl-Olsen senior kan stå bak nokre av dei. Men mykje kan tyde på at det i stor grad er ingeniørar eller funksjonærar ved A/S Høyangfaldene som har teke dei fleste, enten på oppdrag frå verksemda eller privat initiert. Årsaka til at dei har hamna i Høyanger Verk si fotosamling kan ha sin

⁹⁹ Intervju Ander Berge 22.02.2008. Lomp er eit uttrykk nytta om vanlege arbeidskle.

bakgrunn i at Nordahl-Olsen senior kan ha framkala bileta og teke vare på negativane, eller dei har blitt overlevert Høyanger Verk sitt fotoarkiv ved eit seinare høve.

Fleire av fotografia som viser reparasjonsarbeid på Grimsosdammen har ein meir uformell stil. Ein kjem nærmare personane og objekta som er avbilda, til dømes let alle arbeidarane på bilete E fig. 3.3.2 seg identifiserte.¹⁰⁰ Bakgrunnen og formålet fotograferinga kan vere noko uklar. Dei bileta som viser berre tekniske detaljar kan nemnast som teknisk dokumentasjon, og er tekne for å dokumentere viktige forhold ved verksemda sin aktivitet. Andre bilete som viser både teknisk dokumentasjon og personar i arbeid, kan truleg ha sitt utgangspunkt med tanke på privat bruk.

At identiteten til fotografen er ukjent, gjer det også vanskeleg å bedømme om fotografia hadde nokon klar offisiell funksjon for verksemda, som i denne samanheng i stor grad dreia seg om A/S Høyangsfaldene og ikkje NACo. Bileta som i hovudsak viser tekniske detaljar kan ha hatt det. Medan dei fleste av fotografia som portretterer personar, og fleire av augeblikksbileta som viser pågåande arbeidet, truleg har hatt ei meir privat tilnærming.¹⁰¹ Eit unntak her er bileta frå kraftstasjonen der personane blir portretterte i samband med ein pågåande arbeidsoperasjon. Dei har truleg hatt ein offisielle funksjon for verksemda, der aktivitet ved kraftstasjonen blir dokumentert.

Det er hittil i denne delen av oppgåva analysert og vist til bilete frå reparasjonsarbeid på Grimsosdammen og Kraftstasjon I. Blandinga mellom den offisielle og den meir uformelle tilnærminga, er eit gjennomgåande trekk for dei fleste bileta som er å finne i dei ikkje protokollførte seriane som omhandlar kraftanlegga i perioden 1920-1945. Desse omhandlar i stor grad utbygging, drift og vedlikehald på Kraftanlegg I. Generelt er det vanskeleg for fleire av bileta å dra eit fast skilje i kva som er initiert av verksemd og kva som er privat initiert. Som ei samla vurdering kan denne delen av samlinga sjåast på som ei halvoffisiell framstilling sett frå verksemda si side.

¹⁰⁰ Sjå s. 62.

¹⁰¹ Sjå vedlegg 17, 18 og 19 for biletanalyse.

3.4 Fabrikkannlegg

3.4.1 Fotografi frå fabrikkann

Dei aller fleste bileta i den protokollførte serien frå fabrikkann er knytte opp mot byggeaktivitet. Det er klart færre bilete som viser andre forhold slik som drift. I dei ikkje protokollførte seriane er det også fleire motiv frå arbeidslivet ved fabrikkannlegget. Fleire av dei er overskotsmateriell som ikkje har komme med i den protokollførte serien. Men i tillegg er det fleire gruppe- og portrettbilete av arbeidarar og funksjonærar i frå ulike avdelingar på fabrikkann, samt nokre bilete knytt opp mot spesielle hendingar. Det interessante i denne samanheng blir å sjå på: Korleis er ulike sider av aktiviteten frå arbeidslivet ved fabrikkannlegget fanga opp av fotografiet? Ein anna innfallsvinkel er: Korleis har fotografia fanga opp fabrikkssystemet, om korleis fabrikkann fungerte, med produksjonsmåtar, arbeidsdeling og administrasjon av fabrikkann?¹⁰²

3.4.2 Dokumentasjon av eit fabrikkannlegg, Oksydfabrikkann

Oksydfabrikkann vart bygd i 1928, og seinare utvida i fleire omgangar. Den var i drift fram til 1969. Bygningsmassen vart seinare rive for å få plass til ny aktivitet på fabrikkanntomta. I denne samanheng kan det vere interessant å sjå på: Korleis har fotografiet fanga opp aktiviteten til Oksydfabrikkann?

Tabell: 3.4.1 Oksydfabrikkann, digitaliserte bilete 1927-1949.

| År: | Bygg | Drift | Total |
|--------------|------------|-----------|------------|
| 1928 | 290 | 20 | 310 |
| 1929 | 0 | 3 | 3 |
| 1931 | 0 | 6 | 6 |
| 1932 | 2 | 0 | 2 |
| 1933 | 3 | 2 | 5 |
| 1937 | 13 | 10 | 23 |
| 1938 | 37 | 0 | 37 |
| 1939 | 9 | 0 | 9 |
| 1940 | 5 | 19 | 24 |
| 1941 | 5 | 0 | 5 |
| 1949 | 0 | 7 | 6 |
| Total | 364 | 67 | 431 |


Kjelde: Fylkesarkivet.

Tabell 3.4.1 gir ei oversikt over dei åra det var teke bilete og av kva aktivitet. Byggeaktivitet er det sentrale motivet med heile 364 bilete. Den klart store mengda er frå bygginga i 1928 med 290. Etter 1928 er det registrert 74 byggerealerte motiv. Dette dreier seg om moderniseringar og utvidingar av oksydfabrikkann.


Bilete A og B, fig. 3.4.1 neste side, er tekne under bygginga i 1928. A er teke heilt i startfasen og viser reising av dei første konstruksjonane til det som seinare skulle bli Slaggomnshuset.

Bilete B viser bygging av ein kalsineringsomn, som seinare var grunnlaget for ein eigen prosess eining nemnd som


¹⁰² Kjeldstadli (1989) s. 17. Omgrepet fabrikkssystem blir av Kjeldstadli her relatert til det gamle fabrikkssystemet ved Kværner Brug og Christiania Spigerverk. Fabrikkannlegget i Høyanger er av nyare dato og det er anna type produksjon der. Likevel er omgrepet fabrikkssystem med det innhaldet som Kjeldstadli skisserer gangbart for drifta ved fabrikkann.




A: SFFF-1993360.128654/Nordahl-Olsen senior



B: SFFF-1993360.128880/Nordahl-Olsen senior




C: SFFF-1993360.129097/Nordahl-Olsen senior



D: SFFF-1993360.129841/Nordahl-Olsen senior



E: SFFF-1993360.129403/Nordahl-Olsen senior



F: SFFF-1993360.129872/Nordahl-Olsen senior

Fig: 3.4.1 Oksydfabrikken. **A:** "1155. 18/2-28 Ovnshus, søilen". **B:** "1408. 25/5-28 Calc. ovn montage". (Montering av kalsineringsomn). **C:** "1629. 6/8-28 Startning av ovn nr. 2 – den første tapning". **D:** "2373. 14/3-40 Ny kals. bygn. ovn montage". **E:** 1944. 3/6-37 Oks. Fabrikk, elekt, smelteovn". **F:** 2404. 6/12-40 OF. ny cal. Ovn".

Kalsineringa. Begge bileta gir oversikt over deler av anleggsområdet til det som samla sett vart nemnd som Oksydfabrikken. Bileta frå byggeprosessen frå dette anlegget vekslar mellom liknande mindre oversiktsbilete av enkelt deler av den framtidige fabrikk og meir nærbilete av konstruksjonane og dei enkelte maskindelane.

Ei vesentleg årsak til den store mengda av bilete frå Oksydfabrikken er at produksjon av oksyd krev fleire ulike prosessar. Bilete A, C, og E er relatert til Slaggomnshuset. I denne avdelinga vart råstoffa bauxitt¹⁰³, kalkstein og koks ført inni ein elektrokjemisk prosess som skilde jern og slagg frå kvarandre. Slagget gjekk så vidare i fleire prosessar som mellom anna omfatta knusing og vasking. Siste del av prosessen var Kalsineringa, der prosessen består i å varma opp produktet til 1300 grader i ein 60 meter lang roterande kalsineringsomn, sjå bilete B, D og F, fig. 3.4.1. Sluttproduktet oksyd gjekk vidare til aluminiumsfabrikkane som råstoff for aluminiumsproduksjonen.

Totalt er det registret 67 driftsrelaterte bilete fordelt over fleire år. Dei første er tekne same året som fabrikkens vart bygd i 1928, dette året er det registrert 20 bilete frå drift. Av dei er 13 tekne i samband med oppstarten av eine smelteomnen i Slaggomnshuset. Bilete C, fig. 3.4.1, er eit av desse. På dette ser ein fleire personar med hatt og frakk samla rundt smelteomnen. Dette er truleg ingeniørar, funksjonærar og andre leiarar som var tilstades for å få med seg denne viktige hendinga, oppstarten av fabrikkens. Bileta frå denne hendinga er i så måte lite truverdige sett i forhold til den vidare drifta. Da er bilete E meir interessant, biletet er del av ein serie som presenterer ulike sider av drifta og produksjonen på fabrikkannlegget i 1937.

I 1929 er det teke tre bilete frå drift, desse omhandlar ein større vedlikehaldsoperasjon, eit av desse blir presentert nærmare seinare i teksten.¹⁰⁴ Bilete F fig. 3.4.1 er direkte prosessrelatert, og er teke i 1940, same året som ein ny kalsineringsomn vart montert, sjølve monteringa visast på bilete D. I alt er det registrert 11 bilete som viser ulike sider ved drift av den nye kalsineringsomnen. Bileta frå drift av denne omnen dokumenterer i stor grad maskiner, konstruksjonar og ulike funksjonar. Og er i stor grad ei vidareføring av dokumentasjon under byggearbeidet, der dei dokumenterer at bygge arbeidet er fullført og at maskinene har komme i drift.

I 1931 er det teke seks bilete av ein stålomn sett frå ulike sider i drift. I fotoprotokollen står det som merknad til desse, ”(overstreka tekst) i conf. med ing. Hygen sendt oslokontoret 11/3-

¹⁰³ Bauxitt er råstoffet som oksyd og til slutt aluminiumen blir vunne ut ifrå. Denne inneheld også jarn, som var eit biprodukt som vart produsert i Oksydfabrikken.

¹⁰⁴ Sjå vedlegg 27 for biletanalyse.

32”.¹⁰⁵ Bileta har truleg vore nytta i korrespondanse med hovudkontoret til NACo i Oslo. Dette peikar mot eit viktig bruksområde for bileta.

Relatert til krigsåra så har nokre av bileta spesiell interesse. Går ein til 1940 og driftsrelaterte bilete, så er åtte knytt opp mot bruk av andalusitt og labradorstein. Dette er aluminiumshaldige bergartar som vart nytta i staden for bauxitt, som var mangelvare under krigen. Biletteksten som fortel oss dette. Utan denne teksten hadde dette vore vanskeleg å identifisere akkurat dette.

Det ser ut til at bakgrunnen for fotograferinga i og av Oksydfabrikken i all hovudsak har vore med tanke på dokumentere ulike tekniske sider, der bygginga og utvidingar av fabrikkjen var det sentrale. Bileta frå Oksydfabrikken kan i all hovudsak sjåast på som teknisk dokumentasjon som viser bygging og drift ved ulike prosessavdelingar i fabrikkjen. Dei same konstruksjonane og maskinene som var avbilda under bygging vart også fotografert i drift. Slik sett kan ein gjennom bileta følge livsløpet til fabrikkjen i ulike fasar, frå bygging til drift. Ikkje minst så er utviklinga med utvidingar og ombyggingar interessant. Desse fortel oss at fabrikkjen vart stadig utvikla. Bileta frå vedlikehaldsarbeid gir oss innblikk i korleis dette vart utført. Bilete tekne under andre verdskrigen dokumenterer bruk av alternative råstoff. Bileta frå drift i ulike prosessavdelingar kan gi oss eit inntrykk av sjølve produksjonsprosessen.

Samanliknar ein bileta frå Oksydfabrikken med bilete frå andre einingar og avdelingar, ser ein eit visst mønster som kan overførast til desse. Bygginga av sjølve fabrikkjen eller bygget er den viktigaste delen av den fotografiske dokumentasjonen. Seinare ombyggingar og innføring av ny teknologi vart dokumentert. Vidare finn ein ofte bilete som er driftsrelaterte rett i etterkant av at det er sett i drift. Tillegg er det nokre mindre seriar som viser drift frå ulike einingar og avdelingar, eit døme på dette er ein serie frå 1937, som blir presentert næramre seinare i teksten.¹⁰⁶ Gjennom fotografia får ein eit visst inntrykk av den tekniske sida av fabrikkssystemet på fabrikkjanlegget. Men bileta åleine gir oss ikkje alle svar. Dei er i stor grad tekne i samband med spesielle hendingar som t.d bygging og driftsendringar eller problem. Fleire år er det ikkje teke bilete i og av Oksydfabrikken. Skal ein gå nærmare innpå drifts og arbeidsforhold er andre kjelder betre eigna. Bileta kan gi oss betre forståinga av dei andre kjeldene.

¹⁰⁵ Ingeniøren er høgst truleg Hans Hygen som også var verkdirektør ved Høyanger verk frå 1921 til 1955.

¹⁰⁶ Meir om dette på side 78.


3.4.3 Byggeaktivitet, AF Serie C

Fotoapparatet har vore med i mest alle byggeprosjekta på fabrikkområdet sidan dei første spadetakane i 1916. Gjennom fotografiane kan utviklinga følgjast over tid med nybygging, ombyggingar og utvidingar. Ikkje alle byggeprosjekta er like godt dokumentert. Det er spesielt dei store byggeprosjekta med etableringa i starten i 1916-1917, bygging av Oksydfabrikken i 1928, bygging av ny aluminiumsfabrikkserie i 1938-1939, AF Serie B, og tilslutt bygging av ein tredje aluminiumsfabrikkserie i 1956-1958, AF Serie C, som er best representert i fotosamlinga. Men også andre mindre prosjekt er interessante å følgje. Spesielt kan nemnast ombygging og modernisering av Støyperiet i 1933, fleire utvidingar av Oksydfabrikken 1937-1941, bygging av eit reinseanlegg i 1943 og utviding av kontorbygget i 1953-1954. Av krigshistorisk verdi kan nemnast at ein finn dokumentert fleire tilfluktsrom under bygging og ferdigstilte i 1941.

Eit av dei best dokumenterte anlegga er bygginga av AF Serie C i perioden 1956-1958 med 95 bilete som direkte viser byggeaktivt på tomte. I tillegg er det fleire andre bilete som indirekte er relatert til byggeprosjektet. Anlegget markere endepunktet på den perioden som her er undersøkt. Fotograferinga har fått ein klart definert form bygd på tradisjonar frå dei tidlegare byggeprosjekta. Samtidig er dette anlegget så nær i tid at arbeidarar og andre som var involvert kan nyttast som munnlege kjelder til sjølve anleggsdrifta. På den bakgrunn kan ein stille spørsmålet: Korleis har bileta frå bygginga av AF Serie C fanga opp anleggsaktiviteten?

Dei første bilete som direkte er relatert til bygging av AF Serie C er frå 1952. Dette er bilete som viser tomte der bygget skal komme, og eit av ein mur i området. Desse er truleg prospektbilete som viser område det er planlagt ein ny aluminiumsfabrikk. Dei første bileta frå sjølve anlegget er tekne 28.06.1956 og viser i stor grad utgravingsarbeid og vegbygging. Seinare same året, 03.09.1956, er mellom anna bilete A og B i fig. 3.4.2 tekne. Bilete A er eit oversiktsbilete som viser anleggsområdet, der det no går føre seg utgraving og transport av massar. Ein ser at det blir nytta gravemaskiner og lastebilar til arbeidet.¹⁰⁷ Detaljane frå byggeplassen kjem betre fram på andre nærbilete. På bilete B ser ein at noko av massane vart nytta til utfylling av Hjetlandstjørna. Bileta følgjer ikkje berre sjølve arbeidet på tomte, men også massane som blir nytta til andre formål andre stader i tettstaden.


¹⁰⁷ Sjå vedlegg 21 for biletanalyse.



A: SFFF-1993360.130222/Nordahl-Olsen junior



B: SFFF-1993360.130245/Nordahl-Olsen junior



C: SFFF-1993360.130295/Nordahl-Olsen junior



D: SFFF-1993360.130339/Nordahl-Olsen junior



E: SFFF-1993360.130391/Nordahl-Olsen junior



F: SFFF-1993360.130397/Fimreite

Fig: 3.4.2 Bygging av AF Serie C. **A:** 2797. 3/9-56. Utgraving av tomt. (Vedlegg: 21). **B:** 2820. 3/9-56 Plassering av masse ved Hjetlandstjørn. **C:** 2970. 10/4-57. Nordvestre del av omnshus. **D:** 2914. 14/10-57 Montasje av jernkonstruksjonar og plateledning. (Vedlegg: 22). **E:** 2964. 28/5-58. Støyping av heller. (Vedlegg: 23). **F:** 2969. 1/7-58. Start. (Biletet er kuttet og tilpasse det andre formatet til dei andre bileta.)

Noko av denne massen inneheld også forureining, då tomta før hadde vore nytta til deponering av avfall og lageringstad for råstoff.

Bileta viser vidare at det nye fabrikkbygget veks fram i ulike fasar. Først støyping av grunnmur, sjå døme bilete C fig. 3.4.2, dernext oppsetting av jernkonstruksjonar og montering av kledning og tak, sjå bilete D. Deretter byrja innreiinga av fabrikk med montering av blant anna omnar og støyping av heller/golv, som er dokumentert på bilete E. Til slutt blir oppstarten dokumentert på bilete F. Fotografia varierer mellom oversiktsbilete som A, B og F, til bilete frå enkeltområde som C og D, til ein kjem heilt innpå detaljane og arbeidsoperasjonane som på bilete E. Hovudvekta ligg på bilete av typen C, D og E, der C og D er det mest typiske. Fotografen har ein distanse til motivet, menneska som er med på bileta er ikkje direkte fokusert. Det er det tekniske som er det vesentlege, arbeidarane opptrer mest som statistar. Fotografia står fram som nøytrale vitnesbyrd frå ein arbeidsplass. Bilete E avvik delvis frå dette, her er personane som utføre arbeidsoperasjonen meir i fokus.¹⁰⁸ Sjølv om personane er sentrale, så er formålet med fotograferinga også her, heilt klart vore som ein del av den teknisk dokumentasjon av eit pågåande byggeprosjekt.

Ser ein vidare med dagens auge for å søke etter informasjon av i bileta, kan det sjåast litt nærmare på bilete D, fig. 3.4.2.¹⁰⁹ Dette biletet er eit av fleire som viser montering av berande jernkonstruksjonar og platemontering. På dette biletet kan ein observere fleire personar i arbeid. Fire av desse på taket. Kven var dei? Korleis var denne jobben? Korleis var arbeidsforholda? Bileta seier ikkje så mykje konkret om dette. Det einaste må vere at dette ser ut til å vere ein farefull jobb der dei balansere opp på takstolane. Var dei sikra?

Rolf Refsdal og Magne Samuelsen frå Høyanger var med på dette arbeidet. Dei hadde frå før arbeidserfaring frå ulike andre avdelingar på NACo. Firmaet som utførde jobben var innleidd eksternt og bar namnet Vulkan. Dei kom til Høyanger med seks mann. Ytterlegare seks vart rekruttert lokalt, deriblant Refsdal og Samuelsen. Til saman var dei tolv personar som var med på denne jobben. Ein vesentleg føresetnad for å vere med på denne jobben var at ein måtte tåle høgde. Det var ingen form for sikring med tau og liknande når dei arbeide i høgda. Slik sett var det ein farefull jobb, datt ein ned så var det ”rett ned i støypen.”¹¹⁰

¹⁰⁸ Sjå vedlegg 23 for biletanalyse.

¹⁰⁹ Sjå vedlegg 22 for biletanalyse.

¹¹⁰ Intervju med Rolf Refsdal og Magne Samuelsen 19.09.2007.

Det dei kan fortelje saman med bileta, gir betre innsikt og utfyllande informasjon om arbeidsforholda. Bileta viser berre nokre få innblikk i ein arbeidssituasjonen. Dei kan fortelje at det ikkje var nokre ulykker medan dei var på dette anlegget, men det var nære på fleire gonger. Refsdal fortel at han ein gong var like ved å dette ned. Det hadde snøa om natta, og da dei kom på jobb om morgonen låg det igjen eit par centimeter med slaps på takstolane. Han glei på dette, men klarde i siste liten å "hukke" tak i eit stag før det gjekk skikkeleg gale. Etter dette vart arbeidet i høgda stoppa til snøen var vekke.¹¹¹ Ein får her eit visst innsyn i farane ved å jobbe i høgda. Samla sett er det snakk om ein arbeidskultur der det var viktig å ha gode nerver og kunne tåle høgda. Likevel var det snakk om at ein måtte passe seg. Dette var tida før vern og tryggingsarbeid var sett i system.

Dette var ein arbeidskultur som også leiinga var innforstått med og tilsynelatande godtok. I den bedriftsinterne avisa "Høyang-Nytt" finn vi eit bilete frå dette anleggsarbeidet der ein ser to personar som balanserer på desse takstolane, med himmelen rett over. Dette er eit mykje meir dramatisk bilete enn dei ein finn i den protokollførte serien, og er truleg teke for direkte å illustrer det modige arbeidet. *"Disse unge karene er ikke skvetne av seg, og heller ikke plaget av svimmelhet. Der hvor andre ville klamre seg fast, balanserer de uanfektet og gjør sin jobb rolig og sikkert"*, lyder noko av den medfølgjande teksten.¹¹² Å ta bilete av personar som utfører det vi dag vil kalle farleg arbeid, og som etter vår tids regelverk ville ha blitt stoppa, var ikkje noko hinder. I dag ville gjerne leiinga ved Høyanger Verk teke bilete av slike forhold for å dokumentere brot på regelverket. Den gang var det normal arbeidsutføring som vekte beundring.

Samla vurdert har fotografen gjort jobben sin med å dokumentere framdrift og ulike sider ved anleggsdrifta. Bileta har blitt arkivert for seinare bruk. Bygginga av AF Serie C følgjer same mønsteret som tidlegare byggeprosjekt, der ein har nokre oversiktsbilete, men det meste dreier seg om bilete frå sjølve arbeidsplassen. I desse bileta vert det også vist konkrete arbeidsoperasjonar slik at ein får eit visst innblikk i arbeidsforholda. Samanliknar ein fotograferinga frå dette prosjektet med tidlegare byggeprosjekt, er det eit mønster som går igjen. Det blir teke fleire bilete samtidig frå ulike sider ved anleggsdrifta, nærast som biletreportasjar, der det kan gå alt frå ei veke og opptil fleire månader i mellom kvar gong det vart teke bilete. Eit unntak her er Oksydfabrikken, der det mest er ein serie for kvar veke,

¹¹¹ Intervju med Rolf Refsdal og Magne Samuelsen 19.09.2007.

¹¹² Høyang-Nytt nr. 34. (1957) s, 198

dette gir også noko av forklaringa på kvifor akkurat dette byggeprosjektet er så godt representert i fotosamlinga.

3.4.4 Arbeidsforhold, drift og arbeidarar

Største delen av bileta frå fabrikkjen i den protokollførte serien omhandlar tekniske forhold og kan karakteriserast som teknisk og fagleg dokumentasjon. Kvar blir det av menneska, dei som jobba på fabrikkjen? Kven var dei og kva gjorde dei? Korleis har fotografia fanga opp arbeidarane og deira arbeidsplass?

Sjølv om det er relativt få bilete knytt opp mot drift, er dei viktige. Det er via desse bileta ein kjem nærmast den daglege drifta. Dei viser den kvardagslege aktiviteten. Ein får eit visst innblikk i det fysiske arbeidsmiljøet. Fig 3.4.3, sjå neste side, viser ulike sider av drifta på fabrikkjanlegget. Bileta A, B og F er frå aluminiumsfabrikkane, bilete C og D er henta frå Støyperiet medan bilete E er henta frå Elektrodefabrikkjen. I kva grad er desse bileta representative for arbeidsforholda ved fabrikkjanlegget?

Bilete A og B er tekne i samband med at dåverande Kronprins Olav med følgje besøkte Høyanger i juni 1933. Denne hendinga er godt dokumentert gjennom ein serie fotografi, der reisefølgjet og andre er avbilda i ulike samanhengar fleire stader i Høyanger. Bileta er ikkje del av den protokollførte serien. Likevel har dei ein karakter som gjer at dei på mange måtar kan sjåast på som ein naturleg del av verksemda sin aktivitet.

Under besøket var følgjet ein tur innom aluminiumsfabrikkjen, der fekk dei demonstert korleis ein aluminiumsomn vart tappa. I bilete B fig. 3.4.3. ser vi det storfine besøket som hovudmotiv, medan den driftsrelaterte aktiviteten blir det dramaturgiske i biletet. Han som utføre jobben er identifisert som skiftformann. Biletet er difor i liten grad representativt for den daglege aktiviteten ved fabrikkjen. I så måte er bilete A meir interessant. Dette er eit bilete frå det same lokalet, høgst truleg teke i det same høve i ein anna retning. Biletet viser to arbeidarar som står oppstilt ved omnsrekkene, dei utføre ikkje nokon konkret arbeidsoperasjon.




A: SFFF-1994100.132289/Nordahl-Olsen senior?



B: SFFF-1994100.138988/Nordahl-Olsen senior?




C: SFFF-1993360.129416/Nordahl-Olsen senior



D: SFFF-1993360.129299/Nordahl-Olsen senior



E: SFFF-1993360.129411/Nordahl-Olsen senior



F: SFFF-1993360.129946

Fig: 3.4.3 Drift. A: Aluminiumfabrikk, AF Serie A. Kronprinsbesøket 1933, arbeidarar. (Vedlegg: 24). **B:** Aluminiumfabrikk, AF Serie A. Kronprinsbesøket 1933, kronprinsfølget. **C:** "1955. 3/6-37 Støperi, elekt. Støpeovn". (Vedlegg: 25). **D:** "1889. 25/11-33 Støperi, støping av ingots". **E:** "1952. 3/6-37 Elektrodefabrikk, Elektrodepresse". **F:** "2516. 1/4-49. SII Matning av Elektrolyseovn." (Aluminiumfabrikk, AF Serie B. Pålegging av oksyd). (Vedlegg: 26).

I lokalet står det oppstilt i relativt ryddige former råstoff og produkt samt verktøy og utstyr til produksjonen.¹¹³ Ein som jobba på Høyanger Verk på den tida kan fortelje at når det kom bedriftsbesøk så vart det pussa og feia opp for å ha det fint. Når dei reiste igjen så var det

¹¹³ Sjå vedlegg 24 for biletanalyse.

attende til gamle.¹¹⁴ Biletet viser truleg eit noko idealisert bilete på korleis det skulle sjå ut på arbeidsplassen. Likevel så gir det oss viktig informasjon og eit visst inntrykk av korleis arbeidsplassen var organisert. Skulle den daglege drifta fungere best mogeleg måtte det vere nokolunde ryddig og framkomeleg på arbeidsplassen.

Bilete F viser ein Søderbergomn, ein nyare type teknologi nytta innafør aluminiumsproduksjonen.¹¹⁵ Omnane var større og gav ein rasjonaliseringsvinst som igjen medførte auka produksjonskapasitet. I samband med innføringa av ny teknologi vart nokre av arbeidsoperasjonane også endra. På bilete F ser vi at ein operatør legg oksyd på ein omn.¹¹⁶ Biletet er truleg arrangert og er eit av fire bilete i ein serie som viser korleis omnen fungerer med heving av deksel.

Alle bileta på fig. 3.4.3, med unntak av bilete A, viser konkret til ein eller fleire arbeidsoperasjonar. Bilete C og E er ein del av ein serie på 14 bilete av liknande karakter tekne 03.06.1937.¹¹⁷ Alle bileta tekke denne dagen er arrangerte og viser ulike arbeidsoperasjonar ved produksjonsavdelingane. Dei fleste av bileta er representative for sine respektive avdelingar, med unntak av det eine som er frå aluminiumsfabrikken. Frå denne eininga er det berre eit bilete som viser tapping av ein forsøksomn.

Dei fleste bileta som viser drift der arbeidarar er med er arrangerte. Det er den tekniske arbeidsoperasjonen som er det sentrale motivet. Dei gir eit utsnitt av ein arbeidsplass, gjerne eit idealisert utsnitt som viser korleis det skal sjå ut. Dette er ein typisk tilnærming i forhold til bilete frå drift der arbeidarane som er med på bileta i stor grad fungerer som ein del av maskineriet.¹¹⁸ Bilete D er teke i etterkant av ei større utviding og modernisering av støyperiet, som no er det komme i drift. Dei to arbeidarane tømmer ein digel med flytande aluminium for å støype ingots. Først og fremst viser dette drift i støyperiet etter ombygginga.

¹¹⁴ Veteranopphald Dragsvik Fjordhotell (1987) s, 157

¹¹⁵ Søderberg teknologien var utvikla i Noreg, og var nytta i ulike typar elektrokjemisk industri. Mellom anna er det denne teknologien som vart nytta i smelteomnane til Oksydfabrikken. NACo var den første aluminiumsprodusenten i Noreg som tok i bruk Søderberg teknologien i aluminiumsproduksjonen. (Byrkjeland (1991) s, 249.) Den nye AF Serie B som vart sett i drift i 1939 hadde teknologien. Hovudforskjellen i forhold til den eldre teknologien ligg i elektrodene, der Søderberg-elektroden er ein kontinuerlig sjølvbrennande elektrode (anode). Medan den eldste teknologien gjekk utpå ferdigbakte elektrodar (anodar) som jamleg måtte skiftast ut.

¹¹⁶ Sjå vedlegg 26 for biletanalyse.

¹¹⁷ Sjå også fig. 3.4.1 bilete E s. 69.

¹¹⁸ Sjå vedlegg 25 for biletanalyse.

Men det viser også to arbeidarar som utføre ein arbeidsoperasjon. Dette biletet kan dermed og fungere som eit portrett og dokumentasjon av støyperiarbeidarane.

Hovudformålet med prosessrelaterte bilete frå produksjon har truleg vore å presentere drift ved ulike avdelingar ved Høyanger Verk, både som teknisk dokumentasjon til både intern og ekstern bruk. Bileta viser kva type aktivitet det er i Høyanger. Dei bileta som er tekne rett i etterkant av ei modernisering og oppstart symboliserer også ein vellykka byggeprosess, framsteget blir dokumentert. Sett med dagens auge får vi eit innblikk i den tekniske sida av fabrikkssystemet ved verksemda. Ein ser kor mange som må til for å betene dei ulike maskinene. Til dømes er det er fem personar på bilete E og tre personar på bilete C. Likevel gir ikkje dette oss nok informasjon for å få den heile og fulle oversikt for det totale fabrikklegget. Mellom anna er det fleire arbeidsoperasjonar, spesielt frå aluminiumsfabrikkane, som ikkje er dokumenterte via dei fotografia som denne undersøkinga dekker. Slike bilete kan finnast andre stader i Høyanger Verk si fotosamlinga, eller i andre samlingar både av offentleg og privat karakter. Vedlikehaldsjobbar frå fabrikklegget av ulike slag er i svært liten grad avbilda. Om dei er det så viser dei truleg ekstraordinære situasjonar.

Frå fabrikk finst det også ei anna visuell kjelde i form av film som viser ulike sider ved drift og produksjon. Særskilt interessant i denne samanheng er ein film som truleg er teke opp på midten av 1930-talet som viser fleire arbeidsoperasjonar frå ulike avdelingar ved fabrikklegget.¹¹⁹ I tillegg kjem også teikningar samt munnlege og skriftlege kjelder som saman med film og bilete er med på å gi eit meir utfyllande og korrekt inntrykk av fabrikkssystemet og arbeidsforholda ved fabrikk.

I den protokollførte serien står personane på bileta i stor grad fram som anonyme brikker i maskineriet. Med få unntak har dei ikkje augekontakt med fotografen. Eit av unntaka er bilete A på fig. 3.4.4, neste side. Dette er eit gruppebilete der eit arbeidslag er portrettert i samband med utføringa av ein konkret jobb. Dei har teke ein stopp i arbeidet og stilt seg opp for fotografering. Framleis er den tekniske dokumentasjonen eit vesentleg moment. Men i og med at arbeidslaget er oppstilt i positur, der dei har merksemda retta mot fotografen, kan dette også

¹¹⁹ <http://www.fylkesarkiv.no/> (Sett 02.05.2008) SFFmm-00032 Norsk Hydro i Høyanger. Høyanger 1928. Denne filmen er datert 1928, men dei filmsnuttane som let seg identifisere i tid er tekne etter 1934.

sjåast på som eit portrettbilete.¹²⁰ Difor er biletet langt på veg ein blanding mellom ein fotodokumentarisk sjanger og portrettfotografisk sjanger.



A: SFFF-1993360.129154



B: SFFF-1994100.131295



C: SFFF-1994100.131416



D: SFFF-1994100.139637

Fig: 3.4.4 Arbeidsfolk. A: "1683. 5/9-29 Ovns hus, ca 3,5 T. Jernkake i ovn I"(Vedlegg: 27). **B:** Arbeidarar ved Mekanisk Verkstad 1930-talet. **C:** Arbeidarar ved Mekanisk Verkstad 1930-talet. (Vedlegg: 28). **D:** Arbeidarar ved Mekanisk Verkstad 1930-talet. (Vedlegg: 29).

Personane på biletet har stilt seg opp og ter seg etter vanlege konvensjonar for fotografering. Det er lite å lese ut av ansiktsuttrykka, der dei har sett opp ei standard ansiktsuttrykk. Dei fleste går i vanlege arbeidskle. Unntaket er personen som er nr. to frå venstre bak. Han har finare kle på seg og går med slips. Denne personen er identifisert som ein av funksjonærane ved verksemda, og bar tittelen byggmeister. Mykje kan tyde på at det er han som stod bak planlegginga og var ansvarleg utføringa av den konkrete arbeidsoperasjonen. Dei andre på biletet var truleg arbeidslaget som utførde jobben. Samla sett symboliserer dette biletet problemløysing i praksis, der leiing og arbeidarar i samarbeid løyser problem som oppstår. Dette er eit av svært få bilete som viser vedlikehaldsarbeid. Dette var truleg ein ekstraordinær situasjon, kanskje noko ekstremt.

¹²⁰ Sjå vedlegg 27 for biletanalyse.

Sett med dagens auge kan vi via dette biletet og dei andre bileta tekne av same jobben, kunne danne oss eit inntrykk av korleis denne arbeidsoperasjonen var utført. Ein ser kven som truleg var med å utføre den. Vi får eit inntrykk av korleis arbeidet var organisert. I tillegg til det tekniske fabrikkssystemet, får ein eit lite glimt av det sosiale fabrikkssystemet. På biletet er ein person frå leiinga saman med vanlege arbeidarar på biletet. Representanten frå leiinga skil seg ut i klesstil. Det symboliserer klasseskiljet i fabrikk mellom arbeidar og funksjonærar. Gjennom bileta får vi eit innblikk i dei sosiale skiljelinjene på arbeidsplassen. Skriftlege kjelder frå verksemda sitt arkiv og fagforeiningar samt munnlege kjelder vil i større grad kunne utdjupe den sosiale sida av fabrikkssystemet. I denne samanheng fungerer bileta som ei verifiserande kjelde på kleskodar i arbeidslivet.

I den protokollførte serien er arbeidarane som jobba ved verksemda i liten grad det framtrêdande motivet. I dei ikkje protokollførte seriane finn ein fleire interessante bilete frå arbeidslivet ved fabrikk, som presentere arbeidslag i grupper eller enkelt arbeidarar. Det dreie seg om både arbeidarar og funksjonærar, ofte i blanding. Dei er som regel er avfotograferte i portrettform på eller like ved sin arbeidsplass. Dei har på seg sine vanlege arbeidskle. Det finst bilete frå ulike avdelingar ved verksemda. Bilete B, C og D viser ein del av dei som var tilknytt Mekanisk Verkstad. Dei fleste personane på bileta er identifiserte. Diverre er ingen av desse bileta daterte, men dei er truleg tekne på 1930-talet. Bilete B og C har dei mest typiske tilnærminga av desse bileta. På bilete B ser vi ei større gruppe av dei som arbeide ved avdelinga stå oppstilt utanfor sin arbeidsplass Mekanisk Verkstad. På biletet er det flest arbeidarar, men ein finn også funksjonærar. Dei står delvis oppstilt på to rekker. Ein ser kva arbeidskle dei har på seg, elles er det lite detaljar å hente ut. Men ein får eit inntrykk av kor mange som jobba ved Mekanisk Verkstad. Kva funksjon dei hadde er vanskelegare å finne ut av biletet.

På bilete C kjem ein nærmare innpå personane. Dette er teke inne på eit verkstadlokale, der dei sit på ein arbeidsbenk. Innimellom to av personane stikk det fram ei skrustikke. Ut av dette biletet kan ein henta fleire detaljar både i personane sin kledning og framtoning. Ein viktig og framtrêdande detalj på biletet er flasken som to av personane held i mellom seg. Den første assosiasjonen ein trekk er at dette er ei vinflaske. Kva gjer denne på biletet? Noko fullgodt svar får på dette er vanskeleg å lese ut av biletet.

Det er eit velkjent fenomen i Høyanger at alkoholbruk førekom inne på fabrikkområdet. I kva utstrekning er ikkje kjent og undersøkt. Men nokre kjelder gir klare indikasjonar om alkohol i arbeidssamanheng.¹²¹ Dette er og var eit ømtålig tema, som leiinga truleg visste om, og føregjekk i meir eller mindre skjulte former. I fotosamlinga er det to fotografi med mest identiske motiv av denne gjengen, ei med flaske og ei utan. Truleg dreier det seg om ein liten provokasjon eller spøk. Biletet utan flaska var det som var det presentable biletet. Fotografen bak dette biletet er høgst truleg Nordahl-Olsen senior. Han var funksjonær, og dermed i mange sine auge leiinga sin representant. Difor er det også lite sannsynleg at dei har teke fram ei vinflaske med alkohol når dei skulle avfotograferast.¹²²

Nordahl-Olsen senior står truleg bak dei fleste fotografia med gruppe og portrett bilete frå fabrikkområdet. I desse bileta har han ei anna tilnærming enn i dei protokollførte i fotosamlinga. Det er ikkje det tekniske som blir fokusert, men meir menneska og personane. I tillegg til å vere hovudfotograf for Høyanger Verk, var han også ein ivrig hobbyfotograf på fritida. Han har mellom anna teke fleire bilete frå lags- og organisasjonsliv. Portrett og gruppebileta frå fabrikkområdet står meir i stil med desse bileta enn med dei han har teke på vegne av verksemda. Difor kan desse ikkje protokollførte portrettbileta frå fabrikkområdet sjåast meir som privatinitierte frå Nordahl-Olsen senior si side. Det var ikkje teknikaren og funksjonæren som tok bileta, men hobbyfotografen som tok bilete av ein del av dei tilsette ved verket.

På bilete D fig. 3.3.4 kjem den uformelle sida tydeleg fram. Dette er ikkje noko typisk arrangert gruppe bilete, der arbeidarar blir presentert via fotografiet. Bilete D er meir eit stemningsbilete, der fotografen tilsynelatande har fanga opp ein daglegdags situasjon utanfor Mekanisk Verkstad. Personane på biletet verkar å ha eit heilt avslappa forhold til fotografen og situasjonen.¹²³ Med dette biletet kjem ein litt bak den fasaden som ein heilt klart ser i dei arrangerte bileta. På dette biletet har fotografen og aktørane som er med brote litt med den tid sine konvensjonar for bilettaking. Det er gjerne slike bilete vi søker etter sett med dagens auge. Dei har ikkje stilt seg opp i vanleg positur. Ansikta er meir opne og naturlege. Dette gir biletet meir liv og eit naturleg preg. Denne måten å tilnærme seg motivet er i svært liten grad vanleg i fotosamlinga. Dette er ein måte å tilnærme seg fotomotivet som er meir vanleg å

¹²¹ Veteranopphald Dragsvik Fjordhotell (1987) s, 157. Ein informant gir her klart uttrykk for alkoholbruk. ”.. da for dei å svima halvfulle nesten heile gjengen.” Det blir ikkje her referert til avdeling eller konkrete situasjonar.

¹²² Sjå vedlegg 28 for biletanalyse.

¹²³ Sjå vedlegg 29 for biletanalyse.

finne nærmare vår tid. Der den journalistiske og kanskje kunstnariske tilnærminga er viktig, der fotografiet skal søke formidle ei forteljing. Om fotografen her hadde dette i tankane skal vere usagt.

Arbeidarane på fabrikkjen har gjennom fotosamlinga i hovudsak blitt fanga opp i to ulike tilnærmingar. Først via den offisielle og protokollførte, der dei nærmast blir framstilt som ein del av fabrikkjen sitt inventar. Vidare blir fleire av arbeidarane portrettert via fotografiet, i denne samanheng er det arbeidarane som er det sentrale. Begge desse sidene gir oss eit visst innblikk i både dei sosiale og fysiske arbeidsforholda. På dei fleste bileta er det ein fasade og eit arrangert utsnitt vi får sjå. Via detaljar i nokre av bileta og nokre enkelte bilete, kjem ein litt bak fasaden. Ein får eit ørlite inntrykk av det verkelege sosiale livet ved fabrikkjen. Bileta kan fungere som ein innfallsport til fortida. Tek ein sikte på verkeleg å fange opp den sosiale sida må andre kjelder nyttast. Det bileta er best på er å fange opp er dei fysiske sidene ved arbeidsforholda, sjølv om det også her finst klare avgrensingar.

Det bileta frå fabrikkjanlegget fangar best opp er den sida av tekniske fabrikkssystemet. Medan dei sosiale sidene er meir diffuse. Likevel kan nokre av fotografia fungere som ein god innfallsport og supplere ander kjelder som søker å sette lys på dei sosiale sidene ved livet på fabrikkjen.

3.5 Tettstad

3.5.1 Dokumentasjon av ein tettstad i framvekst

Formålet med fotograferinga i tettstaden har i hovudsak vore å følgje opp NACo sin eigen byggeaktivitet, med dokumentasjon av utviklinga og framveksten av byanlegget som det sentrale. Ein interessant innfallsvinkel er å sjå på korleis fotografen har gått fram. Kva har han fotografert, og når har han teke dei? Byggeaktivitet var som regel hovudmotivet, men på fleire av bileta skjedde det også andre ting. Kva kan bileta gi oss av tilleggsinformasjon?



A: SFFF-1993360.128844/Nordahl-Olsen senior



B: SFFF-1993360.128848/Nordahl-Olsen senior



C: SFFF-1993360.128850/Nordahl-Olsen senior



D: SFFF-1993360.128851/Nordahl-Olsen senior

Fig. 3.5.1 Byanlegg 18.05.1928. **A:** "1372. 18/5-28 Ing- og ADM. Bygn". **B:** "1376. 18/5-28 Egne hjem kv. D". **C:** "1378. 18/5-28 Fundament Ørens hus". (Vedlegg: 30). **D:** "1379. 18/5-28 Oparb. av ny tennisbane".

I fotoprotokollen er det fredag 18. mai 1928 registrert 24 bilete frå ulike byggeprosjekt på fabrikkannlegget og byanlegget. Fig. 3.5.1 viser fire av bileta teke av ulike pågåande byggeprosjekt i tettstaden. Bilete A og B er den typiske tilnærminga. Bilete A viser bygginga av ny administrasjonsbygning og ingeniørbustad, eit bygg som framleis er intakt og blir omtalt som Messa. Eit byggeprosjekt som direkte var initiert og utført av NACo på deira

eigen grunn. Bilete B viser i hovudsak bygging av to Egne Hjem bustadhus på Sæbøtangen, eit byggeprosjekt utført av huseigar på verksemda sin grunn etter teikningar og plan frå NACo. Begge prosjekta er fylgt opp via fotografi heilt frå byggestart til dei stod ferdige.

Bilete C viser oppsetting av eit privat forretningsbygg i forretningskvartalet i sentrum av Høyanger. Dette er det best dokumenterte private forretningsbygget i byggefasen i den protokollførte serien, og viser heile prosessen frå utgraving av tomt til det er bortimot slutført. Dei fleste andre forretningane og offentlege bygga er også avbilda, men da berre med eit eller to bilete under bygging og eller når det er ferdigstilt, og da til sist gjerne som ein del av bybiletet. Slik sett har det også vore vesentleg å dokumentere denne delen av byanlegget si utvikling. Dei fleste private og offentlege bygg vart sett opp i samsvar reguleringsplanar og teikningar frå NACo, men var bygde av private eller offentlege byggherrar.¹²⁴ Eit unntak er sjukehuset, der verksemda var direkte involvert i byggeprosessen. Bilete D viser opparbeiding av ei tennisbane. Biletet er ikkje direkte relatert til husbygging, men viser opparbeiding av idrettsanlegg. Tennisbana låg inne på dagens fabrikkomt, om lag der AF Serie C seinare vart bygd. Andre idrettsanlegg er også avbilda i den protokollførte serien, men dette er det einaste som er fotografert under bygging.

Forretningsbygget til Johan Øren og tennisbana er i forhold til liknande byggeprosjekt med private byggherrar og idrettsanlegg overrepresentert i fotosamlinga. Mykje kan tyde på at årsaka til dette ligg i at desse to byggeprosjekta gjekk føre seg parallelt med NACo sine egne byggeprosjekt. Bygginga av tennisbana var truleg initiert av verksemda sjølv, dette var ein aktivitet for leining og funksjonærar. Det har falle seg naturleg og følgje opp desse to prosjekta samtidig med dei andre.

I frå februar til september 1928 er det i fotoprotokollen registret bilete mest kvar einaste veke, der talet variere frå eit til seriar på over 40 bilete tekne same dagen. Jamført med datoen var dei fleste tekne på ein fredag. Var ikkje fredagen nytta, vart torsdag eller laurdag nytta. Med dette kan ein sjå eit mønster i når bileta var tekne. Ein dag i slutten av veka har teiknarane og fotografen Nordahl-Olsen senior ved Høyanger Verk sitt teiknekontor teke seg ein rundtur for å fotografere dei ulike byggeprosjekta som føregjekk på både byanlegget og

¹²⁴ I denne samanheng blir også Samvirkelaget rekna som privat byggherre. Vidare i teksten blir nemninga privat nytta om andre eigarar og byggherrar enn Høyanger Verk. Kommunalt vil i så måte her bli nemnd som offentlege.

fabrikkianlegget. Formålet var truleg å dokumentere framgang og utvikling i dei ulike pågåande byggeprosjekta siste veka.

Bileta som vart tekne frå ulike byggeprosjekta i tettstaden hadde sin hovudfunksjon som teknisk og fagleg dokumentasjon. Ser ein på bileta med dagens auge har dei først og fremst ein verdi som kjelde til kunnskap om anleggsdrift og byggeprosessar, der mellom anna datering gir oss viktig informasjon om framdrifta. I tillegg til den tekniske dokumentasjonen kan ein ny innfallsvinkel vere å sjå på det som skjer rundt sjølve anleggdrifta. På bilete C fig. 3.5.1 ser vi eit ein butikk der det er utstilt kle i vindauget. Ein person er på veg ut av butikken, ved ein vegg står det eit vedlad.¹²⁵ Innhaldet i biletet er i svært liten grad arrangert, det som er arrangert er utsnittet. Med dette får vi eit ørlite autentisk kikkhol inn i røyndomen, korleis bybiletet var på akkurat dette tidspunktet på denne staden.

Fleire av bileta frå dette og andre byggeprosjektet som har fanga opp aktivitet som ligg rundt sjølve byggeprosjektet - der bimotivet blir interessant. Spesielt interessant er bilete som er tekne i allereie etablerte bustad og forretningsområde. Bilete som tekne med det same utsnittet viser også endringar og utvikling sett over relativt kort tid. Eit vedlad som kjem på plass og forsvinn. Vindaugestillingar som endrar seg. I tillegg kjem også personar som meir eller mindre tilfeldig kjem med i utsnittet. Bileta kan dermed også vere med på å gi oss eit innblikk i dagleglivet i Høyanger.

3.5.2 Egne Hjem, ein bydel og gate

Egne Hjem er ei nemning for ein hustype og bustadområde som i hovudsak var berekna for arbeidarar ved NACo, som verksemda sjølv stod bak. Liknande bustadstrøk finn ein også fleire andre stader i Noreg til dømes på industristaden Rjukan. Dette var bustadbygging som var i tråd med hagebyprinsippet, eit godt planlagde bustadområde med spreidd bustadmasse. Hovudprinsippet var mindre hus med hage. Formålet med denne typen bustadbygging var å skaffe folk betre bustader i betre omgivnader.¹²⁶ Egne Hjem er ikkje berre ei nemning på hustype. Det var også ei rørsle, der tanken var å demme opp mot politisk radikalisme i arbeidarrørsle.¹²⁷ Hagebyprinsippet eller hagebyrørsle hadde sitt utgangspunkt i engelske industribyar på 1800-talet.

¹²⁵ Sjå vedlegg 30 for biletanalyse.

¹²⁶ Nielsen (1984) s, 67

¹²⁷ Byrkjeland (1991) s, 53

Egne Hjem husa i Høyanger var arkitektheikna av fleire arkitektar og var ikkje einsarta. Det sentrale var finansieringa og leigeforholda, der arbeidarane leigde grunnen av verksemda, og sette opp husa sjølve. Utbygginga og leigeforholda var strengt regulert av verksemda. Egne Hjem er den mest vanlege bustadhusstypen som vart sett opp i regi av NACo frå 1924 fram mot midten av 1950-talet. I sentrum av Høyanger kom det opp fleire kvartal med slike hus. Korleis har fotografiet fanga opp utviklinga av ein del av denne bydelen?



A: SFFF-1993360.128563/Nordahl-Olsen senior



B: HV-Arkiv-2-948/Nordahl-Olsen senior



C: SFFF-1993360.128573/Nordahl-Olsen senior



D: SFFF-1993360.128620/Nordahl-Olsen senior



E: SFFF-1993360.129111/Nordahl-Olsen senior



F: SFFF-1993360.129780/Nordahl-Olsen senior

Fig: 3.5.2 Egne Hjem Gate 10, i dag nemnd som Hans Hygens Gate. A: "906. 3/7-25 Kvartal "N" set fra Hotel taket." **B:** "948 6/9-25. Gate 10 ass. No 112-113-114-115-116-117 (Vedlegg: 31). **C:** "1073. 11/2-27. Gate 10 planering's arb. Kv. M. N." **D:** "1086. 2/6-27. Gate 10." **E:** "1643. 30/9-28." **F:** "2321. Aug. 1939 Gate 10. Egne Hjem". (Vedlegg: 32)

Bileta i fig. 3.5.2 viser utviklinga i deler av Sentrum-bustad området, der Gate 10 er sentralt. På bilete A ser ein at byggearbeidet er kome i gang, biletet er teke frå Eides Hotell. Med dette biletet får ein eit inntrykk av korleis området såg ut før husa kom opp. Bilete B viser bygging av nokre av husa i Gate 10. Biletet er teke på ein søndag, det ser ut som det er stillstand i byggearbeidet, og biletet gir difor ikkje det rette inntrykket av aktiviteten.¹²⁸ Det er notert ned nummer som er relatert til husa på biletet. Biletet er i følge fotoprotokollen også sendt, høgst truleg til hovudkontoret til NACo i Oslo. Dette kan tyde på at biletet har vore nytta i korrespondanse og var knytt opp med andre system som ein del av den faglege dokumentasjon av byanlegget. Bilete C viser at husa er ferdige og er tekne i bruk. I følge biletteksten er aktiviteten planeringsarbeid. På bilete D er stakittgjerde komme på plass, og gata er tilsynelatande ferdige med hus, veg og stakittgjerde.

Bileta A-D er i hovudsak teknisk dokumentasjon som viser korleis Gate 10 har utvikla seg frå byggestart i midten av 1925, til det er ferdigstilt med infrastruktur i 1927. Dette er berre fem av bileta frå utbygginga av denne bydelen. Andre bilete viser fleire sider av arbeidet og framdrifta i dette spesifikke sentrumsområdet. Sentrum-bustad vart ytterlegare utbygd utover 1930-talet. Gjennom bileta får vi eit innblikk i framveksten av ein samla bydel med både hus og infrastruktur. Hus, gater og kvartal stig fram i tråd med reguleringsplanen. Bileta dokumenterer eit tilsynelatande vellykka byggeprosjekt frå start til mål.

Sentrum-bustad området, spesielt Gate 10, er særst godt dokumentert i den protokollførte serien. Som vist i tabell 3.1.3¹²⁹ er det dokumentert byggeaktivitet i andre bustadområde der NACo var involvert i perioden 1927-1949. Dei fleste av byggeprosjekta som er dokumenterte følgjer om lag same mønstret som bileta frå Gate 10. Men her er nokre unntak, spesielt i byggeprosjekta på slutten av 1940-talet, der er gjerne berre eit eller to bilete som er tekne mot slutten bygge prosessen.

Bilete E og F i fig. 3.5.2 har ei litt anna tilnærming enn dei andre bileta. Bilete E er teke ein søndag i september 1928, året etter at området stod ferdig. Bilete F er teke i august 1939 og viser Gate 10 sett frå si beste side. Sjølv om desse bileta også er med på å dokumentere det vellykka byggeprosjektet, der eit bustadområde blir presentert, er tilnærminga her meir å

¹²⁸ Sjå vedlegg 31 for biletanalyse.

¹²⁹ Sjå s. 40.

sjåast på som eit landskapsfotografi som søker å få fram ei stemning. Dei har ei meir estetisk tilnærming, det er det vakre og innbydande som er framtrudande. Bilete E viser det nybygde bustadområde, med i bilete er to jenter som understrekar den innbydande forma. Dette må vere ein flott stad og bu, og kan nærast sjåast på som reklame for NACo sin bustadpolitikk.

Bilete F fig. 3.5.2 er teke i 1939. Her kan vi sjå det endelege resultatet av arbeidet som var utført over ti år tidlegare. Området har no sett seg. Hagane står i sin fulle prakt. Ideen om hagebyen og småbyidyllen er tilsynelatande nådd. Det er ikkje berre det estetiske vakre som ein kan lese ut av biletet, men det fortel og om velstand. Bilen som er med understrekar dette. Dette fotografiet dokumenterer kosmoset som har vakse fram.¹³⁰

Det var opphavleg eit formulert mål om at Høyanger som industristad skulle framstå som ein vakker og tiltalende småby, noko som mellom anna er formulert i ein protokoll skriven i samband med eit møte heldt mellom NACo si leiing og lokale styresmakter datert den 21. mars 1916. *...at der var selskapets hensigt at gjøre sine fremtidige bebyggelser så smukke og i sanitær henseende saa tilfredstillende som mulig...*¹³¹ Hans Hygen var namnet på verksdirektøren frå NACo som lokalt var ansvarleg for utviklinga til Høyanger, han sat i denne posisjonen frå 1921 til 1955. At Gate 10 fekk hans namn, Hans Hygens gate, får stå som ein slags symbolikk over NACo sin strategi for byutvikling.

Den første delen av visjonen til verksemda er tilsynelatande tilfredstilt visuelt via fotografiet. Kva så med resten? Kven budde i dette området? Korleis var buforholda? Dette er noko som bileta seier lite om. Høyrer bilen naturleg heime i denne gata? Dette er i tilhøve som ein må i stor grad må ty til andre kjelder for å finne svar på.

3.5.3 Klasseskilje og bustadforhold

Høyanger var eit klassesdelt samfunn, der leiinga i denne samanheng representert med funksjonærar og ingeniørar på eine sida, og arbeidarar på andre. Avspeglar dette klasseskiljet seg i fotografia frå tettstaden? I denne samanheng blir det i hovudsak sett på fotografia i den protokollførte serien. I tillegg kan ein spørje seg om ein får noko inntrykk av bustadforholda i dei ulike sosiale laga gjennom fotografia?

¹³⁰ Sjå vedlegg 32 for biletanalyse.

¹³¹ Protokoll 21. mars 1916.

Bilete A fig. 3.5.3 er eit oversiktsbilete som viser strandlinja langs fjorden sett frå Sæbøside. Nærast i biletet ser vi Sæbøtangen hovudsakleg med rekkehus og leilegheiter. Til høgre ser vi fire Egne Hjem og eit anna bustadhus, alt dette var arbeidarbustader. Sæbøtangen var sjølve symbolet og inkarnasjonen av arbeidarmiljøet i Høyanger alt frå starten av. På andre sida av



A: SFFF-1993360.129164/Nordahl-Olsen senior



B: SFFF-1993360.129458/Nordahl-Olsen senior



C: SFFF-1993360.128936/Nordahl-Olsen senior



D: SFFF-1993360.128530/Nordahl-Olsen senior



E: SFFF-1993360.129120/Nordahl-Olsen senior



F: SFFF-1993360.130149/Nordahl-Olsen junior

Fig: 3.5.3 **Klasseskilje A:** "1693 13/5-30". Strandlinja Høyanger med Sæbøtangen i forgrunnen (Vedlegg: 33).**B:** "1992 6/8-37". Messa ved utløpet av Daleelva, Sæbøtangen på andre sida av eleva. **C:** "1464 8/6-28. Adm. Bygn.-ing. Bolig kv. A." Messa. (Vedlegg: 34). **D:** "4/11-24. 736." Bygging av matbuer i Murgården på Sæbøtangen (Vedlegg: 35). **E:** "1650. 11/10-28 Ing. Bolig peisestue". Messa. **F:** 5/8- 1954. 2724 Ba N."Dale Pensjonisten interiør med pens."(Fotoprotokoll)

elva langs fjorden, i Kloumanns Allé, budde den øvste leiinga med direktøren i spissen. Bilete B er ein del av ein mindre serie med fotografi tekne same dagen av denne strandlinja, på biletet ser vi i hovudsak Messa, som er ytterpunktet mot Daleelva i denne prominente gata. Til høgre i dette biletet, på andre sida av elva, ser ein Sæbøtangenkomplekset.¹³²

Elva symboliserer på mange måtar klasseskiljet i Høyanger, der arbeidaren på Sæbøtangen var ”austkanten”, medan Parken med Kloumanns Allé var ”vestkanten”. Dette forholdet var ikkje heilt reindyrka i og med at det også var arbeidarbustader i Parken. Likevel var det store kontrastar som ein også finn avspegla i bileta. Bilete C fig. 3.5.3 viser siste fasen i oppføringa av Messa i 1928. Messa, som i hovudsak er bygningen i midten, har vore nytta som ein representasjonsbustad for leiinga ved NACo. Eit viktig symbolbygg for verksemda, leiinga og staden.¹³³ Fløyene på kvar side var ingeniørbustader. På biletet ser vi at dei er i ferd med å opparbeide hagen på tomta.

Bilete D fig. 3.5.3 viser oppsetting av jordkjellarar/matbuer i Murgården på Sæbøtangen. Kontrasten er slående om ein set desse bileta opp mot kvarandre. Inntrykket er at leiinga bygde store hus og fine hagar til sine ingeniørar og funksjonærar, medan arbeidarane vart avsett med rekkehus og små leilegheiter, med matbuer i midtgarden. Det ytre klasseskiljet kjem her godt fram. I tillegg til å vise byggeaktivitet har også bilete D ein tilleggsverdi, der det og viser også eit tilnærma autentisk utsnitt av dagleglivet på Sæbøtangen. Ungane i biletet har stilt seg opp for fotografen, dette er noko tilgjort, men det andre som skjer i biletet er truleg autentisk. Ei kvinne held på å henge opp kle, ein båt lossar eller lastar. Gjennom dette biletet kan ein få eit inntrykk av korleis ungene var kledde. Sæbøtangen var ikkje berre eit bustadområde, men også ein arbeidsplass.¹³⁴ Fotografen har i tillegg til byggeaktiviteten også dokumentert eit levande og særeige arbeidsmiljø i Høyanger.

Bileta i den protokollførte serien viser i all hovudsak byggeaktivitet, der ein i enkelte tilfelle får inntrykk av dei ytre bustadforholda, som til dømes bilete D fig. 3.5.3 frå Sæbøtangen. Korleis dei indre bustadforholda var når det stod ferdig er i mindre grad dokumentert. Bilete E fig. 3.5.3 viser interiør frå Messa medan bilete F viser eit eldre ektepar som sit i stova på Pensjonisten på Dale. Dette var ein pensjonistheim som NACo og kommunen sette opp i

¹³² Sjå vedlegg 33 for biletanalyse.

¹³³ Sjå vedlegg 34 for biletanalyse.

¹³⁴ Sjå vedlegg 35 for biletanalyse.

samarbeid i 1953-1954. Oppsettinga av dette bygget er også godt dokumentert via andre bilete. Formålet med dette bygget var i hovudsak å gje pensjonerte arbeidarar tilgang til å leige moderne og rimelege leilegheiter.¹³⁵

Både bilete E og F er ein del av ein mindre serie som viser interiør. Messa og Pensjonisten er dei einaste byggeprosjekta som er dokumenterte på denne måten via fotograf i den protokollførte serien. Årsaka til dette kan vere at begge desse bygga på kvar sin måte var prestisjeprosjekt. Messa var leiinga sitt ansikt utetter. Medan Pensjonisten var eit nytt steg for verksemda i deira utbyggingsprosjekt av Høyangersamfunnet. Dei var med på å sikre sine eigne pensjonistar ein trygg alderdom. Ein anna viktig faktor er at bilete F fig. 3.5.3 var saman med andre liknande fotografi frå Pensjonisten med på å illustrere ein artikkel om dette bygget i internavisa "Høyang-Nytt". Desse bileta har dermed eit fotojournalistisk tilsnitt, ein fotoreportasje frå den nye pensjonistheimen. I denne artikkelen blir det understreka at: *"Med dette første pensjonisthjemmet har kommunen og NACO tatt et nytt skritt i arbeidet for lykke og trivsel for stedets innbyggere"*.¹³⁶ Bileta er med på underbygge dette poenget. Bileta får i denne samanheng eit bruksområde for å dokumentere og marknadsføre verksemda sin sosiale profil.

Ingen av bileta i den protokollførte serien frå bustadområda i Høyanger Verk si fotosamling er tekne med utgangspunkt for å dokumentere sosiale klasseskilje. Hovudpoenget har først og fremst vore å dokumentere ulike byggeprosjekt sin utvikling, som igjen er med på å vise NACo og tettstaden sin framvekst. Formålet med fotograferinga har samla sett vore å vise utviklinga av det moderne Høyangersamfunnet.

¹³⁵ Høyang-Nytt nr. 21 (1954) s, 71-74

¹³⁶ Høyang-Nytt nr. 21 (1954) s, 74

4. Verdien av fotografiet som kjelde

4.1 Dokumentasjonsfotografiet

4.1.1 Fotografiet som dokumentarisk kjelde

Nyttar ein fotografiet som ei dokumentarisk kjelde er ofte søk etter objektive detaljar det vesentlege. Ein nyttar den informasjonen som kan hentast ut sett med eit nåtidig perspektiv. Då ser ein gjerne vekk frå det opphavlege bruksområdet og nyttar fotografiet som ein rein mekanisk og kjemisk kopi av ein fortidig situasjon. I ein slik samanheng kan det vere fruktbart å stille spørsmålet: Kva funksjon og verdi har fotografiet som dokumentarisk kjelde sett i forhold til utviklinga til industristaden Høyanger?

Historikaren Knut Helle tok opp bruken av fotografiet som historisk kjelde i eit foredrag om fotobevaring i 1991. Han framheva bruken av fotografiet som ei primærkjelde. I den augeblikket fotografiet blir teke er det ei sekundærkjelde sett i forhold til den verklege verda som blir kopiert. Når denne verda endrar seg, endrar også verdien av fotografiet seg som kjelde. Helle påpeikar at det ikkje skal mange endringar til før fotografiet blir ei primærkjelde.¹³⁷ I utgangspunktet vil til dømes eit landskapsbilete frå Høyanger vere ei sekundærkjelde sett i forhold til sjølve landskapet som blir avbilda. Når landskapet blir endra står biletet igjen som eit vitnesbyrd om det som var – fotografiet blir ei primærkjelde.

Fotografiet kan vere ei primærkjelde i dei fleste fotografisjangrar som har ein grad av dokumentasjon av objektive forhold i seg. I kva grad ein kan karakterisere det som ei primærkjelde er også avhengig av om ein har andre kjelder tilgjengeleg. Til dømes vil eit bilete av ei maskin i drift vere den primære visuelle kjelda den dagen denne blir vraka og destruert. Det viser då maskina var i drift i sitt rette element. Biletet viser korleis den objektivt såg ut, andre kjelder som maskinteikningar kan vise korleis den var oppbygd. Arbeidsbeskrivingar og munnlege kjelder kan fortelje oss korleis den fungerte. Liknande maskiner kan likevel vere i drift ein annan stad i verda, eller ein finn dei igjen i eit museum. Desse vil i så fall vere primærkjelde for denne typen maskiner. Samla vil alle desse kjeldene fortelje oss noko om maskina og bruken av den, og vil dermed kunne gi oss kunnskap. Arbeidsbeskrivingar og munnlege kjelder vil i dei fleste tilfella vere primærkjelder sett i forhold til drift og prosess, medan bileta vil vere primærkjelde til det objektive kulturminnet.

¹³⁷ Helle (1991) s, 81

4.1.2 Kulturlandskap

Helle har nytta landskapsfotografi tekne i andre halvdel av 1800-talet som kjelde til Bergen si middelaldershistorie. På desse bileta ser ein framleis den opphavlege sjølina med bergknausar som stuper rett i sjøen ved Håkonshallen. Ein kan dermed sjå korleis dei opphavlege naturtopografiske forholda såg ut når dei var intakt. Men også indirekte finn ein strukturar og spor som kan trekkast attende til middelalderen.¹³⁸ Ein nyttar her bileta som kjelde til forhold som strekker seg attende i tid til lenge før bileta var tekne. Overfører ein dette til Høyanger så viser dei eldste landskapsbileta eit jordbrukskulturlandskap som har utvikla seg over fleire hundre år.

Bileta frå før og rundt anleggstarten har fanga opp eit tilnærma tradisjonelt jordbrukskulturlandskap, spesielt bileta frå gardane Sæbø og Øren har ein slik karakter. Innmarka på Sæbø har nettopp blitt brote opp frå teigblandingsfellesskapet. Innmarka ser ut til å vere overflatedyrka med naturleg engmark til slått, åkrane får ein derimot ikkje noko særleg inntrykk av på fotografia.¹³⁹

Kanskje mest interessante sett i ein større samanheng er fotografia som viser utmarka og andre meir marginale jordbruksområde. Fotografi frå strandsona på Sæbø frå 1916 viser ein type kulturmark i drift som truleg i liten grad er dokumentert gjennom fotografi.¹⁴⁰ Ein ingrediens i fleire av bileta frå fabrikktomta og området rundt er styvingstre. Kulturmark som inkluderer styvingstre er eit viktig felt innafor kulturlandskapsforskning. Mellom anna har det vore utført eit omfattande arbeid med kartlegging og vurdering av ulike eldre kulturlandskapstypar i Sogn og Fjordane. ”Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Høyanger kommune” (1991), er ein av delrapportane som kom ut i samband med dette kartleggingsarbeidet. I denne er det trekt fram liknande kulturmarker med styvingstre som dei ein finn avfotografert i Høyanger Verk si fotosamling. I rapporten er områda avbilda og dokumentert slik dei stod fram på det tidspunktet rapporten kom ut, og lenge etter at lauvingsaktivitet var ein del av driftsforma i jordbruket. Fotografi med styvingstre som viser kulturmarka slik den stod fram når den var tilnærma i opphavleg drift finst det truleg lite av.

¹³⁸ Helle (1991) s, 81

¹³⁹ Sjå vedlegg 12 for biletanalyse.

¹⁴⁰ Sjå vedlegg 13 for biletanalyse.

På bilete frå 1919 ser ein at store delar av gardane Hjetland og Sæbø framleis er i drift. Kornstaurar dokumenterer korndyrking, strukturane på innmarka og den nære utmarka på Hjetland er godt synleg.¹⁴¹ Sjølv om nyare driftsformer i jordbruket har fått sitt innpass, viser biletet linjer og strukturar som går attende i tid, strukturar skapt av jordbruket sine driftsformer. Fotografia som viser jordbruket sitt kulturlandskapet i Høyanger er viktige, ikkje berre for industristaden si utvikling og opphav, men også for å dokumentere påverking av gamle driftsformer som har vore utbreidd i eit større område. I denne samanheng er det element frå det eldre vestlandske fjordkulturlandskapet som blir dokumentert.

Fotografia fangar opp det tapte kulturlandskapet, eit landskapet som gradvis forsvann under industrireisninga. Bilete som viser landskap frå fortida blir dermed ei viktig dokumentarisk kjelde for korleis det såg ut. Det gamle tradisjonelle jordbrukskulturlandskapet var langt på veg sjølv livsnerven til bondesamfunnet, sjølv produksjonsmiddelet for bonden og andre som hadde sitt levebrød i jordbruket. Fotografia som viser dette landskapet blir dermed også viktige kjelder i prosessen med demonteringa av bondesamfunnet som fann stad i Høyanger.

Kva som ligg bak forminga og utviklinga av jordbrukskulturlandskapet må i stor grad andre kjelder svare for. Når det gjeld det nye kulturlandskapet som vaks fram på grunnlag av industrireisninga, spelar fotografiet ei meir aktiv rolle som kjelde. Fotografiet dokumenterer ikkje berre resultatet av endringane som moderniseringa medførte, men var i stor grad også med i sjølv utbyggingsprosessane. Oversiktsbileta følgjer framveksten av industristaden trinn for trinn, medan andre bilete går nærmare innpå og viser detaljane i utviklinga.

Enkelte fotografi kan gje interessant informasjon om forureining.¹⁴² Fluorforureining frå aluminiumsproduksjonen førte mellom anna til ein omfattande skogsdaud i enkelte områder i Høyanger. I ein slik samanheng kan fotografi nyttast som referansebilete i forhold til denne utvikling. Konsekvensar av forureining er også ein vesentleg del av industrien sitt kulturlandskap.

4.1.3 Kulturminne

Innafor offentleg forvaltning, i akademiske og andre faglege miljø, blir omgrepa kulturminne og kulturmiljø ofte nytta i samband med bevaring og verneinteresser. Kulturminne er i ei vid

¹⁴¹ Sjå vedlegg 10

¹⁴² Sjå bilete B fig. 3.2.5 s. 56.

forståing alle materielle spor etter menneskeleg aktivitet både frå fjern og nær fortid. Ein skil mellom faste og lause kulturminne. Med faste meiner ein bygde anlegg som bygningar og infrastruktur, men innunder her kjem også fastmonterte utstyr og maskiner. Kulturmiljø er samanslutning av fleire kulturminne der også landskapet er ein viktig del. Sjøve industristaden Høyanger er eit særlege kulturmiljø som består av mange enkeltstående kulturminne, der ein både har industri-, tettstad- og kraftrelaterte objekt. Ein kan også dele opp staden og omgjevnadane i mindre einingar av kulturmiljø.

I eit moderne samfunn i kontinuerleg utvikling er det ikkje alt som let seg ta vare på. Omlegging og modernisering i industrien har medført og vil medføre at kulturminne vil forsvinne og bli endra. I St.meld. nr. 16 (2004-2005), ”Leve med kulturminner”, blir det innanfor emnet tekniske og industrielle kulturminne presisert at kulturminne som ikkje kan bevarast, skal dokumenterast.¹⁴³ Sett på denne bakgrunn vil fysisk bevaring av teknisk-industriell kulturminne berre ha eit avgrensa omfang. Alternativet som er skissert til vern er grundig dokumentasjon. I ein slik samanheng blir bilete saman med teikningar, skisser, forteljingar, beskrivingar, kart og anna trekt fram som viktig dokumentasjon.¹⁴⁴

Fleire av bileta i fotosamlinga til Høyanger Verk får dermed no ei ny tyding – som kjelde til kulturminne. Ein kan her skilje mellom eksisterande og ikkje eksisterande kulturminne og kulturmiljø. I forhold til eksisterande faste kulturminne blir fotografa viktig dokumentasjon på bygging og utvikling av desse. For det ein kan karakterisere som tapte kulturminne vil fotografi av desse framstå som primærkjelder.

Ser ein til vasskraftanlegga så står dei fleste dammane som er avbilda framleis intakte og er i drift. Det har vore ein viss modernisering av dei i seinare år for å stette nye krav og i samband med nødvendig vedlikehald. Eit unntak er her den gamle Grimsosdammen som vart bygd i 1916-1917, denne står i dag under vatn og er erstatta av ein ny dam. Ser ein på infrastrukturen i samband med drift og bygging av anlegga så er situasjonen noko anna. Fleire opphavlege rørgater har blitt tekne ut av drift, og er enten skifta ut eller erstatta med tunnelar. For å bygge og drifte anlegga i fjella vart det sett opp eit sinnrikt transportsystem med taubaner og trallebaner. Trallebanene eksisterer framleis, medan taubanene er fjerna. Bileta av taubanene blir dermed primærkjelder sett i forhold til desse tapte kulturminna.

¹⁴³ I St.meld. nr. 16 (2004-2005) PKT. 4.5.9. s, 31

¹⁴⁴ NVE – Kulturminner i norsk kraftproduksjon - (2006) s, 18



A: SFFF-1994100.138614



B: SFFF-1994100.139988

Fig. 4.1.1: Kulturminner kraftanlegg **A:** Tapte kulturmiljø, Grimsosen. **B:** Tapte kulturminne, taubane vinkelbukk.

I samband med utbygging og drift vart det sett opp fleire bygningar rundt om på dei ulike anlegga. Dette dreiar seg om alt frå midlartidige brakker sett opp i samband med anleggsarbeidet, til permanente bygg som t.d damvaktarbustader. Mykje av dette er i dag rive og fjerna. Deler av den opphavlege bygningsmassen står framleis igjen, men er modernisert og nytta som hytter. Ved Grimsosdammen var det eit eige kulturmiljø bestående av dam, bygningar - eit vassdragsregulert kulturlandskap. Dette er dokumentert med fotografi som i dag kan reknast for primærkjelde for dette tapte kulturmiljøet.

Kraftstasjon I er sett ut av drift og ein ny kraftstasjon inne i fjellet har erstatta den. Bygningen står framleis, men er omdisponert til anna aktivitet. Ein av aktivitetane her er eit kraftverkmuseum der nokre av dei opphavlege generatorane står igjen. Desse kulturminna er sett inn i ein ny samanheng, der bileta frå kraftstasjonen under drift viser det opphavlege miljøet. Fotografiet fungerer her som ei supplerande kjelde til gjenstandane som eit museum framviser.

Går vi til fabrikktomta, så vart den trinnvis utbygd i perioden 1916-1958. Den eksisterande bygningsmassen, med nokre få unntak, fekk i stor grad bli ståande ved nye utbyggingar. Seinare, spesielt i åra 1979-1980, måtte store delar av den opphavlege bygningsmassen vike for ei ny modernisering. Det aller meste av bygningsmiljøet som bileta frå denne første perioden viser er i dag borte. Fabrikkområdet har totalt endra ansikt. Dermed får bileta frå

Høyanger Verk si fotosamling, tekne i perioden 1916-1958 på og av og fabrikkannlegget, ein verdi som primærkjelder for det samla tapte industrikulturmiljøet.

Skal ein trekke fram ein einskild del av heilheita må det bli Oksydfabrikken. I fotosamlinga er det er spesielt mange bilete tekne i samband med bygginga i 1928. Vidare er det også fleire bilete tekne i samband med seinare utvidingar og moderniseringar. Samtidig er det også ulike sider ved drift dokumentert gjennom fotografiet. Samla sett er Oksydfabrikken den eininga ved fabrikkannlegget som er best dokumentert i den protokollførte delen av Høyanger Verk si fotosamling fram til 1958. Dette er ein unik fabrikk i verdsamanheng, bygd etter ein norsk patent, Pedersen metoden. Fabrikken var i drift frå 1928 til den vart lagt ned i 1969. Bygningsmassen er riven, ein prosess som også er dokumentert via fotografi.

I lokal og nasjonal samanheng blir det gamle velregulerte byanlegget trekt fram som spesielt verdifullt. Denne eldste delen av bygningsmassen i tettstaden var i stor grad regulert og oppbygd etter planar frå NACo. Den delen som verksemda sjølv stod bak utviklinga av er grundig dokumentert via fotografi i byggefasen. I tillegg er også deler byanlegget dokumentert via nærlandskapsbilete. Fotografia frå heile denne prosessen blir dermed viktige kjelder til utviklinga av tettstaden. Store deler av det gamle byanlegget er framleis intakt. Ein vesentleg del Parken er i dag freda.

Ikkje alt i det gamle byanlegget er teke vare på, viktige og sentrale området er også sanert og ombygd. Dei eldste arbeidarbustadane i Sæbøtangenkomplekset måte vike for nye og meir moderne bustader på 1970- og 1980-talet. Dei fleste funksjonærbustadane i Villabyen måte på tidleg på 1970-talet vike for ein ny fabrikkbygning. Desse to særreine bydelane representerte på kvar sin måte klassesdelinga i Høyangersamfunnet. Begge bustadmiljøa er dokumentert i fotosamlinga, dermed blir fotografia viktige visuelle kjelder. Fotografia har blitt primærkjelder for dei tapte kulturmiljøa.

Andre sentrale deler av byanlegget som det opphavlege forretningskvartalet og Folkets Hus i sentrum er vekke og erstatta med nye bygg. Enkelte bustadhus er fjerna, andre er ombygd og påbygd. Sjukehusebygget eksisterer framleis, men er totalt ombygd og blir i dag nytta som sjukeheim for Høyanger kommune. Det Høyanger som bileta frå fortida viser er endra. Fotografiet er viktige kjelder til dei endringsprosessane som har vore i Høyanger over tid. For dei sanerte områda blir fotografia visuelle primærkjelder for tapte kulturminne og kulturmiljø.

For dei beståande og ombygde delane av tettstaden blir fotografia kjelder til endringsprosessane som dei eksisterande kulturminna har gjennomgått.

4.1.4 Arbeidsliv

Kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø er skapte av menneskeleg aktivitet og seier difor også noko om menneska som har utvikla dei og har levd i dei. Folk har hatt sitt arbeid og sosiale liv i omgivnadane som bileta viser. Menneska er også det viktigaste motivet på fleire av fotografia, der vi mellom anna får dokumentet deira aktivitetar i arbeidslivet. Fotografia blir med dette ei viktig kjelde til kulturhistorisk kunnskap om arbeidslivet i Høyanger.

I den protokollførte serien dokumenterer dei fleste bileta byggerelatert aktivitet, men vesentlege sider ved drift er også dokumentert. For å få inn fleire sider ved arbeidslivet er dei ikkje protokollførte seriane viktige. Det vesentlege blir her å vurder korleis ein i dag kan nytte fotografia som kjelde til det fortidige arbeidslivet, sett i eit fagleg historisk perspektiv.

Under fotografering av dei ulike byggeprosjekta er det den tekniske dokumentasjonen som er i fokus. Det ser ut til at fotografering under byggearbeidet var ein tradisjon som vart halde vedlike over tid. Bygd på biletradisjonane i samsvar med ein praktisk fotografisk kultur, der ein teknisk dokumentarisk fotosjanger ligg til grunn som mal. Bileta er i hovudsak objektive i si form, der dei viser ulike sider ved byggeaktiviteten. I nokre tilfelle var det teke bilete som prospekt i ein planleggingsfase. Men den mest vanlege tilnærminga var å følgje dei enkelte byggeprosjekta frå grunnarbeidet og fram til ferdigstilte bygg og anlegg, med både oversiktsbilete og nærbilete.

Bileta frå dei fleste byggeprosjekta følgjer om lag same rettesnora, der ein som regel har bilete frå startfasen med utgraving, vidare med grunnarbeid, oppføring av bygg, montering av maskiner og utstyr. Bileta har preg av reportasjar frå byggeplassen, der eit viktig formål var å dokumentere ulike sider av anleggsdrifta. Det er nettopp dokumentasjon av bygge- og anleggsverksemd som er grunnlaget for den protokollførte serien. Det er denne tekniske sida, der bileta fungerer som teknisk dokumentasjon, som er den vesentlege verdien som dokumentarisk kjelde. Det er i desse bileta vi med dagens auge og problemstillingar søker etter kunnskap om fortidas arbeidslivet.

Fotografane si oppgåve var ikkje først og fremst å dokumentere arbeidsfolk og deira arbeidsforhold. Dette er noko som vi i etterkant gjerne stiller spørsmål om. Ser ein på bileta er det likevel ein del sider av arbeidarane sin kvardag som fotografia har fanga. Det viktigaste bidraget er kanskje korleis sjølve arbeidsplassen var organisert. Ein ser kva verktøy og utstyr dei hadde å hjelpe seg med, kva arbeidskle og eventuelt verneutstyr som vart nytta. Over tid kan ein sjå endringar i bruk av teknologi. Der ein på 1910-talet og 1920-talet nytta spade, vagge og skinner for å transportere lausmassar og stein, blir det på 1950-talet nytta gravemaskin dumpers og lastebil. Dei mange bileta frå ulike



A: HV-arkiv-2-361/Helgesen



B: SFFF-1993360.129469

Fig. 4.1.2: Montering av rørgate. A: "361. Rør 85 anbringes på plass 30/6-17" B: "2003. 27/8-37 Kr. Anl. II. Rørmontage i kloss IX".

anleggsverksemd frå Høyanger er ei viktig kjelde om ein søkjer å finne ut om utviklinga i denne bransjen over tid.

Det er ikkje alle sider med anleggsdrifta som kjem like godt fram gjennom fotografia i den protokollførte serien. Arbeidarane blir ofte presentert som anonyme statistar som ein del av inventaret og utstyret. Men det finst unntak. Dette dreiar seg om bilete som portretterer personar som er med på dei ulike anlegga. I ein slik samanheng er bileta frå dei ikkje protokollførte delen av samlinga med bilete frå arbeidslivet meir informative. I desse seriane finn ein fleire bilete med både arbeidarar og funksjonærar.

Gjennom bileta får vi eit visst visuelt inntrykk av arbeidarane og dei fysiske arbeidsforholda dei arbeide under. Bilete tekne ein heit sommardag kan gi inntrykk av idyllisk arbeidsplass. Medan bilete tekne ein kald og vindfull vinterdag gir inntrykk av ein tøff og hard kvardag. Begge desse sidene kan sikkert stemme om ein spør arbeidarane sjølv. Arbeidarane har sett og følt arbeidsforholda frå ei anna side enn dei glansbileta som fotografiet ofte viser. Dei munnlege kjeldene som arbeidarane, kan fortelje meir om kva som skjer utanfor bileta, og er i denne samanheng betre kjelder til å forstå dei sosiale tilhøva ved arbeidsplassen. Problemet er at dei i mange tilfelle er borte, spesielt dei som arbeide på dei eldste anlegga. Faren er at fotografia blir ståande åleine som vitnesbyrd frå denne tida.

Viktige sider ved anleggsarbeidarane sitt liv er ikkje dokumentert gjennom fotografia frå anlegga i Høyanger. Korleis var arbeidsdagen? Kor lang var den? Korleis budde dei? Kva fekk dei betalt? Trygve Sæbø var ein som var med på anleggsarbeidet i Høyanger i 1916 og i Breidalen på 1920-talet. Han har fortalt om ulike sider ved dette gjennom to skriftelege forteljingar som var samla inn av Norsk Folkemuseum avdeling for folkeminne. I desse kjem han inn på utføring av arbeidet, løn og arbeidstid samt brakkeliv og buforhold, som også var ein del av dei punkta han skulle svare på i samband med innhenting av informasjon.¹⁴⁵ Byrkjeland som har skrive fagforeiningshistoria, har også nytta seg av intervjuar informantar med erfaring frå ulike anlegg i Høyanger.¹⁴⁶ Gjennom desse informantane sine forteljingar får vi eit inntrykk av anleggslivet i Høyanger i 1916-1917 og på 1920-talet.

Historikaren Edvard Bull nyttar forteljingar frå Norsk Folkemuseums avdeling for arbeidarminne i si utgjeving ”Renhårig slusk” (1961). Ingen av skildringane Bull refererer til er frå Høyanger. Likevel dreg ein kjensel på ein del av det Sæbø og andre fortel om anleggslivet. Det som blir beskrive er i stor grad ein eigen arbeidskultur blant anleggsarbeidarane. Difor kan deler av det som blir beskrive jamførast med forholda i Høyanger. Mellom anna nyttar Bull nokre fotografi frå ulike anlegg som illustrasjonar. Spesielt interessant er nokre bilete som er tekne på innsida av anleggsbrakker frå Bergensbana ved Gravhalsen. Motivet på desse er matlaging med kokka i sentrum og anleggsarbeidarar ved matbordet.¹⁴⁷ Dette er ein type bilete som dokumenterer den sosiale sida ved anleggslivet.

¹⁴⁵ Trygve Sæbø sine forteljingar er i stor grad i tråd med spørsmål som Bull (1961) referer til i eit vedlegg s. 296.

¹⁴⁶ I samband med forarbeidet Byrkjeland si utgjeving ”Bluss”, vart det gjort fleire intervju som vart transkribert og utgitt som ”Veteranopphald på Dragsvik Fjordhotell 1.-4.9.87.2”.

¹⁴⁷ Bull (1961) s. 208. Bileta er henta frå Jernbanemuseet på Hamar.



A: SFFF-1994100.139947



B: SFFF-1994100.131537/ Nordahl-Olsen senior?

Fig. 4.1.3. Klesskodar A: "Ø. Breidalsdam 21/10-24" **Funksjonærar ved kraftanlegget i Øvre-Breidalen. B:** Funksjonær og arbeidarar i Slaggomnshuset i på Oksydfabrikken på 1930-talet

Dei sosiale sidene ved anleggslivet og elles i arbeidslivet er ikkje direkte dokumentert i den undersøkte delen av fotosamlinga. Likevel kan nokre av fotografia indirekte vere med på vise ulike sosiale sider. Kva kle dei ulike personane nytta kan sei oss noko om sosial posisjon og funksjon. I kraftstasjonen hadde dei klesskode etter kva funksjon og stilling dei hadde.¹⁴⁸ Dette var noko som også var rådande elles i arbeidslivet i Høyanger. Sæbø han fortelje at eine ingeniøren og to oppsynsmenn på anlegget i Breidalen gjekk i kortbukser med leggins eller puttes og vindjakke.¹⁴⁹ På fleire av bileta frå dette anlegget og frå andre kraftanlegg ser ein fleire personar ha på seg liknande kle.

Vindjakka var eit sentralt og framtrudande del av antrekket, langt på veg sjølve symbolet på at han representerte leiinga.

Dette var truleg den vanlege måten ingeniørar og funksjonærar kledde seg på, ein klesstil som langt på veg også var nytta på fabrikkianlegget. På bilete B fig. 4.1.3 er funksjonæren kledd i slips, vindjakke, kortbukser og ullsokkar. Funksjonæren på biletet var titulert som verksmeister. Verksmeistrane på fabrikkianlegget gjekk rundt i denne typen heilspente jakker

¹⁴⁸ Sjå vedlegg 20 for biletanalyse. Sæbø er maskinisten med slips på bilete D fig. 3.3.3. s. 65.

¹⁴⁹ Norsk Folkemuseum, Arbeidsfolk forteller. nr 2185. Leggins og puttes var ein slags tidleg utgåve av gamasjar, som var nytta som plagg mellom sko og kne. Leggins var ei hylse gjerne av lær som var trekt frå skoa og opp mot knea. Puttes var tøy som var surra oppetter rundt leggen etter eit visst mønster.

med belte. Direktør Hygen skal ha utalt ein gong at han forlanga at hans ingeniørar og verksmeistrar skulle gå presentabelt på bedrifta.¹⁵⁰ Dei representerte leiinga på arbeidsplassen. Deira måte å kle seg på markerte posisjon og autoritet.

Dei andre på biletet var arbeidarar, og gjekk kledd i vanlege arbeidskle. Dette og andre liknande bilete, med både funksjonærar og arbeidarar, dokumentere langt på veg klasseskiljet innafor arbeidslivet. På dette aktuelle biletet er skiljet nærmast karikert. Funksjonæren har ein tilsynelatande reine kle på seg, kanskje i høve fotograferinga. Medan arbeidarane har skitne kle, det er tydeleg dei som utføre det praktiske arbeidet.

Bileta frå driftssida har ei noko anna tilnærming enn dei som viser anleggsverksemd. No er sjølve anlegga kome i drift og dokumenterer arbeidsprosessar, tekniske tilhøve eller konkrete hendingar relaterte til drift. Bilettilgangen på dette området er vesentleg mindre, men dess meir viktig, då dette representerer den meir normale og daglege delen av arbeidslivet i Høyanger. Gjennom desse bileta får vi også her eit inntrykk av korleis arbeidet var organisert. For fabrikkens sin del dokumenterer bileta ein del av det tekniske fabrikkssystemet. For kraftstasjonen sin del er det nokre interessante bilete som gir oss innblikk i korleis konkret vedlikehaldsarbeid vart utført. Gjennom bileta får vi også innblikk i korleis enkelte arbeidsoperasjonar var utført.

Fotografia dokumenterer også sider som i liten grad har vore framme i lyset tidlegare, slik som ettersyn og reperasjon av Grimsosdammen i siste halvdel av 1920-talet. Dette er ei side av arbeidslivet som ikkje har vore framheva i lokalhistoriske samanhengar tidlegare. Det som vanlegvis har vore lagt vekt på er anleggstida 1916-1917. Også i nasjonal samanheng kan desse bileta ha interesse for å vise problem med ein damkonstruksjon, og korleis dette problemet vart løyst lokalt.

Fleire av bileta frå arbeidslivet kan sjåast på som augeblikksbileta. Desse er rekna for vere av ein meir autentisk karakter og gir oss ofte eit meir truverdig inntrykk av arbeidsplassen eller samfunnslivet - av det meir kvardaglege og trivielle dagleglivet. Problemet er at dei ofte er tekne på litt på avstand der detaljane kan vere vanskeleg å fange. Ofte er ting som skjer i bakgrunnen for hovudmotivet som kan fatte interesse. I bilete frå byggeplassar kan ein til

¹⁵⁰ Intervju Anders Berge 22.02.2008. Tittelen verksmeister blir her nytta om ein formann eller skiftleiar i ein fabrikk. Vanlegvis blir verksmeister nytta om ein leiar på ein mekanisk verkstad.

dømes sjå kva verktøy og utstyr blir brukt. Ein ser korleis stilas og anna sikring blir nytta. Fotografia kan vere med på å fange opp ein arbeidskultur, ein måte å jobbe på, som arrangerte bilete gjerne lukar vekk. I bileta som viser byggearbeid i tettstaden kan ein i bakgrunnen fange opp sider ved samfunnslivet. I slike høve blir ofte bimotoivet det viktigaste.

Fotografi kan gi oss nyttig informasjon om organisering av arbeidsplassen og ulike arbeidsoperasjonar, noko som igjen gir innblikk i utføringa av arbeidet. Ein klarer å skilje arbeidar og funksjonærar frå ein annan ut frå kva kle dei nyttar, og det er jamvel råd å identifisere fleire ved namn. Ein kan observere det fysiske arbeidsmiljøet, men vi kjenner ikkje varmen som driv ut sveitten eller støvet og gassane som riv i nasa. Bileta gir oss som regel berre eit overflatisk innblikk i ein arbeidssituasjon, og er ofte regissert av ein fotograf frå funksjonærskiktet. Likevel er fotografi av denne typen verdifulle brukt saman med andre kjelder. Dei kan gi oss, som ikkje har vore på denne arbeidsplassen og som ikkje kjenner til arbeidsforholda, eit betre grunnlag for å forstå andre kjelder som beskrive og dokumenterer dei fysiske og sosiale arbeidstilhøva på ein arbeidsplass.

4.1.5 Bustadforhold

Informasjon om klasseskilje og sosiale forhold er noko som vi med dagens auge og problemstillingar søker å finne dokumentert i fotografia. I fotosamlinga vil ein finne bilete som t.d viser ulike samfunnslag sine bustadområde sett utanfrå. Bileta kan nyttast til kjelder dei ytre buforholda. Dei indre forholda blir det verre å få tak på. Korleis budde dei? Korleis var det møblert? I den protokollførte serien er interiørbileta så få at ein ikkje kan danne seg noko generelt inntrykk. I bileta frå Messa kan ein få eit inntrykk av korleis det øvre sosiale lag i Høyanger hadde det på 1920-talet. På bileta frå Pensjonisten kan ein sjå korleis ein moderne leilegheit berekna for pensjonistar var innreia og møblert på midten av 1950-talet.¹⁵¹

Eit betre inntrykk av dei indre tilhøva kan ein få ved å gå til den private delen av fotosamlinga. Gjennom denne er det mogleg å skape seg eit inntrykk av interiør og møblering i enkelte hus i Høyanger. Spesielt interessant er det å sjå i forhold til korleis ein vanleg funksjonær budde. Det er mellom anna nokre bilete frå heimen til familien Nordahl-Olsen i Villabyen. Bileta herifrå gir eit heilt anna inntrykk enn dei frå Messa. Møbleringa er enklare. Interiørbilete frå dei enklaste arbeidarbustadane som til dømes frå Sæbøtangen er ikkje å finne

¹⁵¹ Sjå fig. 3.5.3 bilete E og F s. 90.

i den digitaliserte delen av fotosamlinga. Dermed gjev ikkje fotosamlinga eit representativt bilete av bustadforholda i Høyanger.

Å direkte lese ut dei sosiale bustadforholda via fotografia blir vanskeleg. Bileta fortel ikkje korleis folk opplevde å bu der. Ein får ikkje noko svar på spørsmål om korleis dei reelle sosiale bustadtilhøva var, kven som budde der, kor mange som budde i kvart husvære, kva sosial status dei hadde, korleis dei hygieniske forholda var. Slike forhold får ein informasjon om frå andre kjelder.

I 1923 vart det sett ned ei kommunal husleigenemnd som skulle sjå på dei ”forferdelige boligforhold i Høyanger”. Denne kom fram til at eitt rom var den mest vanlege bustadforma, vidare kom eitt rom og kjøkken, fylgt av to rom og kjøkken. Dei budde trengt på den tida. I snitt budde dei fire personar på eitt rom og kjøkken. Nemnda hadde fleire kritiske merknader til bustadsituasjonen på staden. Forholda på Sæbøtangen var ikkje i tråd med dei visjonane som verksemda hadde ved starten.¹⁵²

I lokalavisa Fritt Folk, som kom ut i Høyanger på dette tidspunktet, kom det fleire klager same året på bustadforholda på Sæbøtangen. I desse blir det mellom anna klaga på dårlege toalettforhold med kagger i entreen samt dårlege moglegheiter for oppbevaring av mat.¹⁵³ Det siste er eit forhold som blei retta på med bygging av jordkjellar/boder vist på bilete D fig. 3.5.3.¹⁵⁴ Klagene på dårlege buforhold var kanskje ein viktig faktor for byggeaktiviteten som visast på dette biletet. Bileta frå dette byggearbeidet blir dermed ei viktig kjelde som viser den sosiale utviklinga og forbetring av bustadstandarden.

Dårlege buforhold var eit gjennomgåande trekk spesielt under anleggstida 1916-17 og fram mot midten av 1920-talet, før bustadbygginga med fullføring av Sæbøtangenkomplekset og bygging av Egne Hjem hus tok til. Sjølv om bustadforholda vart betre var likevel husnaua eit vedvarande problem gjennom heile mellomkrigstida.¹⁵⁵ Nielsen hevdar at idealet om at einebustader, som til dømes Egne Hjem, og vakker bebyggelse kom framfor bustadbehovet.¹⁵⁶ Bileta i den protokollførte serien er med på å underbygge dette. Dei viser framveksten av dei

¹⁵² Byrkjeland (1991) s, 48 ff

¹⁵³ Byrkjeland (1991) s, 49

¹⁵⁴ Sjå s. 90, sjå også vedlegg 35 for biletanalyse.


¹⁵⁵ Byrkjeland (1991) s, 48

¹⁵⁶ Nielsen (1984) s, 183

nye bustadområda, der fotografia gjennom landskapsfotografia tilslutt viser ein harmonisk småbyidyll.

I løpet av 1920- og 1930-talet vart mange bustader bygde i regi av NACo. Egne Hjem, Byporten og ingeniørbustader i sentrum. Parken vart ferdigstilt på 1920-talet. Denne bydelen hadde hus for både funksjonærar og arbeidarar.

Arbeidar bustadområdet på Sæbøtangen vart gradvis utvida. På trass av den storstilte bustadbygginga budde det framleis arbeidarar og familiar i anleggsbrakker til langt ut på 1930-talet. Brakkene stod på sjølve fabrikktomta, og var reist i samband med bygginga av fabrikk. I den protokollførte serien er bygginga av brakkene dokumentert.¹⁵⁷ Etter dette er dei med på nokre oversiktsbilete over Høyanger, eit av desse er bilete A fig. 4.1.4.



A: SFFF-1993360.128475/Nordahl-Olsen senior?



B: SFFF-1992050.167765/Nordahl-Olsen senior?

Fig. 4.1.4: Brakkene A: Oversikt. "12/7-24. 665" B: Dei ytre buforhold ved brakkene.

Bilete B fig. 4.1.4 viser brakkene medan det høgst truleg budde familiar der. I eine enden av brakkebyggingen til høgre ser ein nokre kvinner og barn. Biletet er ikkje datert, og er truleg privat initiert.¹⁵⁸ Det er ikkje ein del av den protokollførte serien, men er viktig i denne samanheng sidan det viser nærbilete av eit bustadområde som elles er dårleg dokumentert.

¹⁵⁷ Sjå bilete B fig. 3.23 s. 52.

¹⁵⁸ Nummeret på biletet er ikkje relatert til den protokollførte serien.

Etter 1945 stod NACo bak ein del av husbygginga, mellom anna i dei nye bustadområda på Dale og Kvernhaugen. Alle desse byggeprosjekta er dokumenterte i større eller mindre grad i den protokollførte fotosamlinga i samband med byggeprosessen, og kan vere med på å dokumentere ei utjamning av bustadstandarden og klasselinene i etterkrigstida.

Mykje kan tyde på at NACo hadde ein definert bustadpolitikk med kven som skulle bu i dei ulike husa og bydelane. I den sosialt differensierte bustadbygginga var det ikkje berre eit skilje mellom funksjonærar og arbeidarar, men det var også skilje i internt i standard mellom arbeidarane. Arbeidarane budde i alt frå brakker via rekkehus og til einestadar. Dei ulike husa og bustadområda er dokumentert gjennom fotografi i Høyanger Verk si fotosamlinga. Biletet kombinert med andre kjelder kan dermed gå inn som ein del forteljinga om klasseskilje og sosiale forhold i Høyanger.

4.1.6 Dokumentasjon av industristaden Høyanger

Den største dokumentariske verdien av fotosamling ligg i at den viser Høyanger i ein kontinuerleg endringsprosess. Ein ser utviklinga gjennom oversiktsbileta tekne til ulike tider, gjennom detaljane i hus og anlegg frå bygge perioden, til dei står ferdig i eit velregulert lokalsamfunn i stadig vekst. Fotografia dokumenterer kva endringar som kom. Dei nøyaktig daterte bileta fortel også tidspunktet endringane kom. Ein del av dette kan også finnast via andre kjelder, men bileta gir oss eit direkte og unikt innblikk i utviklinga.

Det er ikkje alle sider av tettstadsutviklinga som er dokumenterte like godt via fotosamlinga. Med nokre få unntak viser bileta berre detaljerte bilete frå dei områda der NACo var involvert i byggeprosessane. Til dømes så er det svært få fotografi frå Sæbø, det største enkeltstående bustadområdet i Høyanger. Årsaka til dette ligg i at dette var sett på som privat busetnad der husbyggarane sjølv kjøpte tomtene og stod som byggherre.

4.2 Kulturelt uttrykk

4.2.1 Fotografiet som kulturelt uttrykk

Fotografia var skapte i den livsverda som fotografane opplevde og var ein del av, og er farga av dei oppfatningar, haldningar og andre påverknadar fotografane var utsett for. Kva har utløyst fotograferinga? Kva har biletproduksjonen blitt påverka av? Kva vart fotografert og kva vart utelete? Korleis er forteljninga om Høyanger presentert gjennom Høyanger Verk si fotosamling?

Ser ein til den protokollførte delen av fotosamlinga, er det i hovudsak byggeaktivitet som har vore den utløysande faktor. Det skjer noko, det er endringar på gang. Elles så var det spesielle aktivitetar og hendingar som utløysar fotografering. Som grunnregel kan ein hevde at kameraet vart teke fram ved spesielle høve. Den daglege tralten var ikkje alltid fullt så interessant, unntaket er bilete som viser prosessaktivitet frå fabrikk. Ser ein til landskapsbileta så er dette godvêrsbilete. Fotografiet vart nytta for å ta vare på dei gode augeblikka, bilete som også profilerte verksemda. Slik sett avspeglar ikkje bileta eit samfunn, men utvalde augeblikk.

4.2.2 Bilettradisjonar

Fotohistorikaren Roger Erlandsen hevdar at eit bilete i første rekke er relatert til andre bilete, ikkje den røyndomen det viser.¹⁵⁹ Dette utgangspunktet medfører at bilettradisjonar gir viktige føringar for biletproduksjonen. Det ser vi også i biletsamlinga frå Høyanger, der fotografi frå anleggstida i 1916-1917 har klare likskapstrekk med bilete frå liknande industrianlegg i tida 1900-1920 som t.d Rjukan, Tyssedal, Ålvik og Glommfjord.

I Oslo kommune byrja kommunen å dokumentere si eiga verksemd ved hjelp av fotografi frå 1880-talet og framover. Fotografiet vart eit viktig hjelpemiddel for ingeniørane når framsteget skulle dokumenterast. Bileta vart nytta som eit rapporteringsverktøy over for leiinga og som ein del av saksbehandlinga. Oppdragsgivarane for arbeidet kunne med eigne auge sjå resultatet av arbeidet utan å flytte seg til anleggstaden.¹⁶⁰ Ingeniørane tok i bruk fotografiet som eit verktøy i si yrkesutøving - nytta som ein del av den faglege dokumentasjonen.

¹⁵⁹ Erlandsen (2000) s, 298

¹⁶⁰ Alsvik (2003) s, 5

Den kjende norske fotografen Anders Beer Wilse hadde eit vidt spekter i si gjerning som fotograf i Noreg på byrjinga av 1900-talet. Han var bevisst i forhold til sitt virke og samanfatta det å vere fotograf med det å vere moderne.¹⁶¹ Han er mest kjend for landskapsfotografia og portretta han gjorde, men har var også innom ein del arbeidsplassar og fotograferte arbeidslivet. Med Wilse i spissen vart fotografiet ein konstituerande del i forminga av det norske, det nasjonale sjølvbildet.¹⁶² Fotografiet blei sett som ein viktig del av nasjonsbygginga i denne perioden. Wilse blir gjerne karakterisert som sjøve nasjonalfotografen og var ein vesentleg del av nasjonsdanninga og den norske identitetsskapinga i denne perioden. Der ein del av dette var å vise framsteget moderniseringa av nasjonen.

Witse var også innom Høyanger og fotograferte. Hans arbeid og virke var truleg kjent blant fotografane til den protokollførte serien. Andre samtidige og tidlegare fotografar kan også ha verka formande for den lokale fotoaktiviteten. Det var dei som har bygd opp tradisjonane og grunnlagt konvensjonane for deira aktivitet. Medan Wilse og andre fotografar fotograferte framsteget nasjonalt, har fotografane i Høyanger på vegne av verksemda dokumentert utviklinga lokalt. Ein fotografisk tradisjon var etablert ved Høyanger Verk, ein tradisjon som strekker seg fram mot dagens aktivitet.

Bileta er i den protokollførte serien var i hovudsak tekne av dyktige amatørfotografar tilknytt den tekniske sida av verket sin aktivitet. Dei var tilsette ved verksemda, der dei nytta kameraet som verktøy i sitt arbeid. Mykje kan tyde på at verksemda i 1917 leigde inn ein profesjonell fotograf, Helgesen, for å få dokumentert moderniseringsprosessen og framveksten av den nye industristaden.

Dette er trekk som ein kjenner igjen frå andre liknande fotosamlingar. I samband med fotografering av anleggsverksemd før første verdskrigen var det vanleg at profesjonelle fotografar tok bilete som skulle nyttast til offisielle og representative formål. Den kjende fotografen Andres Beer Wilse tok på seg oppdrag for å fotografere for offentlege og private verksemdar rundt første verdskrig. Medan dei tilsette tok dei anonyme bileta frå anleggsverksemda.¹⁶³ I Høyanger har verket sin faste fotograf Nordahl-Olsen senior også stått

¹⁶¹ Erlandsen (2000) s, 240

¹⁶² Erlandsen (2000) s, 302

¹⁶³ Larsen (2007) s, 164-165

for bilete til representative formål. Han var kanskje meir enn ein dyktig hobbyfotograf, fotograferinga var ein viktig del av jobben hans.

4.2.3 Fotografen si livsverd

Dei første fotografane under anleggstida i 1916-1917 kom, såg, fotograferte og forsvann. Det var ingeniør Schjærven og andre som fotograferte og dokumenterte framveksten av den nye industristaden. Dei vart supplert av fotograf Helgesen som truleg fekk i oppdrag å dokumenterte det moderne industrieventyret. Eugen Nordahl-Olsen senior kom i 1919 og vart verande i Høyanger til han døde i 1956. Han er den viktigaste leverandøren av bilete. Som fotograf hadde han tre roller. Den første og mest vesentlege i denne samanheng som yrkesutøvar og funksjonær ved NACo, der han var tilsett som teknisk teiknar. Dette plasserer han på den borgarlege sida i det klassesdelte Høyangersamfunnet. På fritida var han også aktiv samfunnsdeltakar, der han mellom anna var aktiv i kultur og lagsarbeid, noko som blir avspegla i den private delen av fotosamlinga. Til sist finn vi han i rolla som familiefar, der han mellom anna fotograferte sine egne barn i ulike samanhengar. I hovudsak er det rolla som yrkesstøvande teknisk funksjonær som påverkar hans tilnærming til motiva og dei bileta han tok i den protokollførte serien. Men i nokre av bileta frå dei ikkje protokollførte seriane ser det ut til at det er samfunnsdeltakaren som er fotograf.

I si yrkesutøving var Nordahl-Olsen teiknar ved Høyanger Verk sitt teiknekontor og stod mellom anna for teikning av kart og bygningar og andre konstruksjonar. I sitt virke som fotograf tok han bilete av dette arbeidet. På den måten dokumenterte han også sitt eige arbeid. Hans rolle som fotograf kan seiast å vere som ein slags hovudfotograf for for NACo i Høyanger i perioden 1919 fram til rundt 1950, da son hans tok over. Bileta blir eit vitnesbyrd og testamente over hans og verksemda han jobbar ved sine aktivitetar.

Dei fleste fotografane hadde teknisk bakgrunn der nytta fotografiet som fagleg dokumentasjon. Det var med andre ord Nordahl-Olsen senior og dei andre fotografane si livsverd som vart dokumentert. På oppdrag frå NACo fotograferte dei kraft-, fabrikk- og byanlegget si utvikling. I dei ikkje protokollførte seriane er også ein stor del av bileta tydeleg er tekne på vegne av verksemda. Verksemda har difor hatt ei både direkte og indirekte påverking på innhaldet. Fotografane måtte ta bilete i tråd med oppdragsgivaren sine interesser. I dei meir privat initierte bileta frå arbeidslivet har fotografane stått friare. Likevel

måtte dei ta omsyn til at bileta også her skulle vere representative for dei sjølve som fotograf og for verksemda dei var tilsette i.

4.2.4 Framstilling av tettstaden

Serien med nærlandskapsbilete frå august 1939 fortel oss noko om korleis NACo ynskte å framstå.¹⁶⁴ Alle desse bileta har tilsynelatande same tilnærminga. Dei viser enkeltdelar av tettstaden frå si beste side. Dei fungerer på ein måte som marknadsføring av Høyanger som industristad. Mot slutten av 1930-talet vart Høyanger i fleire samanhengar trekt fram som ein ”idealby”. Hagebyen Høyanger var eit etablert omgrep. Landskapsbileta frå tettstaden fungerte langt på veg som symbol på utviklinga.

Nærlandskapsbileta frå 1939 var med på å underbygge hagebyen sitt omdøme. NACo hadde lykkast i sin strategi, ein strategi som dei hadde heilt frå starten av. Dei hadde engasjert nokre av landet sine mest kjende arkitektar for utforming av staden. Undervegs i bygginga førte dei streng kontroll med all utbygging.¹⁶⁵ Hageeigarar i Egne Hjem bustadområde fekk utlevert gratis blomar og busker, og gartnarhjelp vart stilt til disposisjon. Det vart også gjennomført egne hagekonkurransar.¹⁶⁶ Alt strevet hadde gjeve resultat, via bileta kunne ein no presentere det endelege resultatet.

I byggefasen var teknisk dokumentasjon det sentrale for verksemda. Med landskapsbileta fekk fotografiet ein ny funksjon, som vitneprov på ein vellykka strategi som hadde gjeve resultat. Det velregulerte industrisamfunnet hadde teke form. Oversiktsbilete vart tekne frå starten av, seinare kom også nærbileta av enkeltområde. Først utover 1930-talet vart nærlandskapsbileta sett i system. Serien frå 1939 er sjølve manifestasjonen på utviklinga av eit kosmos. Bileta presentere ein velregulert og vakker industristad, ein stad forma etter planar frå leiing og ingeniørar.

Utveljinga av dei områda som skulle fotograferast, og som fekk plass i den protokollførte serien, seier oss noko om verdigrunnlaget til verksemda. Det er flest bilete er frå bustadområda Parken, Villabyen og Egne Hjem i sentrum av tettstaden. Det er dei vakraste og

¹⁶⁴ Sjå døme bilete B fig.3.1.1 s. 41, bilete B fig. 3.1.2 s. 44 og bilete F fig. 3.5.2 s. 87. Samt vedlegg 32 for biletanalyse.

¹⁶⁵ Nielsen (1984) s, 182.

¹⁶⁶ Nielsen (1984) s, 178

mest presentable områda som blir vist fram. Dei mindre presentable bustadområda på Sæbøtangen, og privat busetnad på Sæbø er mindre interessant.

Rettnok finst det nokre få bilete i fotosamlinga, som tildømes bilete B på fig. 4.1.4 av brakkene,¹⁶⁷ som viser mindre presentable sider ved industristaden. Men dette er truleg privat initierte bilete, og ikkje del av verksemda sin offisielle fotosamling. Og må difor settast inn i ein anna samanheng. Det er såpass få at det heller ikkje kan seiast å vere ein trend. Likevel peikar desse mot andre sider av Høyanger si utvikling som normalt ikkje vart fotografert av verksemda sine fotografar.

4.2.5 Harmoni eller konflikt?

”Det harmoniske samfunn har en harmonisk befolkning, og med de motsetninger som det må være i ethvert samfunn, kan man likevel si at Høyanger nærmer seg det ideelle.”¹⁶⁸

Slik er ei av beskrivingane som Kåre Fasting nyttar i si framstilling av Høyanger i jubileumsboka til NACo frå 1965. Landskapsbileta i den protokollførte serien understøttar dette inntrykket. Bileta viser Høyanger sitt velregulerte byanlegg sett frå si beste side. Det som blir presentert er eit tilsynelatande ferdig utbygd og komplett samfunn med idylliske bustadområde, gater, parkanlegg, skule og sjukehus omkransa av vakker og vill vestlandsnatur. Bileta bygger klart oppunder det harmoniske og idylliske biletet som Fasting og andre søkjer å framstille.

Også dei andre delane av fotosamlinga er prega av ein gjennomgåande harmoni. Som Fasting skriv må det noko motstand til. I biletsamlinga er enkelte hendingar som kan tyde på tilbakesteg dokumenterte, som til dømes lekkasjar på dammar og driftsproblem. Men i biletsamlinga står desse bileta meir fram som vitnesbyrd over korleis desse problema vart overvunne. I tillegg er hendingar som flom og skader etter snøras, brann og storm dokumenterte. Langt på veg kan ein hevde at fotosamlinga avspeglar korleis leiinga ynskte at verksemda og Høyanger skulle framstå.

¹⁶⁷ Sjå bilete s. 106. Dette er det einaste frå brakkene av denne typen. I tillegg til dette er det om to bilete tekne på baksida av Sæbøtangkomplekset som har ei liknande tilnærming.

¹⁶⁸ Fasting (1965) s, 172

Var utviklinga på staden prega av berre harmoni i framsteget sitt lys? I eit klassesdelt samfunn som Høyanger blir kampen mellom arbeid og kapital, mellom leiing og funksjonærar på eine sida og arbeidarane på andre, framstilt som den store konflikten. Viser så denne konflikten igjen i fotografa?

Kjell Jarle Høyheim tek tak i spørsmålet om harmoni eller klassekamp i si hovudfagsoppgåve i historie om fagrørsla i Høyanger. Der set han Fasting si utsegn om harmoni opp mot forfattaren av HKIF (Høyanger Kjemiske Industriarbeidarforeining) si jubileumsbok frå 1946, Th. Riise, sitt utsegn om ein kontinuerleg klassekamp mellom leiing og arbeidarar. Høyheim konkluderer med at ingen av desse ytterpunkta stemmer om ein skal beskrive situasjonen. Begge sidene må med om ein skal ha eit fullstendig bilete av utviklinga til Høyangersamfunnet.¹⁶⁹

Konflikt og klassekamp finn ein ikkje direkte uttrykt i bileta. Dei portrettbileta som inneheld både leiinga sine representantar og arbeidarar, viser meir samarbeid og harmoni enn arbeidskonflikt. Sett frå arbeidarane si side blir tihøva framstilt frå ei anna side. Små og store arbeidskonfliktar blir trekt fram. Eit kontinuerleg konfliktområde var organiseringa av arbeidet. Frå tid til annan kunne det også oppstå personkonfliktar mellom enkelte i leiinga og arbeidarane, konfliktar som i enkelttilfelle enda i streik.¹⁷⁰ Den konfliktfulle sida av arbeidslivet er vanskeleg å få direkte auge på i fotografa. Det er i stor grad den gode sida av livet som blir dokumentert, også i arbeidslivet.

Likevel finn ein indirekte element av både klasseskilje og konflikt i fotografa. Det dreiar seg her om ulik klesstil i arbeidslivet mellom funksjonærar og arbeidarar og ulik standard på bustadar. Dette er moment som ofte blir trekt fram som symbol på klasseskilje og klassekamp. Denne sida av Høyangersamfunnet er likevel betre beskrive i andre kjelder. Fotografa kan nyttast for å underbygge og illustrere desse kjeldene.

¹⁶⁹ Høyheim (1981) s, 168-169

¹⁷⁰ Byrkjeland (1991) s, 63 ff



A: SFFf-1992050.167763/Nordahl-Olsen senior



B: HV – 0574-arkiv1/Eugen Nordahl-Olsen senior

Fig. 4.2.1: Streik 1919 **A:** Utsikt frå Håland, søndagstur. **B:** "574" Carbidbaaten "Herminia" laster 4/10-19. (Fotoprotokollen.)

Byrkjeland slår fast at det frå 21.07.1919 juli til 14.10.1919 var det streik i Høyanger.¹⁷¹ Dette er den mest omfattande og lengste streiken i Høyanger si historie. I frå denne streikeperioden er det i fotosamlinga nokre særns interessante bilete. Eit oversiktsbilete i den protokollførte serien viser Høyanger sett frå Håland.¹⁷² Dette fotografiet viser ei tilsynelatande vakker jordbruksbygd i overgangen til ein industristad. Men noko manglar, det er ikkje røyk frå pipene. Ser ein til dateringa av biletet er det teke søndag 14.09.1919, under streikeperioden i 1919.

Bilete A fig. 4.2.1 er høgst truleg teke samtidig, på dette er også nokre personar som i stor grad har på seg finkle. Dette fotografiet er ein del av den private delen av fotosamlinga. Når ein veit at bileta er tekne under ein streikeperiode som langt på veg kan beskrivast som ei krisetid for det nyetablerte industrisamfunnet, får det tilsynelatande harmoniske inntrykket eit anna innhald.

Bilete B viser ein lastebåt som ligg ved kaia i Høyanger, ikkje noko unormalt i det. Fotografiet har er merka med 574. I fotoprotokollen er dette biletet datert 04.10.1919. Teksten

¹⁷¹ Byrkjeland (1991) s, 118

¹⁷² Sjå vedlegg 10 for biletanalyse.

til biletet fortel oss at karbidbåten ”Herminia” driv og lastar.¹⁷³ Dette samsvarar dårleg med den informasjonen som Riise kjem med om denne streiken. ”*Lossing og lasting av anløpende skip skulle tillates, såframt de ikke brakte eller skulle hente noe for fabrikken.*”¹⁷⁴ Arbeidarane ynskte tilsynelatande å blokkere verksemda sin aktivitet på kaien. Riise hevdar at konflikten var avslutta 25.09.1919.¹⁷⁵ Biletet er teke etter denne dato. Medan biletet er teke innafør Byrkjeland si tidsgjeving. Kanskje streiken gjekk over i ein anna fase etter 25.09.2008? Diverre er det dårleg med skriftleg kjeldemateriale i forhold til denne konflikten.¹⁷⁶ Kanskje dette biletet kan medvirke til å kaste lys over til no ukjente sider ved streiken.

I og med at forholda rundt streiken er uklare er det også vanskelig å kunne sei noko konkret om opphavet. Var formålet med fotograferinga å dokumentere at arbeidet endeleg var kome i gang? Eller var det karbidlastinga som var motivet? Verksemda hadde problem med avsetninga på dette produktet.¹⁷⁷ Ei meir dramatisk tolking er dokumentasjon av streikebryteri. Uavhengig av situasjonen, så har truleg aktørane som er med på biletet vore farga av streiken. Kunnskapane om forholda rundt opphavet til biletet er for dårlege til å kunne gi ei fullgod analyse av biletet på noverande tidspunkt. Men biletet er interessant, og kan vise ein konflikt situasjon. Ein konflikten som ikkje trår fram i biletet før dateringa er klar, og ein har jamført denne med anna litteratur og kjelder.

”*Fyll og fanteferd, drykk og dragsmål, skrik og skjenn og slagsmål. Det var ikkje folkevis å fara so her i grenda.*”¹⁷⁸ Slik beskriv Dale det ømtolige temaet vald og alkoholmisbruk under anleggstida. Dette er forhold som ikkje er direkte dokumentert via fotografia, men som tydeleg var sett på som eit problem. I eit av bileta frå arbeidslivet kan ein tolke seg fram til at det er ei vinflaske tilstades i biletet.¹⁷⁹ I den meir private delen av samlinga som ikkje er omhandla her, blir det tydeleg nytt alkohol, men då i ein tilsynelatande hyggeleg og festleg samanheng.

¹⁷³ Fotoprotokollen. Biletet er teke før aluminiumsproduksjonen var komen i gang ved Høyanger Verk. Frå juni 1918 til februar 1919 vart det produsert karbid ved fabrikkkanlegget. Fasting (1965) s, 128

¹⁷⁴ Riise (1966) s, 22

¹⁷⁵ Riise (1966) s, 22

¹⁷⁶ Byrkjeland (1991) s, 118

¹⁷⁷ Fasting (1965) s, 128

¹⁷⁸ Dale (1951) s, 12

¹⁷⁹ Sjå vedlegg 28 for biletanalyse.

Sosial naud og dårlege buforhold er beskrivingar som har vore nytta om tilhøva i periodar i Høyanger si utvikling, spesielt den første tida. Dette kjem heller ikkje direkte fram i bileta. Det nærmaste ein kjem er biletet er frå brakkene.¹⁸⁰ Korleis forholda var innandørs i brakkene finn ein ikkje noko bilete av i Høyanger Verk si fotosamling.

Dårlege buforhold og det som dette førde med seg, var problem som arbeidarane Høyanger opplevde, slikt var ikkje ein naturleg del av funksjonærane og leiinga sin livsverden. Vald og alkoholmisbruk kunne ein truleg også finne i det borgarlege funksjonærmiljøet, men ein assosierte helst slik aktivitet med arbeidarane og deira livsrøyndom. Dette var heller ikkje noko som var ein direkte del av ein funksjonær ved NACo si livsverd. Om dei observerte desse forholda var dette ikkje noko som det fall seg naturleg å ta bilete av. Det handlar først og fremst om konvensjonar og etikk, ein tek ikkje bilete av folk som ligg nede. Folk som levde under kummerlege forhold ville truleg heller ikkje sleppe representantar frå leiinga inn for å ta bilete av deira elende.

Fotografi frå det ein kan kalle for samfunnets skuggeside er såleis sjeldan å finne frå perioden 1916-1958. Dette er ikkje dette noko særskilt for Høyanger. Det ligg i fotografiet og den tids konvensjonar for fotografering sin natur. Bileta skulle framstille og presentere personar og innhald frå si beste side. Det er solsida som skulle fram. Bileta som viser samfunnets skuggeside bryt med harmonien. Det er ikkje utenkjeleg at det kan finnast eit og anna bilete som direkte eller indirekte dokumenterer skuggesida i Høyanger, men då må ein truleg leite i arbeidarane sine private fotosamlingar. Dette var ein del av deira livsverden, men truleg ville ikkje dei vise slikt fram heller.

4.2.6 Forteljninga om Høyanger

Forteljninga om utviklinga til Høyanger sett gjennom fotografa til Høyanger Verk si fotosamling i perioden 1916-1958 er ei harmonisk forteljning om ein industristad som vaks fram inne i ein trong og vakker vestlandsfjord. Ei utvikling som er sett med leiinga og funksjonærane sine auge - konstruktørane og delvis administratorane av samfunnet. Gjennom bileta i den protokollførte serien ser vi i hovudsak dei fysiske omveltingane som endra Høyanger, ei ytre endring. Fyll, fanteri, slagsmål og anna spetakkel er fråverande. Sjølv om ein kan få ei fornemning av kaos i nokre av bileta, så er det vegen mot kosmos som blir

¹⁸⁰ Sjå bilete B fig. 4.1.4 s. 106.

dokumentert og formidla i fotografia. Spesielt den protokollførte serien er Høyanger Verk si offisielle framstilling av utviklinga til industristaden. Det var slik dei ynskte å framstille seg.

I Høyanger Verk sin del av fotosamlinga som omhandlar deira aktivitet er det i stor grad verksemda sine interesseområde som er dokumentert. Dei aller fleste bileta er sett med funksjonærauge og dei skildrar i stor grad deira livverd. Slik sett er bileta ein viktig dokumentasjon over den borgarlege aktiviteten og kulturen i Høyanger. Den andre sida, arbeidarkulturen er meir fråverande. Ser ein på fotografiet som eit kulturelt uttrykk, fortel bileta oss noko om verksemda og fotografane og den livsverden dei tilhørde. Bileta fortel kva dei syntest var viktig og korleis dei ynskte å framstå.

5. Avslutting

5.1 Oppsummering

Kjernen i Høyanger Verk si fotosamling er den protokollførte serien. Dei fleste bileta i denne delen av samlinga er i hovudsak tekne av og administrert av tekniske funksjonærar tilknytt verksemda sitt teiknekontor. Innhaldet avspeglar dette, og er i hovudsak knytt opp mot bygge- og anleggsverksemd. Men inneheld også viktige delar som viser drift ved fabrikk. Biletmaterialet som er knytt opp mot arbeidslivet og er i stor grad teknisk relatert. Det dreier seg om dokumentasjonsfotografi som ledd i den faglege dokumentasjonen ved verksemda. Men der er også bilete relatert til andre sjanrar. Ein finn landskapsbilete som viser både oversiktsbilete over Høyanger og nærlandskapsbilete av enkeltområde i sin flottaste prakt. I tillegg er også enkelte viktige hendingar for verksemda og staden fanga opp og teke med i den protokollførte delen av fotosamlinga.

Fotosamlinga består også av mange ikkje protokollførte fotografi. Ein stor del av dette er bilete med motiv som er henta frå arbeidslivet og verksemda sin aktivitet. Dette er delvis overskotsmateriell frå den protokollførte serien, men også fleire bilete som viser andre sider. Spesielt interessant er nokre bilete som portretterer fleire av dei tilsette på fabrikk på arbeidsplassen. Dessutan er det bilete frå kraftanlegga med ulike motiv både frå byggearbeid og drift. Fleire av dei ikkje protokollførte bileta har ei anna tilnærming enn dei protokollførte og viser difor andre sider av arbeidslivet. Dei protokollførte bileta har ein meir offisiell profil, medan fleire av fotografia i dei ikkje protokollførte seriane har ein meir uformell tilnærming.

Fotografia si kanskje viktigaste rolle er som kjelde til den store forteljinga om Høyanger si utvikling. I bileta blir enkelthendingar dokumentert - kvart enkelt bilete blir eit ledd i forteljinga. Ved å følge bileta over tid tekne på ulike tidspunkt ser vi ei utvikling - fysiske endringar i landskap og teknologi blir dokumentert. I den store forteljinga ser vi gjennom fotografia bygda Høyangsfjorden blir demontert og industristaden Høyanger montert.

Bileta viser eit samfunn i kontinuerleg endring. I ein slik samanheng blir det som forsvann i moderniseringsprosessen særskilt viktig. I dei eldste bileta ser vi det tapte jordbrukskulturlandskapet, som over fleire år hundre vart forma av jordbruksdrift. Fleire av bygningane, bustadområda, kraftanlegga og fabrikkane som er avfotograferte har i

etterkant måtte vike i utviklinga og moderniseringa si ånd. Fleire av desse tapte og særeigne kulturminna og kulturmiljøa er i fotosamlinga godt dokumenterte via fotografiet. Fotografia blir på denne måten ei visuell primærkjelde for desse kulturminna.

Innafor arbeidslivet har bileta fanga opp ulike sider. Vi kan delvis sjå korleis anleggsarbeidet var organisert og vi får også eit visst inntrykk av dei fysiske arbeidsforholda. På fabrikkens fangar dei opp deler av det fysiske fabrikkssystemet. Bileta frå fabrikkens gir oss eit innblikk i korleis verksemda var bygd opp, og korleis arbeidet var organisert. Over tid får vi også formidla endringar og utvikling av teknologi både innafor anleggsarbeidet og på fabrikkens.

Det vi får mindre inntrykk av er korleis det var å vere arbeidar. Rett nok får ein eit visst inntrykk av det fysiske arbeidsmiljøet, men korleis arbeidarane følte arbeidet på kroppen kjem ikkje fram. Dei sosiale sidene av arbeidslivet er vanskeleg å få noko konkret inntrykk av, til dømes korleis forholdet mellom funksjonærar og arbeidarar var. Eit unntak er kva kle personane på fotografia brukar. Dette kan seie oss noko om kva sosial status og posisjon dei har på arbeidsplassen. Ingeniørar, funksjonærar og andre som representerte leiinga er finare kledde enn den jamne arbeidar. Dette dokumenterer eit klasseskilje på arbeidsplassen. Noko som indirekte kan seie oss noko om dei sosiale tilhøva i arbeidslivet.

Klasseskiljet var framtrudande i Høyanger. Arbeidarar og funksjonærar budde i stor grad i kvar sine bustadområde. Fleire av desse område er dokumenterte via fotografia under bygging og når dei stod ferdig og var tekne i bruk. Fotografia i den protokollførte serien dokumenterer dei fysiske bygga sett utanfrå, men kven som budde der blir berre unntaksvis dokumentert. Dei sosiale skiljelinene som ligg geografisk i tettstaden er med i bileta. Bustadhusa har ulik storleik og standard. Men bileta uttrykker ikkje klasseskilje direkte, dei var ikkje tekne for å dokumentere desse tilhøva. Formålet med biletproduksjonen har i hovudsak vore å dokumentere byggeaktiviteten.

Fotografia dokumenter ikkje berre ulike sider ved Høyanger si utvikling. Dei er også eit kulturelt uttrykk, og kan difor seie oss noko om fotografane og det samfunnet dei var ein del av. Fotografia er både eit resultat av og viser samtidig livsverda som dei opplevde. Den fotografiske aktiviteten er styrt av konvensjonar og bilettradisjonar. Ser ein til den protokollførte serien så er denne påverka av forventningar om resultat frå oppdragsgivarane, i denne omgang leiinga ved NACo. Forteljninga som fotografia formidlar er farga av harmoni i

framsteget si teneste. Det er ingen direkte konflikt å spore. Det var slik verksemda også langt på veg ynskte å framstå. I ein serie med landskapsbilete frå 1930-talet kan ein også sjå ein viss grad av verdivurdering av kva som var presentabelt og som skulle vise det beste i Høyanger. Bustadområda i Parken, Villabyen og Egne Hjem i sentrum kjem godt ut, medan bustadområda på Sæbøtangen og Sæbø er dårlegare representert.

Kvart enkelt fotografi speglar eigne små forteljingar som vi kan fange opp. Særs interessant i ein slik samanheng er dei bileta som fangar opp små kvardagsforteljingar. Dette er ofte fotografi som er tekne med andre formål enn det vi med dagens auge søker etter. Det kan vere eit bilete som er tekne for å dokumentere husbygging ein eller anna stad i tettstaden, der bimotivet ofte blir det interessante. Vi får sjå små korte autentiske avtrykk av dagleglivet.

5.2 Konklusjon

I kva grad fotografa i den delen av Høyanger Verk si fotosamling som omhandlar deira eigen aktivitet gjev eit truverdig bilete av utviklinga og framveksten til industristaden Høyanger, er i stor grad avhengig av kva ståstad ein har. Ein får ulike svar om ein tek utgangspunkt i verksemda, arbeidarane ved verksemda, innbyggjarar i Høyanger eller freistar sjå utviklinga frå ein meir uavhengig synsstad.

Sett frå verksemda si side, dei som har bygde opp fotosamlinga, vil svaret i stor grad truleg vere positivt. Fotografa fangar opp sjølve utbygginga frå starten av, der pionertida 1916-1917 er godt dokumentert. Seinare har også mest all bygge- og anleggsverksemd dei var involvert i vorte fotografert. Milepælane i utviklinga av industristaden Høyanger er relativt godt dokumentert. Via fotografiet følgjer ein framveksten og utvikling av industristaden – framsteget og moderniseringa blir dokumentert gjennom fotografiet. I fotografa ser vi at strategien med å utvikle eit moderne, funksjonelt, vakkert og harmonisk samfunn tilsynelatande har lukkast. Planen er sett i verk.

Den daglege drifta ved fabrikk og kraftanlegga er derimot i mindre grad dokumentert. Rett nok er vesentlege sider med, men det er fleire hol. Spesielt sagnast det bilete som viser fleire av dei rutinemerssige arbeidsoperasjonane i dei ulike produksjonsprosessane. Ein saknar spesielt fleire sider ved aluminiumsproduksjonen, som jo var kjerne produksjonen ved verksemda.

Ser vi det i frå arbeidarane si ståstad, blir svaret noko meir reservert. Bygnings- og anleggsarbeidarane sin arbeidsplass er godt dokumentert. Fabrikkarbeidarane sitt arbeidsliv er delvis dokumentert, men fleire viktige sider manglar. Vedlekehaldsarbeidarane sitt arbeidsliv, med unntak av for Kraftstasjon I på 1920- og 1930-talet, er dårleg dokumentert. Fleire vil kanskje reagere på at det er dei tekniske sidene som er mest framtrudande i fotografia frå den protokollførte serien. Personane i bileta kjem i mindre grad fram. Dei vil truleg med større glede sjå på den delen av samlinga med portrett bilete av arbeidarar og funksjonæren frå ulike anlegg, avdelingar og arbeidsplassar.

Innbyggjarar i Høyanger som held til i bustadområde som Høyanger Verk var involvert i utviklinga av, har moglegheiter til å finne bilete av sin noverande eller tidlegare bustad. Dei vil kunne sjå korleis deira bustadområde har vakse fram. Verre er det med dei som kjem frå eller bur i dei privatinitierte bustadområde. Dei må i stor grad nøye seg med oversiktsbileta.

Ser vi på fotosamlinga i eit fagleg historisk perspektiv, vil samlinga gi store moglegheiter for å finne svar på ulike historiske problemstillingar knytt til perioden som bileta er henta frå. Skal fotosamlinga nyttast som kjelde til kunnskap om fortida må bileta vurderast i eit kjeldekritisk perspektiv. Dei aller fleste bileta er arrangerte i ein eller anna form. Det dei viser er eit regissert utsnitt av røyndomen. Det er fotografen som bestemmer innhaldet. Ein fotograf som er styrd av sin eventuelle oppdragsgivar og samtidas praksis i utøvinga som fotograf.

”Høyanger i endring” er eit sentralt tema i denne samanhengen, spesielt om ein ser til den store forteljninga som viser den fysiske endringsprosessen av industristaden. I og med at viktige bustadområde i Høyanger ikkje er med, blir gjerne ”deler av Høyanger i endring”, eit meir dekkande innrykk. Det er Høyanger Verk sine interesseområde som er vist i endring. Bileta er også i stor grad sett med ein teknisk funksjonær sine auge, noko som også fargar tilnærminga og innhaldet.

Fotografering handlar mykje om å ta vare på dei gode augeblikka. For ein teknisk funksjonær ved verksemda handla det difor ofte om å ta bilete når byggeplanar vart realisert, og når det stod ferdig i all sin prakt. Det var dei vellykka sidene som vart framheva. Det fall seg ikkje naturleg å ta bilete av skuggesidene, til dømes dårlege sosiale buforhold. Fotosamling viser i

all hovudsak den harmoniske og vellukka sida av Høyanger si utvikling. På denne måten er fotografa og samlinga eit kulturelt uttrykk for korleis verksemda ynskte å framstå.

På trass av dei hol og manglar som er skissert, så er Høyanger Verk si fotosamling ei sentral kjelde om vi søker kunnskap om industristaden Høyanger si utvikling. Fotografa fungerer ofte best i samspel med andre kjelder. Munnlege kjelder kan gi viktig tilleggsinformasjon om fotografa og det som er avbilda. Fotografa kan nyttast til å forstå og utfylle ulike skriftelege kjelder av ulike slag. Enkelt bilete eller seriar kan gi grunnlag for søk etter informasjon i forhold til nye problemstillingar.

I arbeidet med å avdekke ulike sider ved det fortidige Høyanger kan fotografa vere verdifulle kjelder. Korleis fabrikkssystemet og anleggsarbeidet var fysisk organisert kan vere eit vesentlege bruksområde. I ein slik samanheng kan det omfattande biletmaterialet frå utbygging og vidare i drift av Oksydfabrikken vere av spesiell interesse. For akkurat denne fabrikkeringa er biletmaterialet kanskje den viktigaste kjelda om ein med dagens auge skal søke kunnskap om oppbygging og prosessforståing. Dei vil truleg vere ein viktig innfallspor for å forstå andre kjelder.

Eit av måla for denne undersøkinga var å kartlegge samt søke å systematisere innhaldet i fotosamlinga. Eg håper denne oppgåva er med på å gi enklare tilgang til biletmaterialet i Høyanger Verk si fotosamling, samtidig som den klargjerer viktige sider ved utviklinga til industristaden Høyanger. Fotografiet nytta i eit kjeldekritisk perspektiv er kanskje den viktigaste kjelda for å kunne følge dei fysiske endringane som industrireisinga førte med seg. Samtidig gjev dei også gir viktige innblikk i arbeidslivet ved Høyanger Verk og på kraftanlegga i perioden 1916-1958.

6. Litteraturliste og kjelder

6.1 Litteratur

Alsvik, Bård. 2003 Dokumentasjon og presentasjon. Historien bak eldre kommunale fotoarkiver. *TOBIAS. Årg. 12 nr. 3.* s. 3-12. Oslo.

Bull, Edvard. (red). 1961. *Renhårig slusk.* Oslo.

Byrkjeland, Martin. 1991. *Bluss. Arbeidarar og fagforeining ved Høyanger Verk 1916-1986.* Høyanger.

Dale, Sjur. 1951a. *Høyanger. Høyangsfjorden i gamal og ny tid.* I Høyanger Samvirkelag 30 års beretning. Høyanger.

Dale, Sjur. 1951b. *Høyangsfjorden vert Høyanger.* I Høyanger Samvirkelag 30 års beretning. Høyanger.

Egner, Hjørdis. 2003. Høyanger. "Norges idealby". *Arkitektur i Norge. Årbok 2003. Norsk Arkitekturmuseum.* s. 92-101.

Engesæter, Aage. 1979. *Høyanger. Utviklinga av industristaden fram til omlag 1945.* Sogndal.

Engesæter, Aage. 2004. Då framtida kom til Sogn. Industristadane Høyanger og Årdal. *Årbok for Sogn nr50, 2004.* s. 47-55. Sogndal.

Erlandsen, Roger. 1988. Det fotografiske visittkortet. *Syn og segn 1-2.* Oslo.

Erlandsen, Roger. 1993. *Kva må vi ta vare på? Om utvalskriterium for foto.* I Landskonferanse 1993 - for fylkes-/regionsansvarlige fotobevaringsinstitusjoner. Oslo.

Erlandsen, Roger. 2000. *Pas nu paa! Nu tar jeg fra Hullet! Våle.*

Ervik, Leif. 1981. *Framveksten av industristedet Høyanger.* Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.

Fasting, Kåre. 1965. *Norsk aluminium gjennom 50 år.* Oslo.

Førde, Einar. 1990. *Smeltingen Høyanger.* Oslo.

Førsund, Adolf og Førsund, Sigurd. 1963. *Bygdebok for Kyrkjebø – Band II. Gardsoga.* Høyanger.

Hauge, Leif m. fl. 1991. *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Høyanger kommune.* Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern: Rapport nr. 16. Sogndal.

Helle, Knut. 1991. *Fotografiet som historisk kilde.* I Fotografi medium – middel – mål, rapport fra nordisk konferanse om fotobevaring, Sandefjord 1991. Oslo.

Høyheim, Kjell Jarle. 1981. *Fagrørsla i Høyanger, 1916-1930*. Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.

KINK. 2006. *Kulturminner i norsk kraftproduksjon – en evaluering av bevaringsverdige kraftverk*. Oslo.

Kjeldstadli, Knut. 1989. *Fabrikkssystem og arbeidere ved Chiristiana Spigerverk og Kværner Brug fra om lag 1890 til 1940*. Oslo.

Kjeldstadli, Knut. 1999. *Fortiden er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo.

Larsen, Peter og Lien, Sigrid. 2007. *Norsk fotohistorie*. Frå daguerreotypi til digitalisering. Oslo.

Leirnes, Leif. (red) 1978. *Bygdebok for Kyrkjebø og Lavik – Band III Bygdesoga*. Høyanger.

Nielsen, Mona. 1984. "Med hjem skal landet bygges". *Egne Hjem og hagebybevegelsen i Norge. Utdrag fra boligsakens historie*. Hovudfagsoppgåve i kunsthistorie. Universitetet i Bergen.

Reiakvam, Oddlaug. 1997. *Bilderøyndom. Røyndomsbilde. Fotografiet som kulturelt tidsuttrykk*. Oslo.

Riise, TH. 1966. (1946). *Høyanger Kjemiske Industriarbeider Forening gjennom 30 år. Høyangers utvikling fra gårdsbruk til industrisamfunn*. I Høyanger Kjemiske Industriarbeider Forening 1916-1966. Høyanger.

Solem, Arne (red). 1954. *Norske kraftverker*. Oslo.

Thue, Lars. 2006. *Statens kraft 1890-1947. Kraftutbygging og samfunnsutvikling*. Oslo.

Tobiassen, Anna Helen. 1995. *På talefot med fotografiene våre*. Oslo.

Wicken, Olav. 1997. Regionens industrialisering – et historisk perspektiv. I A. Isaksen (red), *Innovasjoner, næringsutvikling og regionalpolitikk*. Oslo.

Internett:

Preus Museum. Register over norske fotografer og samlingar.
[http:// www.nb.no/nmff/fotograf.php](http://www.nb.no/nmff/fotograf.php) (Lest 08.05.2008)

6.2 Kjelder

Trykte kjelder

Høyang-Nytt. 1949-1963. Bedriftsavis for Aktieselskapet Norsk Aluminiums Company (NACo) og A/S Nordisk Aluminiumsindustri.

St.meld. nr. 16 2004-2005. *Leve med kulturminner.*

St. prp. nr. 141. 1914. *Om tilladelse for A/S Høiangfaldene til at erhverve og regulere Høiangelvene i Sogn.*

Veteranopphald på Dragsvik Fjordhotell. 1.-4. 1987. Utskrift av intervju, kåseri og foredrag.

Utrykte kjelder

Statsarkivet i Bergen:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. XIV.C. Dei einskilde kraftlag/anlegg. 9. 1914-1955.

Diverse anlegg.

-Protokoll 21. mars 1916.

Høyanger Verk:

Fotoarkiv.

-Fotoprotokoll. 1916-1970.

Norsk Folkemuseum, Avdeling for Arbeiderminner:

-2085. Trygve Sæbø.

-2181. Trygve Sæbø.

Fotografi og film.

Sogn og Fjordane Fylkesarkiv:

Bilete, samlingsnummer.

-SFFf-1992050

-SFFf-1993360

-SFFf-1994100

Film.

-SFFmm-00032.001.008

Digitaliserte bilete og film på nettbasert database i redusert kvalitet.

www.fylkesarkiv.no (Sett 08.05.2008)

Høyanger Verk:

Fotoarkiv.

Sogn og Fjordane Høgskule, Biblioteket i Fjøra:

-Helgesen, Einar. Fotoalbum 1 B. 1. 171 fotografier fra 1917. (Høyanger).

-Helgesen, Einar. Fotoalbum 2 B. 2. 171 fotografier fra 1917. (Høyanger og Ålvik).

-Helgesen, Einar. Fotoalbum 3 B. 3. 171 fotografier fra 1917. (Ålvik).

Kart:

Jordskifteverkets kartarkiv, Førde:

- Jetland, innm. 1905. JV.kat.SF 1060
- Sæbø, innm. 1915. JV.kat.SF 1399

Høyanger Verk:

- Reguleringskart for Høyanger. 1917 943
Er scanna frå ein kopi nytta i ein utstilling over byplan utviklinga i Høyanger, utstillingsmateriell arkivert ved Høyanger bibliotek. Ukjent med kven som har avfotografert originalkart.
- Kart over byanlegget i Høyanger. Ca. 1925
- Kart over byanlegget i Høyanger. 1931 1778A
- NACo sine eigendomar i Høyanger. 1960 1778A
- NACo sine eigendomar i Høyanger. Utsnitt av sentrum. 1957
- Oversiktskart over Kråkos-, Øyre-, og Hjetlandsvassdraget. 2347A
Kart av byanlegg, eigendomar og kraftanlegg er avfotografert av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Samlingsnr. SFFf-100267

Informantar:**Relevans som informant**


- | | | |
|--------------------|---------|--|
| Aven, Sverre | f: 1935 | Oppvaksten i Høyanger. Jobba ein kort periode 1952-1953 ved Høyanger Verk sitt teiknekontor i som læregut. |
| Berge, Anders | f: 1926 | Oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk. |
| Bøyum, Norvald | f: 1923 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk som operatør på aluminiumsfabrikkane. |
| Hegg, Agnar | f: 1926 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. |
| Hjetland, Oddvar | f: 1930 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tilknytning til garden Hjetland. |
| Holt, Arne | f: 1968 | Teknisk konsulent. Siv, ing. bygg, tilsett i BKK. |
| Lønne, Kåre | f: 1931 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk. |
| Marifjæren, Bjarne | f: 1925 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk som støyperiingeniør. |
| Refsdal, Rolf | f: 1934 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk. Var med å bygge AF Serie C. |
| Samuelsen, Magne | f: 1936 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk. Var med å bygge AF Serie C. |
| Sæbø, Idar | f: 1936 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk. Tilknytning til garden Sæbø. |
| Sæhl, Kjell | f: 1946 | Bur og er oppvaksten i Høyanger. Tidlegare tilsett ved Høyanger Verk og Statskraft. |

Masteroppgåve i Historie

Høyanger i endring - ein industristad si utvikling sett gjennom fotografiet -Vedlegg

Kart 1-9

Biletanalyse 10-35



Gaute Ljotebø

Høgskulen i Bergen - Universitetet i Bergen

Vår 2008

Vedlegg:

1

Kart:

Utskiftingskart over innmarka til garden Hjetland i Høyangsfjorden.

Datering:

1905



Eigar/arkiv:

Jordskifteverkets kartarkiv, Førde

Id. nr:

Jv.kat.SF 1060

Kommentar:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:


2

Kart:

Utskiftingskart over innmarka til garden Sæbø i Høyangsfjorden.

Datering:

1915



Eigar/arkiv:

Jordskifteverkets kartarkiv, Førde

Id. nr:

Jv.kat.SF 1399

Målestokk:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:

3

Kart:

Reguleringskart for Høyanger.

Datering:

22.05.1917



Eigar/arkiv:
Høyanger Verk

Id. nr:
943

Målestokk:
Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:


4

Kart:

Utsnitt av kart over byanlegget i Høyanger.

Datering:

Ca. 1925



Eigar/arkiv:
Høyanger Verk

Id. nr:

Målestokk:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:


5

Kart:

Oversikt Høyanger, byanlegget

Datering:

27.05.1931



Eigar/arkiv:

Høyanger Verk

Id. nr:

1778A


Målestokk:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:
6

Kart:
Utsnitt av oversikt Høyanger, byanlegget

Datering:
27.05.1931



Eigar/arkiv:
Høyanger Verk

Id. nr:
1778A

Målestokk:
Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:



7

Kart:

Oversikt over NACo sin eigendomar i Høyanger.

Datering:

18.05.1960



Kommentar:

Kartet gir ei oversikt over NACo sin eigendomar på byanlegget i Høyanger. For å skilje ut dei ulike interesseområda har dei nytta fargekodar. Kartet er korrigert fleire gonger, og var tydeleg eit arbeidskart. På kartet er bydelar som ikkje er med på vedlegg 6 skrive på. I tillegg er kyrkjetoma markert.

Eigar/arkiv:

Høyanger Verk

Id. nr:

1778A

Målestokk:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:


8

Kart:

Oversikt over NACo sin eigendomar i Høyanger, Sentrum og Villabyen

Datering:

31.08.1957



Eigar/arkiv:
Høyanger Verk

Id. nr:

Målestokk:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

Vedlegg:


9

Kart:

Utsnitt av oversiktskart over Kråkos-, Øyre-, og Hjetlandsvassdraget.

Datering:

14.11.1940



Kommentar:

Kartet gir i hovudsak ei oversikt over kraftanlegga i Øyre-, Kråkos-, og Hjetlandsvassdraget ofte omtalt som Kraftanlegg I. Kartet er datert til 1940, eit anna årstal notert på kartet er 1937.

Eigar/arkiv:

Høyanger Verk


Id. nr:

2347A

Målestokk:

Kartet er redusert i forhold til påført målestokk.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 10 | Område og stad: Kulturlandskap - Høyanger oversikt, sett frå Håland. | Datering: 14.09.1919 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|------------------------|---|-------------------------------|---|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Arkiv 1 | Id. nr.: 573 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: O. Hjetland og I. Sæbø |
|--|------------------------|---|-------------------------------|---|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Industri/tettstad:

1. Villabyen og Sandvika – funksjonærbustader,. 2. Parken, bustadområde – direktør og leing. 3. Sæbøtangen, rekkehus arbeidarbustadar. 4. Brakkene, arbeidarbustader. 5. Fabrikktomta, med fabrikkannlegg 6. Sentrum: Eides Hotel, forretningar og Folkets Hus. 7. Byggetomt., framtidig Valhall. 8. Anleggsverksemd 9.Provisorisk kraftstasjon, med kraftlinje som går nedover mot fabrikktomta.

Jordbruk:

10. Sæbø, gardstun, 10. Hjetland, gardstun, 12. Åkrar (potet?) 13. Kornåkrar identifisert med kornstaurar. 14. Eit mønster på denne teigen tyder på aktivitet, uklart kva. 15. Hogstområde.16. Utmark, hamnehagar.

Det som ikkje er spesielt markert på innmarka er truleg ulike teigar med england nytta til slåttemark. Det ser ut som om dei har ulik bearbeiding. Det dreiar det seg truleg om både natureng og kunsteng. I biletet ser ein fleire vegar og bruer samt anna spor etter infrastruktur som t.d steingardar. Elles kan ein legge merke til at det er mykje skog på biletet.

Vurdering av fotografi:

Biletet er ein del av den protokollførde serien til Høyanger Verk. Fotografiet kan i utgangspunktet sjåast på som eit landslapsebilete som viser ei bygd i overgangen frå jordbruksbygd til industristad, biletet er teke ein søndag. Eit anna vesentleg formål med å ta det var truleg å presentere statusen slik den såg ut på dette tidspunktet. Sjølv om fotografiet truleg er meint å vise industrien sin inkomst, er det jordbruket sit kulturlandskap som framleis er mest framtrudande. Eit landskap forma av mangeårig jordbruksdrift, der både innmark og utmark har tydelege spor etter aktivitet. Spesielt garden Hjetland, som ligg nærmast, er godt dokumentert. Fotografiet er teke i september, kornstaurane står framleis ute i kornåkrane.

Biletet er teke av Eugen Nordahl-Olsen senior, ein nyleg tilsett funksjonær ved Høyanger Verk. Hans virke ved verket var som teknisk teiknar. Tilsynelatande har han teke eit vakkert landslapsebilete av Høyanger. Ser ein på datoen fotografiet var teke, får det brått ei anna tyding, det er ikkje røyk frå pipene. Årsaka er at det på dette tidspunktet er streik på fabrikk. Ein anna vesentleg opplysning er at produksjon av aluminium, som var det fabrikkten var bygd for, ikkje var komme i gang. Den starta opp i desember 1919. Slik sett kan ein hevde at det er eit bilete av ein industristad i krise, med ei usikker framtid. Ikkje det fotografiet gir inntrykk av, ein stad i moderniseringsas teikn med framtida framfor seg. Elles kan ein merke seg at fotografen tok eit tilnærma identisk fotografi same dagen. Utsnittet viser det same landskapet, men i tillegg er det på dette biletet ei gruppe personar kledd i finkle. Det siste biletet er meir å sjå på som eit privat fotografi i den private delen av fotosamlinga.

Vedlegg:

11

Område og stad:

Kulturlandskap - Høyanger oversikt, sett frå Håland.

Datering:

02.08.1934

**Eigar/arkiv:**

Høyanger verk/Fylkesarkivet

Id. nr:

SFFF-1993360.129314

Fotograf:

E. Nordahl-Olsen senior

Analyse:

G. Ljotebø

Informant:

O. Hjetland, I Sæbø, A. Hegg

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :

I biletet ser vi infrastruktur som vegar, bruar og gater som bind dei ulike delane av Høyanger saman. I biletet ser ein:

1. Noreidevegen. 2. Sandvika og Villabyen, bustadområde. 3. Fabrikktomt, med fabrikkannlegg. 4. Parken, bustadområde. 5. Sæbøtangen, bustadområde. 6. Sæbø, bustadområde. 7. Sentrum, sjukehuset. 8. Sentrum, foretingskvartal. 9. Sentrum, bustadområde. 10. Sentrum, skule. 11. Sentrum, Valhall (forsamlingshus). 12. Idrettsplass. 13. "Vill vesten", bustadområde. 14. Hålandsvegen. 15. Hjetland, jordbruksareal. I tillegg er det båtar på fjorden og røyk frå fabrikk pipene.

Vurdering av fotografi:

Fotografiet er eit landskapsbilete som viser statusen til "småbyen" og tettstaden Høyanger i 1934. Industristaden som vaks opp rundt fabrikk har no fått sin form etter oppstarten av anlegget i 1916. Biletet dokumenterer den velregulerte og planlagde utbygginga, eit arkitekt og ingeniør skapt landskap omkrinsa av den vakre vestlandsnaturen. Fleire bustadområde er etablert, fellesfunksjonar som skule og sjukehus er på plass. Det same er forretningar og idrettsplassen, alt dette er viktig for eit moderne industrisamfunn. Båtane på fjorden og røyken viser aktivitet. Biletet må også sjåast i samanheng med andre oversiktsbilete av staden. Fotografen Nordahl-Olsen senior har også teke fleire av desse, mellom anna vedlegg 10. Eit bilete som på mange måtar direkte kan relaterast til dette biletet. Det er ca. 15 år mellom dei. I denne perioden har tettstaden vakse merkbar både i folketal og areal. Det meste av det som ein ser i biletet kom opp i løpet av 1920-talet, men to sentrale byggeprosjekt kom på plass i 1934, Nordeidevegen og sjukehuset. Det første her visast tydeleg i biletet, med denne vegen vart Høyanger bunde saman med nabobygda Kyrkjebø. Sjukehuset kjem ikkje så godt fram i biletet, men dette var eit bygg som Høyanger Verk var direkte involvert i etableringa av. Med desse prosjekta på plass var det på tide å ta eit nye oversiktsbilete av Høyanger.

Sjølv om store deler av arealet i tettstaden er prega av "småbyen" sitt kulturlandskap, er betydelege deler framleis dominert av jordbruket sitt kulturlandskap. På innmarka kan ein sjå, sett i forhold til eldre bilete, ein stor grad av endring. Teigane er samla i større og tilsynelatande meir utjamna einingar, kunstenga har overteke heilt. I utmarka har husa overteke, eller er i ferd med å overta. Framveksten av tettstaden endrar kulturlandskapet på alle plan.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 12 | Område og stad: Kulturlandskap - Sæbø, gardstun sett frå Sæbøtangen. | Datering: 05.06.1916 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|--------------------------|-------------------------------|------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.111927 | Fotograf: Hall | Analyse: G. Ljotebø | Informant: I. Sæbø |
|--|--|--------------------------|-------------------------------|------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :

1. Natureng? 2. Hesar av tradisjonell modell. 3 Steingard 4. Gardstun 5. Sauer på beite. 6. Framstavnen på ein robåt

Vurdering av fotografi:

Ved første augekast kan det sjå ut som at meininga med å ta dette biletet var å fotografere garden Sæbø, der gardstunet i bakgrunnen var hovudmotivet, der ein presenterer garden slik den såg ut på det gitte tidspunktet. Men så leser ein teksten til biletet. "Fotografi for perspektivtegning av reguleringsplan". No blir innfallsvinkelen ein anna, tanken bak å ta dette biletet var truleg å nytte det i planarbeidet for utvikling av den framtidige tettstaden Høyanger. Fotografiet sin misjon blir dermed eit planleggingsverktøy. I venstre biletkant er det ein skade, ein skade som går igjen i fleire bilete datert same dagen. Skaden reduserer biletet sin estetiske verdi, men skaden har truleg ikkje hatt nokon stor innverknad i den opphavlege bruken. Skaden er heller ikkje til særleg ulempe som dokumentarisk kjelde.

Sett i eit fagleg historisk perspektiv, der ein nyttar fotografiet som ei dokumentarisk kjelde, vil informasjonen ein fangar inn om jordbrukskulturlandskapet og det totale kulturmiljøet bli det vesentlege. Det einaste som i dag står igjen av bygg i gardstunet i dag er bustadhuset, resten av husa er fjerna, innmarka er omdisponert til bustadområde. Fotografiet blir dermed ei viktig visuell kjelde om ein ynskjer å innhente informasjon om organisering og oppbygging av det gamle gardstunet og den nære innmarka på garden Sæbø. Eit viktig moment er at det for garden Sæbø sin del var at året før i 1915 var gjennomført utskifting. I denne utskiftinga var også ein person bak den nye fabrikk innblanda med ein parsell om lag der fotografiet er teke frå. Denne parsellen vart nytta til dei første arbeidarbustadane på Sæbøtangen. Frå denne utskiftinga er det utarbeid eit utskiftingskart datert 12.10.1915, sjå vedlegg 2. Ein kan dermed gå ut frå at fotografiet framleis viser engmark i teigblandingstruktur. Sidan hesjane er av tradisjonell type og stod ute heile året, var truleg ikkje hesteslåmaskina teken i bruk på denne teigen. Ein kan difor langt på veg hevde at fotografiet viser korleis engmark, høgst truleg av natureng, vart organisert med mellom anna uteståande hesjar.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 13 | Område og stad: Kulturlandskap - Sæbø, strandsone | Datering: 05.06.1916 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|---------------------------------------|--------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger verk/Fylkesarkivet | Id. nr: SFFf-1993360.111924 | Fotograf: Hall | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|---------------------------------------|--------------------------|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :

I biletet ser vi ein åker og deler av englandet i strandsona på Sæbø. På enga er det ei hes av tradisjonell type. I strandsona står det fleire vedlad. I sjøen ligg det to robåtar, ved sida av den eine ligg ein haug med noko som kan sjå ut som ris frå lauvtre eller tang. I området ved vedladet kan ein skimte nokre skuggar som kan vere to eller tre personar. Som ein strek i biletet ser ein, om det blir forstørra opp, ein løypestreng. I bakgrunnen ser ein nokre av husa på Øren.

Vurdering av fotografi:

Utgangspunktet for fotograferinga har i følgje bileteteksten vore å nytte fotografiet som grunnlagsmateriale for ein framtidig reguleringsplan for området. Biletet sin opphavlege funksjon var som teknisk dokumentasjon. Sjølve fotografiet er skada, noko som det har til felles med andre fotografi teke same dagen. Til sitt opphavlege bruk har dette truleg ikkje vore til hinder, men den estetiske verdien er redusert. Fotografiet er påført 30.04.1916, ein søndag. I fotoprotokollen står det datert det 06.05.1916 som var ein laurdag. Dette avviket er interessant om ein ser til noko av innhaldet i fotografiet.

Som det går fram av biletet var strandsona ein viktig arbeidsplass for bøndene, der la dei til med båten, der lagra dei ved. Dei eventuelle personane i biletet ser ut til å jobbe med denne veden. Løypestrengen var høgst truleg nytta til ved transport. Kva haugen ved sida av båten består av er vanskeleg å fastslå. Er det ris, vart det truleg henta frå skogteigar lenger ute i fjorden. Tang kan ha vore nytta som gjødsel eller fôr. Det som ikkje stemmer er at dei i følgje dateringa på biletet er ein søndag, det er lite truleg at bøndene utførde denne typen arbeid på ein helgedag. Då er truleg dateringa i fotoprotokollen, som var ein laurdag, meir korrekt. Laurdag var arbeidsdag i gamle Høyangsfjorden. Sett i eit fagleg historisk perspektiv blir dokumentasjonen av utnyttinga av eit marginalt jordbruksareal i strandsona eit vesentlege poeng. Ein ser ein åker med åkerreine, ei lita hes og engareal. Dette er i grensa mellom innmark og utmark i strandsona.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 14 | Område og stad: Kraftanlegg - bygging av Grimsosdammen | Datering: 19.02.1917 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---------------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.128410 | Fotograf: E. Helgesen | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|--|---------------------------------|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :

Sentralt i biletet er eit "telt" som er sett opp over dammen som er under bygging. Denne består truleg av seglduk eller eit liknande materiale. På nedsida ser det ut til at det er i ferd med å byggast eit stilas. På oppsida er det to kraner, den næraste ser ut til å vere knytt opp mot eit steinlager i framkant av biletet. I bakkant ser ein nokre bygningar, mellom anna ligg endestasjonen for taubana der. Fleire stader i biletet kan ein sjå personar i arbeid.

Vurdering av fotografi:

Dette biletet er eit i ein serie på fleire fotografi frå same dagen, og er truleg tekne med tanke på å vise eller rapportere aktiviteten på anlegget – eit dokumentasjonsfotografi. Hovudmotivet er "teltet" som er bygd over dammen som er underbygging. Der ein også får med seg ein del av infrastrukturen i og omkring anlegget. Biletet er teke ein fin vinterdag, fotografen har vore litt uheldig med lyset, der sola som kjem delvis i mot oppe i høgre hjørne, noko som igjen gir eit litt dårleg inntrykk av husa som står der. Om ein forstørrar opp enkelt deler av bilete får ein med seg fleire detaljar frå anlegget. Personane er det verre å få tak på. Biletet er ein kombinasjon av eit redigert utsnitt og eit augeblikksbilete frå ein arbeidsplass. Ser ein vekk frå det forstyrrende motlyset i deler av biletet, så er dette eit klart og godt teknisk bilete teke av ein profesjonell fotograf.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 15 | Område og stad: Kraftanlegg - bygging av Grimsosdammen | Datering: 19.02.1917 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---------------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.128412 | Fotograf: E. Helgesen | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: |
|--|--|---------------------------------|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :

Biletet viser anleggsområdet på Grimsosen sett frå vassida av dammen. Ein viktig del av motivet er "teltet" som er bygd over dammen som er underbygging. Her ser ein to kraner som blir nytta i arbeidet. Den til venstre er i bruk, der ein ser noko som bles av i den tilsynelatande sterke vinden. Det stig også røyk opp av bygningen i bakgrunnen. Sentralt i motivet er ein del av dei som jobbar på anlegget, der dei fleste står oppstilt i ei rekke saman med seks hestar som ser ut til å vere av typen fjording. På sledane som hestane trekjer ligg det stein. Nede i høgre hjørne ligg ein robåt. Negativen som er utgangspunktet for dette biletet er skada, det er noko uklart det er eit hol i det.

Vurdering av fotografi:

Biletet har vore nytta som illustrasjon i ulike samanhengar. Årsaka ligg til dette ligg truleg i innslaget av arbeidsfolk i motivet, noko som ikkje er spesielt framtrekande ved dei andre bileta teke frå dette anlegget. Negativen som er utgangspunktet er av dårleg kvalitet, i tillegg til holet får ein inntrykk av at biletet er noko skittent. Bileta som har vore nytta til illustrasjonar er av mykje betre kvalitet, desse positivane har vore tatt ut før negativen vart skada eller som ein kopi av ein positiv utan skade. Den dårlege kvaliteten til negativen gjer at verdien som kjelde blir redusert, der hovudintrykket blir dårleg samt at fleire detaljar blir uklare.

Fotografen har arrangert biletet, der han fått fleire av dei som jobba på anlegget til å stille seg opp for fotografering. Det kan sjå ut som at det var viktig å få med hestane. Biletet er ein kombinasjon mellom eit dokumentarisk fotografi av anleggsverksemda og eit portrett/gruppebilete av dei som jobba der. Avstanden til personane er for stor for at ein kan karakterisere det som eit portrett. Det viktigaste har truleg vore å dokumentere aktivitet, der hestane sin funksjon var viktig. Biletet har størst funksjon som ei dokumentarisk kjelde, der ein ser korleis stein til anlegget vart transportert. Samtidig som ein får eit inntrykk av kor mange som kan ha jobba på anlegget på dette tidspunktet. I sin heilskap kan det fungere som eit slags reportasje bilete saman med dei andre bileta som var teke same dagen. Ein serie som samla sett viser ulike sider ved anleggsdrifta.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 16 | Område og stad: Kraftanlegg - bygging av Grimsosdammen | Datering: 02.03.1917 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---------------------------------|-------------------------------|------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.128445 | Fotograf: E. Helgesen | Analyse: G. Ljotebø | Informant: A. Holt |
|--|--|---------------------------------|-------------------------------|------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :

Biletet viser ein arbeidsplass som det forgår bygging av dam på vinterstid på. Det er mange detaljar. For å ta nokre sentrale. Fleire stader i biletet finn ein sylinderforma kokspanneomanar som var nytta til å fyre i. Til venstre i biletet er det ei plate, dette var der dei truleg blanda betongen. På bakveggene ser ein at det er forskala opp ei fortanning på ein ferdig seksjon. Elles så heng det nokre lykter rundt omkring. I ytterkanten til høgre ser ein stein som er mura opp. I midten ser ein ein del brostein som blir nytta som fyllstein. Sjølve betongen i framkant ser noko tvilsam ut. Det kan sjå ut som det er filler eller sekkar som ligg der. Kva er eigentleg dette? I biletet er det tre personar, den ein står i ro med ansiktet mot fotografen. Medan ein person er i rørsle frå venstre mot høgre. Ved fortanninga til høgre står ein person med ryggen til. Som det går fram av bileteteksten er dette form nummer tre. Dammen vart bygd seksjonsvis, der truleg form nummer 2 er ferdig, det er den som har forskaling for fortanning.

Vurdering av fotografi:

Fotografen har her teke eit bilete av ein arbeidsplass, dette er i liten grad arrangert og er meir eit augeblikksbilete som viser ein daglegdags situasjon – eit dokumentasjonsbilete av ein arbeidsplassen. Fotografen har truleg ikkje brydd seg med å rydde og redigere arbeidsplassen. Arbeidaren til høgre er tydeleg observant på fotografen og har stilt seg lydig opp i positur, medan personane i bakgrunnen er i rørsle. Årsaka til at dei som er i rørsle ser ut som ein skugge er truleg pga dårlege lystforhold. Fotografen har truleg nytta lang opningstid, noko som har medført at fotografiet ikkje har klart å "fryse" alle personane. Teknikken set avgrensingar for kva som let seg fotografere, å ta bilete av personar på denne arbeidsplassen ligg akkurat i grenseland.

Hovudinstrykket er at dette er ein kaotisk arbeidsplass. Det er tilsynelatande uryddig og uoversiktleg. Kanskje ikkje slik ein ynskte å framstille arbeidsplassen? Likevel er biletet teke og nytta i verksemda si nummererte fotosamling. Biletet må sjåast i litt større samanheng der fotografen søker å dokumentere ulike sider ved anleggsdrifta, da var jo også arbeid innandørs i "telt" med bygging av dam ei sentral side.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------|
| Vedlegg: 17 | Område og stad: Kraftanlegg - ettersyn av Grimsosdammen | Datering: 1927 |
|-----------------------|---|--------------------------|



| | | | | |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFf-1994100.140154 | Fotograf: Ukjent | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

To personar, mann og barn, høgst truleg ein gut. Den vaksne personen måler djupna i sprekkene på muren med tommestokk. I snøen ved sida av guten står noko anna verktøy. Den vaksne har på seg støvlar og kle som tyder på at han er funksjonær eller ingeniør.

Vurdering av fotografi:

Personane på biletet er ikkje identifisert. Hovudmotivet for biletet ser ut til å vere måling av fugene i dammen. Men barnet i biletet gir det også ein anna innfallsvinkel. Korleis ein skal sjangerfeste dette biletet er på denne bakgrunn litt vanskeleg, hadde ikkje gutungen vore med hadde dette vore eit typisk teknisk dokumentasjonsbilete der tomme stokken skulle illustrere sprekkene og dei problema som han her inspiserer. Fotografen var truleg ein kollega av den vaksne personen, truleg ein annan ingeniør eller funksjonær som var med på denne aktuelle jobben. Det at biletet har hamna i arkivet med påskrift, kan tyde på at det er eit teknisk relatert bilete. Det at barnet er med gir det ein meir privat karakter. Det same har også det noko uformelle preget som biletet har.

I kor stor grad biletet er arrangert er litt vanskeleg å bedømme. Guten står der rett opp og ned. Ser ein på ansiktsuttrykket så verkar han å vere noko skeptisk, han er ikkje heilt komfortabel med situasjonen. Mannen ser ut til å utføre jobben sin som vanleg. Kanskje han har lagt litt ekstra i det for å vise korleis det skal gjerast for illustrasjonen sin del. Slik sett er nok situasjonen noko konstruert, spesielt med tanke på at guten er med. Var det vanleg at barn var med når ein slik jobb skulle utførast? Eller er dette ein spesiell situasjon som kan vere utløyst ved at fotografen var tilstades?

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------|
| Vedlegg: 18 | Område og stad: Kraftanlegg - hovudreperasjon av Grimsosdammen | Datering: 1929 |
|-----------------------|--|--------------------------|



| | | | | |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1994100.139323 | Fotograf: Ukjent | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Eit arbeidslag er i ferd med å utføre vedlikehaldsarbeid på ein dam. Dei står i eit stilas som er sett opp, arbeidarane ser ut til å vere godt sikra. Det er snø på biletet. Arbeidarane nyttar (luft)slangar til verktøyet. Dei er ikkje uniformerte og har ulike arbeidsklede. Over arbeidaren til høgre i biletet heng ei flaske.

Vurdering av fotografi:

Biletet er ikkje datert eller har anna biletetekst, det dreier det seg om reperasjonsarbeidet på Grimsosdammen. Det er snø på biletet noko som skulle tilsei at biletet er teke på hausten eller vinteren andre liknande motiv er datert okt/nov 1929. Bilete dokumenterer stillaset som dei nytta, korleis det er sett saman. Arbeidsklea er godt dokumentert, inkludert fotty og bruk av hovudplagg. Snøen og dei tildels skitne arbeidsklea indikerer at det fysiske arbeidstillhøvet ikkje er av det beste. Dette kan vitne om tøffe arbeidsdagar.

Arbeidarane på biletet har tydeleg gjort ein stopp i arbeidet for å posere på kommando frå fotografen. Ansikta er ganske uttrykkslause, dei har sett opp er eit høfleg og standarduttrykk i god tradisjon med formelle konvensjonar for fotografering. Slik sett er dette eit arrangert bilete. Kva fotografen hadde tenkt å formidle med akkurat dette fotografiet er ikkje klart. Det er ingen biletetekst til det. Det kan og tyde på at dette er av privat karakter, der han ville ta med seg minner frå ein arbeidsoppdrag som han var ein del av. Føresetnaden til denne gissinga er at fotografen var ein av funksjonæranne eller ingeniørane på akkurat dette prosjektet. Slik sett vaklar ein her mellom om det er meint som teknisk dokumentasjon eller om det der av meir privat karakter. Dagens verdi ligg klart i dokumentasjonen av ein autentisk arbeidsplass, der det ikkje vart pynta på noko anna enn ansiktsuttrykket. Så lenge fotografen og rolla hans er ukjend er det vanskeleg å finne formålet med og meininga bak dette biletet.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------|
| Vedlegg: 19 | Område og stad: Kraftanlegg - hovudreperasjon av Grimsosdammen | Datering: 1929 |
|-----------------------|--|--------------------------|



| | | | | |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1994100.140121 | Fotograf: Ukjent | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Vatnet sprutar ut av dammen si luftside. Arbeid føregår på dammen, ein ser fleire arbeidarar klatrar rundt i stillasa. Personen i framgrunnen med hatt og frakk ser ut til å inspisere det pågåande arbeidet. Det er snø på delar av stillaset.

Vurdering av fotografi:

Fotografen har her fanga opp ein autentisk situasjon av ein arbeidsplass. Ingen av personane på biletet er tilsynelatande observant på fotografen. Dei som arbeider på dammen ser ut til å jobbe delvis usikra der dei klatrar rundt i det tilsynelatande tvilsame stillaset. Dette er noko som vi i dag ville karakterisert som ein farleg arbeidsplass.

Fotografen er ukjent, men det dreiar seg høgst truleg om ein funksjonær som hadde ein eller anna funksjon i forhold til det pågåande arbeidet. Om det er teke i privat regi eller om det er på oppdrag frå arbeidsgivar er uklart. Var det teke i verksemda sin regi så har meininga vore å dokumentere dei tekniske forholda. Var det teke i privat regi så har målet truleg vore å ta vare på minner frå dette anlegget for ettertid. Det som kan ha vore situasjonen at fotoapparatet har vore med som eit verktøy i arbeidet for å dokumentere ulike forhold. Fotografen har nytta høvet til å ta andre bilete av situasjonar og interessante forhold som dukka opp, gjerne bilete av meir privat karakter.

Uavhengig av opphav og bakgrunn så har fotografiet her fanga opp eit ørlite kikkhol inn til ein arbeidskultur. Arbeidarane jobbar tilsynelatande usikra, noko som er truleg var akseptert av leiinga, i og med at dei fotografierer denne situasjonen.

Vedlegg:
20

Område og stad:
Kraftanlegg - Kraftstasjon I

Datering:
29.07.1932



Eigar/arkiv:

Høyanger Verk/Fylkesarkivet

Id. nr:

SFFF-1994100.131402

Fotograf:

Ukjent

Analyse:

G. Ljøtebø

Informant:

K. Sæhl

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut :


Maskinhall med fleire horisontale aggregat, som består av turbin og generator, for produksjon av straum På det nærmaste aggregatet føregår det vedlikehald på generatoren. Turbinen på aggregatet, lengst til venstre, er av merket Pelton. Arbeidsoperasjonen som på går er bandagering av ankerviklingane på generator. I biletet er det sju personar som til dels går ulikt kledd. Heilt til høgre i biletkanten står ein kar ved sida av ein trommel. Ut frå denne trommelen går det ein tråd, denne tråden er det som tilslutt via nokre innretningar blir surra rundt ankerviklingane på generatoren.

Vurdering av fotografi:

Fotografiet viser ein vedlikehaldsoperasjon, der ankerviklingane på generatoren blir bandagert. Det blir lagt på ståltråd for å halde ankerviklingane på plass, slik at dei ikkje blir slynga ut av sentrifugalkreftene under rotasjon. For å få dette til har dei laga til eit system der ein kan sjå at ein ståltråd går ut av trommelen, og som tilslutt blir surra rundt generatoren. Biletet er ein del av ein mindre serie som først har to nærbilete av dei opphavlege skadane på generatoren, datert 27/7-32. Dernest eit bilete frå reparaasjon av defekte ankerleiarar, datert 28/7-32. Og til sist dette og eit liknande datert 29/7-32, ein vesentleg del av motivet for desse er arbeidarane som utføre arbeidet.

Med unntak av han til venstre i biletet så er alle fokusert på fotografen. Biletet er tydeleg arrangert. Truleg er det fotografen i samarbeid med personane på biletet som har blitt einige om ståstad. Det kan sjå ut som formålet med fotografiet var å presentere denne aktuelle arbeidsoperasjonen, det er det som er hovudmotivet. Alle utanom to er i vanlege arbeidskle, personen heilt til venstre i biletet ser ut til å gå i dress. Personen nr. to frå høgre har maskinluve, dress og slips. Den siste her er identifisert som maskinmeister. Desse hadde truleg leiiafunksjonar i samband med arbeidet. Dei andre har truleg stilt seg opp etter dei arbeidsoppgåvene dei har hatt i samband med arbeidsoperasjonen. Dette er truleg ei blanding av smørarar på kraftstasjonen og innleide arbeidarar i samband med arbeidsoperasjonen. Fotografiet viser eit normalt vedlikehaldsarbeid som var nødvendig etter slitasje i samband med drift. Det er arrangert gir det eit godt innblikk i korleis dette arbeidet var utført.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 21 | Område og stad: Fabrikkannlegg - Høyanger Verk, byggetomta til AF Serie C | Datering: 03.09.1956 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.130222 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen junior | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

På biletet er det tre gravemaskiner som er i ferd med å grave ut masse frå tomta. Det er fem lastebilar på biletet, ein er på veg ut av området, medan fire er oppstilt ved sidan av gravemaskinene til å ta i mot masse. Det er to vegar som går ut av tomta, ein går ut oppe i venstre hjørne. Den andre går direkte ut mot tettstaden i øvre biletkant. I nedre venstre biletkant ser ein i eit stillas, på dette ligg det og ein hatt. Til høgre ligg delar av den eksisterande byggingssmassen til fabrikkjen. Rett under går riksvegen.

Vurdering av fotografi:

Fotografen har her teke eit oversiktsbilete av det pågåande utgravingsarbeidet av den nye tomta til den nye aluminiumsfabrikkjen. Det er stor aktivitet med pågåande gravearbeid fleire stader. Same dagen som dette biletet er teke er det registret 17 bilete i fotoprotokollen. Sju av desse viser detaljar frå tomta der gravearbeid er sentrale på fleire. Det er totalt fem bilte som viser ulike stader i tettstaden, der den bortkøyrde massen frå tomta blir nytta til utfylling andre stader. Fire av bileta viser til fjellsikring. Det er frå området fjellsikringa føregår fotografen truleg har teke dette biletet. Fotografen var tilsett som på teikningsarkivar ved Høyanger Verk. Han har teke liknande rundar å fotografert tidlegare og seinare i det pågåande byggeprosjektet. Samtidig har han også fotografert andre pågåande prosjekt, som t.d fjellsikring. Mykje kan tyde på at fotograferinga av pågåande byggearbeidet var ein del av hans rutinar i samband med dei ulike byggeprosjektet

Utsnitt av fabrikkområdet og tomta er eit motiv som går igjen på fleire bilete både før og seinare. Dei fleste var som regel tekne frå vegen under. Fotografen har fått med seg ein hatt og deler av eit stillas i utsnittet. Men det var kanskje ikkje så nøye, dette var jo berre eit arbeids bilete, teknisk dokumentasjon på der pågåande arbeidet. Biletet er teke av ein arbeidsplass, det var viktig med god kvalitet reint fototeknisk. Dei estetiske kvalitetane får vike.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 22 | Område og stad: Fabrikanlegg - Høyanger Verk, byggetomta til AF Serie C | Datering: 14.10.1957 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|---|
| Eigar/arkiv: Høyanger verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.130339 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen junior | Analyse: G. Ljotebø | Informant: R. Refsdal og M. Samuelsen |
|--|--|---|-------------------------------|---|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

På biletet er det arbeid på gang med å montere stålkonstruksjonar og plater til kledning på fabrikkhallen. Det går leidarar/stigar opp langs vegg. På bakken ser ein i fire personar. På taket jobbar fire personar, to stykke på kvar side av taket. På bakken står det brakker/skur. I bakgrunnen er deler av ei kran.

Vurdering av fotografi:

Biletet er eit utsnitt av ein arbeidsplass med anleggsdrift. Arbeidet som går føre seg er montering av stålkonstruksjonar på taket på venstre side. Medan det på høgre sida ser ut til å forgå montering av takplater (dette går betre fram av eit anna bilete teke same dagen). Dette er eit augeblikksbilete teke der og da på ein vanleg arbeidsdag. Dette er teknisk dokumentasjon frå bygginga av den nye AF Serie C ved Høyanger Verk. Han som har teke biletet var tilsett som teikningsarkivar ved teiknekontoret, og fotograferinga inngjekk truleg som ein naturleg del av hans virke. Arbeidarane på biletet ser ikkje ut til vere særleg observant på fotografen, og driv på med sitt vanlege arbeid. Fotograferinga er ein vanleg og normal del i oppfølginga av framdrifta til byggeprosjektet. Biletet sin funksjon var som ein del av dokumentasjonen frå dette anlegget. Dokumentasjon som kanskje kunne komme til nytte seinare.

I biletet ser ein at nokre av personane utføre arbeid høgt oppe på vegg eller på taket. Dette er noko som kan karakteriserast som farleg arbeid, der eit fall høgst truleg ville få alvorlege konsekvensar. Avstanden er for stor til at ein klarer å fange opp detaljar i utføringa av arbeidet. Men informantar har opplyst om at dei jobba usikra. Fotografiet kan i utgangspunktet sjåast på som teknisk dokumentasjon av ein byggeprosess. Med arbeidarane som utføre eit farleg arbeid i høgda, dokumenterer fotografiet også indirekte ein arbeidskultur.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 23 | Område og stad: Fabrikkanlegg - Høyanger Verk, byggetomta til AF Serie C | Datering: 28.05.1958 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFf-1993360.130391 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen junior | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Det føregår støyping av heller, som var nytta som golv i den nye aluminiumsfabrikken. Det er tre arbeidarar som står for jobben. Ein køyrer ein minidumpers. Dei to andre grafsar ut betongen med spadar. Det er lagt ut plankar som dumpersen kan køyre på. Arbeidskle: Dei er ikkje uniformert. Dei to nærmaste går i vanlege gummistøvlar. Han som køyrer dumpersen har på "maskinluve", arbeidar framme til høgre ser ut til å ha vanleg skuggeluve, han til høgre har sixpence.

Vurdering av fotografi:

Førsteintrykket er at dette er eit autentisk bilete frå ein arbeidsplass. Arbeidarane ser ut til å utføre ein vanleg arbeidsoperasjon uforstyrta. Det ser ikkje ut til å vere dei beste forholda å fotografere under. Det er litt mørkt, det kjem ein solstråle inn og forstyrrar biletet. Alt dette tilseier at dette ikkje er direkte arrangert. Men det kan likevel vere lettare regissert av fotografen. Han har komme seg litt opp i høgda for å få best mogeleg utsnitt og oversikt over arbeidsoperasjonen. Det kan også ha vore gjort avtalar med arbeidarane på korleis dei skulle forhalde seg når biletet vart teke.

Dette biletet bryt med dei fleste andre bileta som viser teknisk dokumentasjon frå dette anlegget. Det er nærmare innpå personane, på dei fleste andre der det er med arbeidarar har dei ofte ryggen eller sida til, ein får sjeldan sjå heile ansiktet. Her ser ein heile ansiktet til føraren. Han er ikkje fokusert på fotografen, men på det arbeidet han utføre. Slik sett er dette berre ikkje rein teknisk dokumentasjon, men også fotografi av ein arbeidsoperasjon utført av personar og ikkje anonyme aktørar som går i eit med maskinene. Om dette var ein bevist tanke som låg bak fotografen si tilnærming til dette motivet, er vanskeleg å bedømme. Men sett med dagens auge er kanskje dette eit av dei beste motiva og dokumentasjon av ein arbeidsplass frå akkurat dette anlegget.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 24 | Område og stad: Fabrikklegg - Høyanger Verk, AF Serie A | Datering: 05.06.1933 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|--|-------------------------------|-------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1994100.132289 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior? | Analyse: G. Ljotebø | Informant: N. Bøyum |
|--|--|--|-------------------------------|-------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Aluminiumsovnar står i rekker og er seriekople til kvarandre. I framkant og langs omnane i midtgangen står nye anodekull (elektrodar). Der står også ein del bøtter. Mellom omnsrekkene går ein skinnegangen. Fleire stader langs etter midtgangen står det også lagra aluminiumsbarrar. Fleire stader står det små vogner. Midt i biletet står to arbeidarar. Glasa på sidene er opne. Det ser relativt ryddig ut, lite støv på golvet. Det er lyst og god sikt i fabrikklokalet.

Vurdering av fotografi:

Alt tyder på at biletet er teke i samband med eit bedriftsbesøk, der daverande kronprinspar besøkte Høyanger og fabrikk. Dei to arbeidarane på biletet står truleg og ventar på, eller har nettopp fått med seg følgjet, som kan sjåast på bilete B fig. 3.4.3. Det ser relativt ryddig og oversiktleg ut på biletet. Det er ikkje teikn til røyk og gass. Var det slik til dagen? Fabrikklokalet har mest truleg, til liks med resten av fabrikk, fått ei oppskeining i førekant av storbesøket.

Nye anodekol står klar langs omnsrekkene for å bli skifta ut ved behov. Bøttene som står langs rekkene var nytta til å fylla oksyd på omnane med. Dei små vognene vart nytta til tapping, dei aluminiumsbarrane ein ser er støypt i desse vognene. Skinnegangen vart nytta til transport. Ein måtte organisere og plassere utstyret slik at ein kom fram og kunne jobbe på ein mest mogeleg rasjonell måte. Biletet gir eit relativt godt innsyn på korleis arbeidsplassen var organisert, kanskje eit idealisert bilete på korleis det skulle vere. I kvardagen så var nok det verkelege livet annleis, der støv, skit, røyk og gassar var ein vesentleg del av arbeidsdagen. Dette er tilhøve som andre kjelder fortel meir om. Likevel så gir dette biletet oss eit innblikk i korleis arbeidsforholda var på denne arbeidsplassen – om det fysiske arbeidsmiljøet

Fotografen har her snudd ryggen til hovudmotivet og teke bilete av dei som observerer storbesøket, samtidig har han fått med seg viktig teknisk informasjon om korleis ein organiserer og driftar aluminiumsproduksjonen. Utgangspunktet er ei hending som blir foreviga, der eit anna motiv sett med dagens auge er like viktig, om ikkje viktigare i bruk som kjelde til den tids arbeidsforhold. Ein får eit innblikk i korleis ein arbeidsplass var organisert.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 25 | Område og stad: Fabrikanlegg - Høyanger Verk, Støyperiet | Datering: 03.06.1937 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|------------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.129416 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljotebø | Informant: B. Marifjæren |
|--|--|---|-------------------------------|------------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:


Tre operatørar driv og støyper valseblokker. Arbeidaren til høgre klargjer truleg støypeforma. Han i midten fyller aluminium frå opphaldsomnen og opp i forma. Arbeidaren til venstre tek valseblokkane ut av forma. Valseblokkene blir mellombels lagra på golvet til høgre i biletet. Omnen er tippbar. Formene blir køyrd i produksjonslinja på ei tralle som går langs skinner i golvet. Forma er mekanisk tippbar under støyping. Valseblokkane blir tatt ut manuelt med tang av forma.

Vurdering av fotografi:

Biletet viser ein kontinuerlige elektriske smelteovn, ei produksjonslinje der valseblokker blir støypt. Ein får her eit innblikk i ein del av det tekniske fabrikkssystemet ved Støyperiet. For å støype valseblokker må det utførast av tre operatørar. Arbeidet er delvis mekanisert, der operatøren i midten styrer støypeprosessen med ei mekanisk vendbar form. Medan arbeidaren til venstre tek ut valseblokkane for hand.

Fotografiet er arrangert. Dette går tydeleg fram av biletet som er innfelt oppe til høgre (SFFF-1994100.138983), som har det same følgjenummeret med ein H framfor. Noko som igjen markerer at fotografen har teke dette biletet ut til sin "private" samling. Utsnittet og motivet er identisk, det einaste som skil er at operatørane har flytta litt på armene. Fotografen søker her tydelege å illustrere ein driftsrelatert arbeidsoperasjon på Støyperiet. For å få dette best til slik han ynskjer har fotografen arrangert det. Operatørane står stille. Dette har truleg også si årsak i dårlege lysforhold innandørs. Det er eit statisk bilete som som viser lite liv. Fotografen observerer operasjonen, vi får ikkje noko inntrykk av arbeidarane, dei er på ein måte ein del av maskineriet. Arbeidsfolka som blir fotografert er med for å betene maskina. Sjølv om biletet er arrangert gir det oss eit relativt realistisk innblikk i korleis produksjonen av valseblokke føregjekk.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 26 | Område og stad: Fabrikkanlegg - Høyanger Verk, AF Serie A | Datering: 01.04.1949 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.129946 | Fotograf: Ukjent | Analyse: G. Ljotebø | Informant: N. Bøyum |
|--|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Arbeidar legg oksyd på ein elektrolyseomn av typen Søderberg. Han nyttar trillebår og spade. Over omnen går gassrøyr som førte røyk ut i reinseanlegget. Krokur på røyr over omn.

Vurdering av fotografi:

Fotografiet er ein del av ein serie på fire bilete med same utsnittet, der dette er det siste. Dei tre første viser eit deksel som rullar seg opp og er tekne utan arbeidar. Normalt var dette dekselet på, sjå bilete oppe høgre som er det første i denne serien (SFFF-1993360.129943). Dei er klart teknisk dokumentasjon relatert som viser korleis omnen fungerer. Dekselet måtte rullast opp om ein skulle gjere ein jobb på omnen. Som vist på biletet over mellom anna å legge på oksyd. Slik sett blir dette siste biletet noko meir enn reint teknisk dokumentasjon. Biletet blir også også ein dokumentasjon på ein arbeidsoperasjon. Der arbeidaren, ein omnspassar, utføre ein rutinemessing jobb. Biletet er truleg arrangert, der arbeidaren har fått instruksjonar frå fotografen på korleis han skal stå. Det er ikkje arbeidaren som person som er det vesentlege, men den arbeidsoperasjonen han gjer.

Fotografiet fungerer som teknisk dokumentasjon, presentasjon og illustrasjon av ein arbeidsoperasjon frå drift på ein Søderberg omn. Ein ny type teknologi i aluminiumsproduksjon, som vart innført ved Høyanger Verk i 1939. På AF Serie A vart teknologien innført i samband med moderniseringa i 1940-1941. I biletet får ein eit inntrykk av korleis omnen var oppbygd. Sett i forhold til vedlegg 24 representerer dette biletet ein ny teknologi for produksjon av aluminium. Mellom desse bileta ser ein ein teknologisk endring.

Det er mange detaljar på omnen som hadde ulike funksjonar. Over omnen på gassrøyra heng det to krokur, desse var til å henge opp kassar for å fylle på søderbergmasse. Denne funksjonen kan ein ikkje lese direkte ut av biletet. Men ein tidlegare operatør som arbeid med denne typen omn kan fortelje om dette og andre forhold. Fotografiet fungerer dermed også som innfallspurt til kunnskap om andre sider ved aluminiumsproduksjonen som biletet ikkje viser.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 27 | Område og stad: Fabrikkannlegg - Høyanger Verk, Oksydfabrikken - Slaggomnshuset | Datering: 05.09.1929 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFf-1993360.129154 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Eit arbeidslag er i ferd med å utføre eit arbeidsoppdrag med få ut ei "jernkake" av ein omn i oksydfabrikken. Verktøyet og utstyret dei nyttar er vinsjar, jekkar, wire, kjetting, treboksar og jarnskinner. På biletet er det sju personar. Seks av dei ser ut til å vere arbeidarar, medan personen nr. to bak frå venstre med hatt og slips er ein funksjonær.

Vurdering av fotografi:

Biletet er eit av tre i den protokollførde serien som viser denne hendinga, dei to andre viser berre "jernkaka". Det første viser "kaka" på veg opp av omn. Det siste viser "kaka" på veg ut gjennom fabrikkveggen via eit glas, og er teke dagen etter. Biletet over er nr. to i serien og er teke når "kaka" har blitt vippt opp ut av omnen. Eit arbeidslag, som høgst truleg var dei som utførte arbeidet, har stilt seg opp for fotografering saman med "jernkaka". Med på biletet er også ein funksjonær, han er identifisert og hadde tittelen byggmeister. Noko som kan tyde på at det er han som leia og var ansvarleg for utføringa av arbeidet. Funksjonæren har stilt seg i bakgrunnen, det er arbeidarane som symbolsk sett får æra for innsatsen. Om denne oppstillinga er bevist eller tilfeldig er vanskeleg og bedømme. Truleg har måten dei har stilt seg opp på vore ein dialog mellom fotografen og dei avbilda. Det er lite ein kan lese ut av ansikta, dei har blitt avfotografert før og har sett opp eit standard ansiktsuttrykk for fotografering i tråd med samtidas konvensjonar for offisielle fotografi.

Det som har utløynt denne fotograferinga var truleg ei spesiell hending. Omstende rundt er ukjent. Har det skjedd noko som har ført til at jernet har størkna i omnen? Oksydfabrikken er relativt ny, og var sett i drift året før. Det pågåande arbeidet kan karakteriserast som vedlikehaldsarbeid. Fotografiet fungerer både som teknisk dokumentasjon og som portrett bilete av arbeidsfolk. Det vi kan hente ut av dokumentarisk informasjon er korleis eit arbeid vart utført. Utføringa verkar å vere improvisert, der dei med relativt enkle midlar får ut ei "jernkake" av omnen. Sjølv om det verkar å vere improvisert, så er det tydeleg ein plan bak arbeidet med buksering av jarnkaka. Biletet kan fungere som eit symbol på problemløysing i praksis - der leiging og arbeidarar i saman løysar problema.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 28 | Område og stad: Fabrikanlegg - Høyanger Verk, Mekanisk Verkstad | Datering: 1930-talet |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|--|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1994100.131416 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior? | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: |
|--|--|--|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Seks arbeidarar har stilt seg opp for fotografering. Dei fleste ser ut til å ha kjeledress som er relativt skitne. Fem av dei har sixpence, medan han i midten har maskinluve. Dei sit på ein benk med skrustikke. Sentralt i biletet er ei flaske.

Vurdering av fotografi:

Biletet viser nokre av dei tilsette ved Mekanisk Verkstad. Bakgrunn for fotograferinga er ikkje direkte kjent. Biletet er heller ikkje ein del av den protokollførde serien. Dei er portrettert på ein arbeidsplass. Han som har teke biletet er truleg Nordahl-Olsen senior. Han var tekniskar og var tilsett som teknisk teiknar ved verksemda sitt teiknekontor, og står bak dei fleste av bileta i den offisielle og protokollførte serien ved Høyanger verk. I tillegg var han aktiv fotograf på fritida der han fotograferte familie og fritidsaktivitetar i ulike samanhengar. Dette biletet er meir i tråd med denne aktiviteten enn dei offisielle bileta i den protokollførde serien. Biletet her har eit meir uformelt uttrykk og ut frå ansiktuttrykka så har dei eit litt meir avslappa der ein ser tendensar til smil. Difor kan ein her truleg sjå på biletet meir i tråd med private interesser, der han har portrettert nokre av arbeidarane på deira arbeidsplass. Fotografen figurer ikkje i denne samanheng som Høyanger Verk sin fotograf, men kanskje meir som privatperson og ivrig amatør fotograf.

Noko som understrekar den private karakteren er rekvisitten som dei har med seg. Flaska i biletet kan sjå ut som ei vinflaske. I samband med denne situasjonen vart det teke to bilete, det andre utan flaska, sjå bilete oppe til høgre (SFFF-1994100.139332). Bruk av alkohol på arbeidsplassen var ikkje akseptert, men likevel førekom det drikking i skjul for leiinga. Dette er noko som er kjent gjennom ulike munnleg overleverte forteljingar, som gjerne ikkje blir nemnd i offisielle samanhengar. Det er lite truleg at det er alkohol på flaska, den har nok fått ein anna misjon som etterbruk. Likevel tenkjer ein automatisk på alkohol når ein først ser biletet, men det passar ikkje inn med situasjonen på ein arbeidsplass. Flaska var truleg med i første omgang for nettopp å peike i den retninga, som ein liten spøk eller provokasjon. Men for sikkerheits skuld vart det teke eit bilete til som var meir presentabelt.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 29 | Område og stad: Fabrikkannlegg - Høyanger Verk, Mekanisk Verkstad | Datering: 1930-talet |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|--|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1994100.139637 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior? | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: |
|--|--|--|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Tre mekanikar står utanfor Mekanisk Verkstad. Dei har arbeidskle av nokolunde lik type. Hovudplagga er av ulik type. Den fjerde personen har helt anna kle, og er ikkje mekanikar. To gassflasker på ei vogn med slangar. Vogna er plassert på ein skinnegang. Inne i bygget til høgre i biletet er det lagra fleire gassflasker.

Vurdering av fotografi:

Biletet verkar i liten grad å vere arrangert, fotografen har fanga ein kvardagsleg situasjon. Der tre mekanikarar har samla seg utanfor verkstaden ved gassflaskelageret. Den fjerde, han i kvit jakke, hadde sin arbeidsplass i ein forretning i Høyanger. Det ser ut som det føregår eit bytta av gassflasker med enten oksygen eller acetylen som vart nytta til sveising og skjerebrenning. Mekanikarane har tydeleg stilt seg til disposisjon for fotografen der dei ser mot han. Mekanikaren til venstre styrer på med enten eit sveisebend eller skjerebrennar. Medan dei tre andre støttar seg opp kvilestilling. Alle verker avslappa og komfortable med situasjonen.

Heile situasjonen ber preg av ein uformell atmosfære. Denne uformelle stemninga er truleg meir i tråd med den daglegdagse situasjonen enn den ein finn på dei meir offisielle bileta i samlinga. Biletet gir oss eit sjeldan innblikk bak fasaden med dei meir velearrangerte fotografia frå drift i arbeidslivet. Dette biletet er meir i tråd med stemningar og ein forventar å finne i fotografi frå private familiealbum. Fotografen har truleg teke biletet for privat bruk, utan tanke på at det skal representere verksemda.

Vedlegg:

30

Område og stad:

Tettstad – Høyanger. Johan Øren sitt foretningsbygg

Datering:

18.05.1928

**Eigar/arkiv:**

Høyanger Verk/Fylkesarkivet

Id. nr:

SFFF-1993360.129164

Fotograf:

E. Nordahl-Olsen senior

Analyse:

G. Ljøtebø

Informant:**Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:**

Det føregår arbeid med grunnmur til eit hus i framkant. Ein person jobbar i tomte. Ein anna person ser ut til å gå ut av tomte. Elles er det andre hus frå venstre: Bustadhus med forretning i framkant, lager skur med vedlad framfor, bustadhus, forretningsbygg i mur, eit hus i bakgrunnen som også ser ut til å vere under bygging og Eides Hotell heilt til Høgre. Elles i biletet kan ein sjå at det er kle til utsilling i vindaugget på forretninga til venstre. Ein person går truleg ut av butikken.

Vurdering av fotografi:

Hovudmotivet for dette biletet er byggeprosessen som på går. I følgje bileteksten er fundamentet, eller grunnmuren, til "Ørens" hus som er på veg opp. Dette er eit av fleire fotografia i ein serie med bilete som er tekne same dagen av andre byggeprosjekt i Høyanger. Oppføringa av dette huset er veldig godt dokumentert i fotosamlinga. Ein kan følgje bygginga heilt frå utgraving av tomte til det står nesten ferdig. Øren sitt hus var eit privat byggeprosjekt utført av ein privat forretningsmann i Høyanger. Difor er det ei litt uvanleg tilnærming sett i forhold til resten av bileta som er henta frå tettstaden, som i hovudsak viser byggeprosjekt der Høyanger Verk var involvert. Øren bygde huset etter teikningar frå verksemda. Fotografen, som også var teknisk teiknar ved verksemda, fann det tenleg at også denne delen av byanlegget måtte dokumenterast under bygging gjennom fotografiet. Kvifor valet fall på Øren sitt forretningsbygg, kan ha sin årsak i at det gjekk parallelt med fleire andre byggeprosjekt i regi av Høyanger Verk som likevel skulle dokumenterast. Biletet er den samanheng å rekne som teknisk dokumentasjon over eit byggeprosjekt i forretningskvartalet i Høyanger sentrum.

Sjølv om hovudmotivet på dette biletet er bygging av eit hus, er det vel så interessant er det som føregår rundt. Til dømes personane som er i rørsle i biletet, utstillinga i vindaugget og vedladet som er oppstilt langs vegg. Dette er også eit utsnitt av dagleglivet i Høyanger, biletet er ikkje redigert i så måte, men er langt på veg også eit augeblikksbilete av eit autentisk gatebilete teke den 18. mai 1928.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 31 | Område og stad: Tettstad – Høyanger, Gate 10 (Hans Hygens gate) | Datering: 06.09.1925 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--------------------------------------|-----------------------------------|---|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk | Id. nr.: HV-Arkiv-2-948 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljotebø | Informant: |
|--------------------------------------|-----------------------------------|---|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Hovudaktiviteten på biletet er husbygging, nærmare bestemt oppsetting av Egne Hjem. Husa på bileta har tette tak og veggjar og er komne omtrent like langt. I følgje bileteteksten blir husa referert til nr. "ass. no." Material står lagra utanfor nokre av husa. Oppetter to av husa er det sett opp stige.

Vurdering av fotografi:

Biletet viser bygging av nokre av husa i Gate 10. Det er ingen personar som er i arbeid på arbeidsplassen, noko av årsaka til dette er at biletet er teke på ein søndag. I følgje fotoprotokoll er det teke fleire bilete denne dagen. I denne samanheng har fotografen, som også var teknisk teiknar ved Høyanger Verk, nytta søndagen til å fotografere det pågåande byggearbeidet med Egne Hjem hus. Innhaldet i biletet minner lite om helgedag og søndag. Dette er teknisk dokumentasjon frå eit byggeområde. Sjølv om det er stillstand i arbeidet får ein eit vist inntrykk av arbeidet. Husa er omtrent komne like lang i byggearbeidet. Gata som går opplangs husa er ikkje ferdig opparbeid. Biletet er i følgje fotoprotokoll sendt 25/2-26 saman med to oversikts bilete frå Høyanger. Truleg tyder dette på at biletet har vore sendt til hovudkontoret til NACo i Oslo som ein dokumentasjon på bustadbygginga i Høyanger.

Kva "ass. no." referer er ikkje kjent. Dei same tala går igjen på andre bilete som er tekne av desse husa og andre. Bileteteksten tyder klart på at fotografia var noko meir enn dokumentasjon på framdrifta, dei var også knytt opp mot andre system. Dette vere seg kart eller anna type skriftleg dokumentasjon. Dette viser at bileta også vart nytta som verktøy i samband med utbygginga av tettstaden. Som ein del av den faglege dokumentasjonen.

| | | |
|-----------------------|---|-------------------------------|
| Vedlegg: 32 | Område og stad: Tettstad – Høyanger, Gate 10 (Hans Hygens gate) | Datering: Aug. 1939 |
|-----------------------|---|-------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.129789 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Gatelaup med grusveg og stakittgjerde. Hus med opparbeide hagar rundt. Telefon leidning går på tvers av gata. Personbil står parkert langs gate. Det er fint vær og sol.

Vurdering av fotografi:

Biletet er teke ein fin sommardag i august. Hagane står i sin fulle prakt. Ein får ei fornemning av småbyidyll omkransa av mektige fjell. Dette er truleg den stemninga som fotografen også har søkt å få fram. Biletet er mest å sjå på som eit landskapsbilete, der fotografen søker å få fram eit bustadstrøk på ein industriad sett frå si beste side. Bustadområdet består av Egne Hjem hus, dei som budde i dei var arbeidarar som var tilsett ved Høyanger Verk. Biletet viser dermed også kor flott eit arbeidarstrøk kunne vere. Noko som i neste omgang også viser kor godt verksemda sørgde for sine tilsette. Det var jo dei som hadde initiert denne bustadbygginga i første omgang. Biletet utstråle velstand og eit velutvikla industrisamfunn. Personbilen i biletet er med på å understreke dette forholdet. Det ein kan spørje seg er om denne bilen høyrer naturleg heime i gatebiletet? Er det nokon av dei som bur her som eig denne?

Biletet er først og fremst eit landskapsbilete frå eit bustadområde, som søker å få fram ei stemning av idyll og velstand. Samtidig er det også ein form for teknisk dokumentasjon, der biletet presenterer det endelege resultatet av bustadbygginga. Eit område som femten år tidlegare var ei steinrøys har no vorte eit flott bustadområde med hagar og stakittgjerder. Reguleringsplan og utbyggings arbeidet har gjeve eit vellykka resultat. Biletet viser langt på veg det endelege og ferdige resultatet.

| | | |
|-----------------------|--|--------------------------------|
| Vedlegg: 33 | Område og stad: Tettstad – Høyanger, strandlinje sett frå Sæbøside | Datering: 13.05.1930 |
|-----------------------|--|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.129164 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: K. Lønne |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Nærmast i biletet til venstre ligg Sæbøtangen, nede ved sjøen ligg eit bustadkompleks med rekkehus. Lenger til høgre opp langs elva ligg nokre bustadhus av Egne Hjem type samt eit anna bustadhus. Heilt til Høgre ligg Øren Hotell. På andre sida av elva ligg Parken. Nede langs fjorden ligg ei rekke med litt større eigendomar og hus. Ovan for gata ligg fleire hus i eit tydeleg regulert og tilrettelagt område. Røyk stig opp frå fabrikkområdet. På andre sida av fjorden ligg det to klynger med hus. Til høgre Villabyen til venstre Sandvika. Som ein strek tvers gjennom biletet går ein vegen som seinare enda opp på Nordeide.

Vurdering av fotografi:

Biletet er i utgangspunktet eit landskapsbilete, nærare bestemt eit oversiktsbilete som viser strandlinja i Høyanger i 1930. Men fungerer også som teknisk dokumentasjon over tettstadsutviklinga. På tidspunktet da dette fotografiet var teke var denne delen av Høyanger langt på veg ferdigstilt i følgje reguleringsplanane. Via dette biletet blir reguleringsplanen for Høyanger materialisert. Eit viktig trinn i utviklinga av industristaden er nådd. I tillegg til industristaden si utvikling er oppstarten på den nye vegen som nokre år seinare skal gi vegutløysing også dokumentert.

Biletet er teke frå ein litt uvanleg vinkel sett i forhold til andre oversiktsbilete. Det mest vanlege utgangspunktet for oversikts bilete av strandlinja var frå andre sida, der også fotografen Eugen Nordahl-Olsen senior budde. Da var bileta teke frå lia over den nye vegen, eller seinare frå hovudvegen som gjekk langs fjorden. Årsaka til at han denne gangen har valde å ta bilete frå andre sida, var truleg for å dokumentere bustadbygginga av arbeidarbustadane på Sæbøtangen, som no langt på veg er ferdigligstilt. Det same er også bustadområdet Parken. Begge desse bustadområda vart påbegynt i 1916 og vidare utbygd i løpet av 1920-talet. Husa på Sæbøtangen er rekkehus av typisk arbeidarstandard, medan husa i Parken er av ein anna karakter. Leiinga med direktøren i spissen budde i husrekka nede langs fjorden. Elva er med på å danna eit slags klasseskiljet i Høyanger.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 34 | Område og stad: Tettstad – Høyanger, Parken - Messa | Datering: 08.06.1928 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.128936 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljotebø | Informant: K. Lønne |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Eit byggeprosjekt ser ut til å gå mot slutten. På biletet kan ein observere totalt ni arbeidarar som driv på med ulike arbeidsoppgaver. Mellom anna ser det ut som det på går maling av døra midt på huset. Dei som er nærmast i biletet ser ut til å ha jobben med å opparbeide hagen. Heilt i front er det sett opp mur og hagen er omkrinsa av eit stakittgjerde.

Vurdering av fotografi:

Bygningen på biletet er i følge bileteteksten ein administrasjonsbygning og ingeniørbustad. Der dei to fløyene på kvar side er ingeniørbustader, medan bygningen i midten var ein slags representasjonsbygning for NACo i Høyanger. Bygningen er seinare omtalt som Messa. Det var her leiinga seinare hadde sine festlege tilstelingar. Biletet er teknisk dokumentasjon som viser at det utvendige byggearbeidet går mot slutten, det vesentlegaste motivet for fotograferinga kan vere å få med seg opparbeiding av hagen. I biletet ser ein arbeidarar som driv på med ulike aktivitetar, dermed er det også eit bilete som dokumenterer arbeidslivet og ein arbeidsplass.

Bygget var det siste som vart bygd langs strandlinja i Parken, der den øvste leiinga med direktøren i spissen budde. Leiinga frå Oslo, og andre prominente personar kom ofte sjøvegen til Høyanger. (Det vart seinare bygd ei brygge ved sjøen i framkant av dette biletet, der dei gjekk i land på sitt besøk i Høyanger). Bygget vart dermed ein vesentleg del av ansiktet til Høyanger sett utanfrå. Bygningen kan difor på mange måtar sjåast på som eit prestisjebygg, eit symbol bygg for leiinga og NACo, og fungerte som ein slag representasjonsbustad.

| | | |
|-----------------------|---|--------------------------------|
| Vedlegg: 35 | Område og stad: Tettstad – Høyanger, Sæbøtangen - Murgården | Datering: 04.11.1924 |
|-----------------------|---|--------------------------------|



| | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------------------|
| Eigar/arkiv: Høyanger Verk/Fylkesarkivet | Id. nr.: SFFF-1993360.128530 | Fotograf: E. Nordahl-Olsen senior | Analyse: G. Ljøtebø | Informant: K. Lønne |
|--|--|---|-------------------------------|-------------------------------|

Dokumentarisk informasjon som kan hentast direkte ut:

Det føregår eit byggearbeid på gardsplassen mellom to husrekker i eit allereie etablert bustadområde. Nokre ungar har stilt seg opp for fotografen. Ei seglskute ligg fortøydd langs strandkanten. Noko som ser ut som murstein står lagra mellom seglskuta og byggeprosjektet. Eit vedlad ligg lagra opp langs husveggen til høgre. Ei kone henger opp eller tar ned klessvasken.

Vurdering av fotografi:

Hovudmotivet for biletet er byggearbeidet som føregår i gardsrommet mellom rekkehusa i Murgården på Sæbøtangen. Bilete dokumenterer først og fremst framdrifta i byggeprosjektet, og er difor i første omgang å rekne for teknisk dokumentasjon. Det som blir bygd her er matbuer eller jordkjellar for oppbevaring av mat, som bebuarane seinare fekk disponere. Like vesentleg som hovudmotivet er å sjå det som førgår rundt. Nokre av ungene som truleg bur i Murgården, har stilt seg opp for fotografering. Det føregår aktivitet rundt seglskuta. Ei kvinne henge opp eller tar ned klessvasken, det står lagra noko som ser ut som det er ved langs eine veggen. Biletet ser ut til å vere teke ein gråvêrsdag med skodde på fjorden og opp langs fjella. Lysforholda er ikkje dei beste for fotografering. Det som er fokusert er det som er nærmast, det som er i bakgrunnen er noko uklart. Sjølv om ungene ikkje er hovudmotivet i utgangspunktet, er det dei som fangar merksemda. Sjølv om biletet fungerer som teknisk dokumentasjon, har det også eit preg av portrett. Ungane har stilt seg opp for fotografen, om lag slik skikk og bruk tilseier. Dei er ikkje samordna og alle har ikkje fokus på fotografen. Fotografen har truleg lete dei få stille seg opp slik, men han har ikkje brydd seg med å få dei til å stille seg opp å få dei fokusert på fotografen.

Sett med datidas auge er innhaldet i utsnittet noko uryddig. Med dagens auge kan dette meir seiast å vere eit morosamt og levande bilete frå eit arbeidsmiljø. Sjølv om biletet i utgangspunktet er berekna som teknisk dokumentasjon, så er det som skjer rundt kanskje det det vesentlegaste. Ein får eit ørlite glimt inn i dagleglivet på Sæbøtangen, eit særige bumiljø der fleire arbeidarar ved Høyanger Verk og familiane deira budde.